

# **Detaljregulering for industriområde Serklau i Mosterhamn, gnr. 20, bnr. 12, 79 m.fl. Bømlo kommune**

PlanID 202108

Plandokument: 18.11.2025

Konsekvensutgreiing



## Innhald

|          |                                                                                |            |
|----------|--------------------------------------------------------------------------------|------------|
| <b>1</b> | <b>INNLEIING OG METODE .....</b>                                               | <b>3</b>   |
| 1.1      | METODE .....                                                                   | 3          |
| 1.1.1    | Kunnskapsgrunnlag og usikkerheit .....                                         | 4          |
| 1.2      | ALTERNATIV SOM SKAL UTGREIAST .....                                            | 4          |
| 1.2.1    | Alternativ lokalisering utanfor planområdet .....                              | 4          |
| 1.2.2    | Forhold til 0-alternativet i konsekvensutgreiinga .....                        | 7          |
| 1.2.3    | Planalternativ.....                                                            | 7          |
| <b>2</b> | <b>KONSEKVENsutGREIING LANDSKAP .....</b>                                      | <b>11</b>  |
| 2.1.1    | Verdi.....                                                                     | 15         |
| 2.1.2    | Verknad av tiltaka .....                                                       | 20         |
| 2.1.3    | Avbøtande tiltak .....                                                         | 28         |
| 2.1.4    | Konsekvens.....                                                                | 28         |
| 2.1.5    | Usikkerheit .....                                                              | 30         |
| <b>3</b> | <b>KONSEKVENsutGREIING KULTURMINNE OG KULTURMILJØ.....</b>                     | <b>31</b>  |
| 3.1.1    | Verdi.....                                                                     | 34         |
| 3.1.2    | Verknad av tiltaka .....                                                       | 44         |
| 3.1.3    | Avbøtande tiltak .....                                                         | 47         |
| 3.1.4    | Konsekvens.....                                                                | 48         |
| 3.1.5    | Usikkerheit .....                                                              | 49         |
| <b>4</b> | <b>KONSEKVENsutGREIING MARINT NATURMANGFALD OG MARINE NATURRESSURSAR .....</b> | <b>50</b>  |
| 4.1.1    | Avbøtande tiltak .....                                                         | 56         |
| <b>5</b> | <b>KONSEKVENsutGREIING NATURMANGFALD PÅ LAND .....</b>                         | <b>57</b>  |
| 5.1.1    | Utgreiingsområdet.....                                                         | 57         |
| 5.1.2    | Verdi.....                                                                     | 58         |
| 5.1.3    | Verknad av tiltaka .....                                                       | 77         |
| 5.1.4    | Avbøtande tiltak .....                                                         | 83         |
| 5.1.5    | Konsekvens.....                                                                | 84         |
| 5.1.6    | Usikkerheit .....                                                              | 86         |
| <b>6</b> | <b>KONSEKVENsutGREIING STRANDSONE.....</b>                                     | <b>87</b>  |
| 6.1.1    | Verdi – strandsone .....                                                       | 88         |
| 6.1.2    | Verknad av tiltaka - strandsone .....                                          | 95         |
| 6.1.3    | Overordna føringar for strandsone .....                                        | 95         |
| 6.1.4    | Avbøtande tiltak .....                                                         | 97         |
| <b>7</b> | <b>KONSEKVENsutGREIING FRILUFTSLIV, INKLUDERT BARN OG UNGE .....</b>           | <b>98</b>  |
| 7.1.1    | Verdi – friluftsliv .....                                                      | 99         |
| 7.1.2    | Verknad av tiltaka – friluftsliv .....                                         | 104        |
| 7.1.3    | Avbøtande tiltak .....                                                         | 108        |
| 7.1.4    | Konsekvens.....                                                                | 108        |
| 7.1.5    | Usikkerheit .....                                                              | 109        |
| <b>8</b> | <b>KONSEKVENsutGREIING NATURRESSURSAR .....</b>                                | <b>110</b> |
| 8.1.1    | Verdi.....                                                                     | 110        |
| 8.1.2    | Verknad .....                                                                  | 115        |
| 8.1.3    | Avbøtande tiltak .....                                                         | 116        |
| 8.1.4    | Konsekvens.....                                                                | 117        |
| 8.1.5    | Usikkerheit .....                                                              | 118        |
| <b>9</b> | <b>KONSEKVENsutGREIING TILKOMST OG TRAFIKK .....</b>                           | <b>119</b> |

|           |                                                                                                                                                                                                                  |            |
|-----------|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|------------|
| 9.1.1     | <i>Planalternativet</i>                                                                                                                                                                                          | 119        |
| 9.1.2     | <i>Dagens situasjon</i>                                                                                                                                                                                          | 120        |
| 9.1.3     | <i>Vegløysingar i planområdet</i>                                                                                                                                                                                | 121        |
| 9.1.4     | <i>Rekkefølgekrav set føringar for at før det vert gjeve ferdigattest for tiltak innanfor NÆ1-6 skal det liggja føre ferdigattest for regulert fortau (o_FO1-4) som vist i plankartet. Forventa trafikkmengd</i> | 121        |
| 9.1.5     | <i>Avbøtande tiltak</i>                                                                                                                                                                                          | 126        |
| 9.1.6     | <i>Konsekvens og konklusjon</i>                                                                                                                                                                                  | 126        |
| 9.1.7     | <i>Usikkerheit</i>                                                                                                                                                                                               | 127        |
| <b>10</b> | <b>KONSEKVENsutGREIING FARLEI OG FERDSEL PÅ SJØ</b>                                                                                                                                                              | <b>128</b> |
| 10.1.1    | <i>Planalternativet</i>                                                                                                                                                                                          | 128        |
| 10.1.2    | <i>Verdivurdering</i>                                                                                                                                                                                            | 128        |
| 10.1.3    | <i>Verknad av tiltaka</i>                                                                                                                                                                                        | 133        |
| 10.1.4    | <i>Avbøtande tiltak</i>                                                                                                                                                                                          | 134        |
| 10.1.5    | <i>Konsekvens og konklusjon</i>                                                                                                                                                                                  | 134        |
| 10.1.6    | <i>Usikkerheit</i>                                                                                                                                                                                               | 135        |
| <b>11</b> | <b>KONSEKVENsutGREIING NÆRINGSutVIKLING</b>                                                                                                                                                                      | <b>136</b> |
| 11.1.1    | <i>Alternativ A, alternativ B og nullalternativet</i>                                                                                                                                                            | 136        |
| 11.1.2    | <i>Bakgrunn</i>                                                                                                                                                                                                  | 136        |
| 11.1.3    | <i>Konsekvens</i>                                                                                                                                                                                                | 139        |
| 11.1.4    | <i>Konklusjon</i>                                                                                                                                                                                                | 139        |
| <b>12</b> | <b>OPPSUMMERING KONSEKVENsutGREIING</b>                                                                                                                                                                          | <b>140</b> |

## 1 Innleiing og metode

Planprogrammet har definert tema for konsekvensutgreiinga. Det er gjort ei vurdering av temaa som vart skissert i planprogrammet. Nokre av desse temaa er slått saman, og nokre vurderingar er flytta til kapitlet om verknader i planomtalen, eller til ROS-analysen. Alle tema som er nemnd i planprogrammet er såleis vurdert i planframlegget. Følgjande tema vert konsekvensutgreidd i planen:

- Landskap
- Kulturminne og kulturmiljø
- Marint naturmangfald og marine naturressursar
- Naturmangfald på land
- Strandsone
- Friluftsliv, inkludert barn og unge
- Naturressursar
- Tilkomst og trafikk
- Farlei og ferdsel på sjø
- Næringsutvikling

Andre aktuelle tema som ikkje er omtala i konsekvensutgreiinga er vurdert i planomtalen. ROS-analyse er ikkje ein del av konsekvensutgreiinga, men ligg også i planomtalen.

Alle temaa, med unntak av marint naturmangfald og marine naturressursar er samla i denne rapporten. Når det gjeld skildring av dagens situasjon i planområdet, og skildring av planframlegget, med føremål, valde løysingar, avbøtande tiltak etc. vert det vist til planomtalen, samt plankart og føresegner til planframlegget. Ein del av det som er mest relevant i planframlegget for dei enkelte deltemaa er gjengitt under kvart delkapittel i konsekvensutgreiinga. For å få det heile biletet må ein likevel lesa dokumenta i samanheng.

### 1.1 Metode

For å kunne analysere fordelar og ulemper av eit tiltak er det nødvendig å vite kva konsekvensar tiltaket gir. Ein føresetnad for konsekvensanalysar er at samanhengar mellom årsak og verknad kan klarleggast. Gjennom kunnskap om desse samanhengane kan konsekvensane av eit tiltak eller ein plan synleggjerast. Konsekvensutgreiinga er utforma i eit eige dokument/vedlegg til saka og oppsummeringa er innarbeidd i planomtalen. Føremålet med konsekvensutgreiinga er å syna konsekvensane planframlegget vil ha på dei ulike definerte utgreiingstema.

Konsekvensvurderinga er sluttproduktet av ein gjennomgang, der konsekvens er resultatet av vurdering av utgreiingstemaet sin verdi i forhold til tiltaket sitt omfang. Ei konsekvensutgreiing må basere seg på fagleg skjønn, subjektive vurderingar og på grunnlag av objektive kriterium. Dette gjeld både fastsetting av områdets verdi, tiltaket sitt omfang og verknadane av dette i det råka området og ved vurdering av konsekvens. Konsekvensutgreiinga har, så langt det er hensiktsmessig, basert seg på metodikken i Miljødirektoratet sin rettleiar M-1941 (2023). Miljødirektoratet sin rettleiar M-1941 er nytta for å vurdere planframlegget for tema naturmangfald, landskap, kulturminne og kulturmiljø og friluftsliv. For dei andre tema som rettleiaren ikkje omfattar, er metodikken tilpassa til det enkelte fagtema. Det er nemnd under kvart delkapittel kva for metode som er nytta.

For enkelte utgreiingstema er det hensiktsmessig at konsekvensutgreiinga skil mellom konsekvens for tiltaksområdet og konsekvens for influensområde. Tiltaksområdet famnar om alle område som blir påverka direkte ved gjennomføring av planlagde tiltak. Influensområdet omfattar areal og område rundt tiltaksområdet, der tiltaket kan tenkast å påverke verdiane som vert utgreidd. Ut frå ei samla vurdering av mellom anna funksjon, kvalitet, kvantitet, viktigheit og omfang er konsekvensen av tiltaket analysert. Viser til rettleiaren M-1941 for

skildring av dei ulike stega og definisjonar av verdi, verknad, konsekvens og konsekvensgrad. Hovudstega i utgreiinga er:

- 1) Kartfesting og verdisetting av delområde
- 2) Vurdere verknad for delområda
- 3) Vurdere avbøtande tiltak
- 4) Vurdere konsekvensgrad for delområda med grunnlag i konsekvensvifta og ei samanstilling for fagtemaet.

#### 1.1.1 Kunnskapsgrunnlag og usikkerheit

Det må i kvart enkelt prosjekt vurderast kva som er tilstrekkeleg kunnskapsnivå for å sikre eit godt nok grunnlag for avgjerder. Kunnskapsnivået må stå i høve til sannsyn for og alvorsgraden av endringane. Konsekvensutgreiinga er basert på eksisterande kunnskapsgrunnlag i tillegg til nye kartleggingar knytt til naturmangfald i sjø og kartlegging av kulturminne. Informasjon om analysar og utgreiingar knytt til planarbeidet er lista opp punktvis her under. Utover desse spesifikke rapportane er dei ulike tema utgreidd med grunnlag i tilgjengeleg informasjon frå offentlege databasar og rapportar, samt ABO sine egne synfaringar.

Følgjande undersøkingar og rapportar er utarbeidd som kunnskapsgrunnlag i KU;

- Kartlegging av kulturminne, Vestland fylkeskommune. Kulturhistoriske registreringer, rapport 74 - 2022
- Detaljregulering av Serklau industriområde, Bømlo kommune. Konsekvensutredning av marint naturmangfold og naturressurser. Rådgivende biologer, mars 2025
- Risikovurdering av forureina sediment. Rådgivende biologer, mars 2025
- Risikovurdering av forureina sediment. Rådgivende biologer, februar 2023
- Snitt og illustrasjonar av mogleg utforming av næringsområda. ABO Plan & Arkitektur.
- Vegteikningar. ABO Plan & Arkitektur.
- VA-rammeplan. ABO Plan & Arkitektur.
- Berekning vegstøy ABO Plan & Arkitektur

Utgreiingane og kartleggingane er utarbeidd av

- Landskap: ABO Plan & Arkitektur AS
- Kulturminne og kulturmiljø: Kartlegging gjennomført av Vestland fylkeskommune, sjå vedlagt rapport. Konsekvensutgreiing er gjennomført av ABO Plan & Arkitektur AS
- Naturmangfald: ABO Plan og Arkitektur AS
- Marint naturmangfald og naturressursar i sjø. Rådgivende Biologer AS
- Strandsone og friluftsliv: ABO Plan & Arkitektur AS
- Naturressursar på land: ABO Plan og Arkitektur AS
- Teknisk infrastruktur: ABO Plan & Arkitektur AS
- Farlei og ferdsel på sjø: ABO Plan og Arkitektur AS
- Næringsutvikling: ABO Plan & Arkitektur AS

## 1.2 Alternativ som skal utgreiast

Konsekvensutgreiingsforskrifta gir m.a. at konsekvensutgreiinga skal gjere greie for dei alternativa til lokalisering som er vurdert, og ei utgreiing av relevante og realistiske alternativ. Dette er òg i tråd med kapittel 10.3 i Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen som gir at alternative plasseringar bør vurderast og veljast dersom det er mogleg. Tilrådd alternativ skal grunngjevast.

#### 1.2.1 Alternativ lokalisering utanfor planområdet

Konsekvensutgreiingsforskrifta § 19 gir m.a. at konsekvensutgreiinga skal gjere greie for dei alternativa til lokalisering som er vurdert, og ei utgreiing av relevante og realistiske alternativ. Dette er òg i tråd med kapittel

10.3 i Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen som gir at alternative plasseringar bør vurderast og veljast dersom det er mogeleg.

Bakgrunnen for oppstart av planarbeidet var å oppdatere eksisterande reguleringsplan i området. Denne er frå 1987 og manglar reguleringsføresegner om utnyttingsgrad, byggehøgde og byggegrenser til sjø. I tillegg er Serklau ein av dei få sjøtilknytte næringsområda som kommunen eig i. Det er fleire aktørar som er interessert i området, men som på grunn av eldre planverk ikkje kjem i gang med prosjekta sine. Kommunen har difor sett det som føremålstenleg å oppdatere planverket slik at det stettar dagens krav, og i tillegg å vera i forkant med planlegginga slik at dei kan tilby byggeklart næringsområde for ny aktivitet i kommunen

Det er allereie etablert fleire verksemdar på Serklau, og det har vore næringsverksemd i området i lengre tid. Det er få område i kommunen som har same gode plassering, med infrastruktur og lokalisering tett på sjøen og med tilgang til skjerma kaiareal/hamneområde. Det er såleis naturleg å nytta tilgrensande område for ei utviding av eksisterande verksemdar. Det føreligg også ein gjeldande reguleringsplan for området, og planområdet for planframlegget går ikkje utanfor denne plangrensa på land. Det er teke med noko meir areal i sjø, mellom anna for å gi høve til å regulere inn opplagsområda som er i bruk i området i dag.

Nærleik til overordna vegsystem, sjøtilknytt næringsareal og kai er sett som premiss for relevante og realistiske alternativ under. Dette då ein ønskjer etablering av næringsareal med behov for kai og store bakareal for å kunne levere hamnetenester, base- og logistikklysingar.

#### Alternativ lokalisering i Bømlo kommune

Kva gjeld «relevante og realistiske alternativ» har ein under greidd ut planavklarte alternative næringsområde i Bømlo kommune. Dette vil seie areal som er avsett til næring/industri i kommuneplanen sin arealdel eller i område-/detaljreguleringsplan. Sjå figur under.

Ein tek ikkje med ferdig utbygde næringsområde, næringsområde som er i ferd med å regulerast for konkrete prosjekt for andre aktørar, eller næringsområde som ikkje ligg til sjø. Sistnemnde ettersom ei etablering av dei planlagde tiltaka i desse områda vil òg medføre ei utviding av næringsområda ut over planavklart situasjon. Følgjande alternative lokaliseringar er vurderte i kommunen:

1. Rubbestadneset: Næringsareal i kommuneplanen, inkludert Langøya.
2. Øklandsvågen: Næringsareal i kommuneplanen, og reguleringsplan. I bruk av Bremnes Seashore
3. Langevåg, fiskerihamna. Næring i kommuneplan og reguleringsplan. Fullt utbygd, innspel om utviding av næringsarealet i samband med rullering av KPA.

Det er vurdert at ingen av desse næringsområda er relevante og realistiske alternativ for alternativ lokalisering i Bømlo kommune, og desse vert dermed ikkje vurderte vidare i planarbeidet. Næringsområdet på Serklau er allereie i bruk av fleire aktørar, og deler av føremålet med planarbeidet er å gje eksisterande verksemdar høve til å utvikle og utnytte sine eigedomar og næringar, ved å oppdatere gjeldande reguleringsplan. Det er såleis mest hensiktsmessig å lokalisere/avgrense planframlegget i dette området.


Dei største aktørane i området i dag, Bremnes Seashore og Scale AQ, er begge verksemdar som er tilknytt akvakulturnæringa. Dei er plassert nær sjøen og med tilgjengeleg kaiareal i dag, og dei treng sjøtilknytt næringsområde i tida framover. Scale AQ har planar om betydeleg utviding av sin aktivitet, og har behov for meir areal, i tilknytning til si eksisterande verksemd. Den planlagde utvidinga/produksjonen på området vil også vera avhengig av ei lokalisering tett på sjøen.

I og med at planframlegget inneber ei vidareutvikling av eit eksisterande næringsområde vil ei alternativ lokalisering innebære at heile verksemda til Scale AQ må flyttast til eit anna område, eller at verksemda må delast opp, og ha deler av drifta på Serklau og deler av drifta ein annan stad. Dette er ikkje vurdert til å vera

eit realistisk alternativ. Næringsområdet på Serklau er etablert og det er vurdert at det er ei betre løysing å vidareutvikla verksemda her i området enn å etablere/introdusere ny næringsverksemd i eit urørt område

#### Alternative lokaliseringar i regionen

I samband med arbeidet med Interkommunal strandsoneplan for Sunnhordland vart det kartlagt og kartfesta regionalt viktige næringsområde ved sjø.



*Figur 1 Utsnitt frå figur som viser regionalt viktige næringsområde ved sjø. Kjelde: Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger.*

Desse områda er peika ut på grunnlag av eit sett utvalskriterier. Dei skal ha god tilkomst frå sjøsida, inkludert god tilknytning til hovudfarlei, og romsleg kaiareal med djupvasskai. Dei skal ha kort tilkomst frå hovudvegnettet og hovudleia langs kysten. Områda skal dessutan ha ei viss «tyngd», det vil seie næringsområde som er store i areal, har eit høgt tal på arbeidsplassar, har høg verdiskaping, eller det skal vera ein næringstype som er spesielt viktig for regionen. Det er i tillegg gjort ei fagleg vurdering av kva rolle næringsområda spelar i ein regional samanheng.

Potensielle område (unnateke dei vurderte ovanfor) der det allereie er næringsetableringar i nærleiken vil såleis vera Sørstokken, Grunnavågen, Tømmervik og Eldøyane næringspark i Stord kommune, Svartasmoget, Kjærelva, Årskog industriområde, Sandvikvåg industriområde og Landa industriområde i Fitjar kommune, Husavik i Austevoll kommune, Tysnes næringspark og Nedrevåge i Tysnes kommune. Det er vurdert at dette ikkje vil vera relevante og realistiske alternativ i og med at næringsområdet på Serklau allereie er i bruk av fleire aktørar, som ønskjer å vidareutvikle sine verksemdar i dette området.

### Serklau (planområdet)

Planområdet på Serklau er allerede i bruk til sjøretta næring. Det er allerede fleire verksemdar som er etablert i området, og som ønskjer moglegheit for utviding og utvikling. Lokaliseringa er god med omsyn til sjø- og hamnetilknytt næring.

### **Konklusjon**

I følgje rettleiar M-1941 skal det skildrast relevante og realistiske alternativ. Det er presisert at i planar og tiltak der det ikkje finst relevante og realistiske alternativ er det berre planen eller tiltaket som vert konsekvensutgreidd og vurdert opp mot nullalternativet. Vurderingane ovanfor syner at det er ingen andre relevante og realistiske eigna næringsområde i aktuelle kommunar i nærleiken eller i kommunen. Deler av føremålet med planarbeidet er å oppdatere gjeldande plan slik at næringsområdet skal kunne nyttast og utviklast vidare, og lokaliseringa er såleis på mange måtar gitt. Planområdet er i bruk til næringsverksemd, og lokaliseringa er god med omsyn til direkte sjøtilkomst og etablerte verksemdar. Med bakgrunn i dette er det vurdert at det ikkje er planalternativ utanfor planområdet.

#### 1.2.2 Forhold til 0-alternativet i konsekvensutgreiinga

Tiltaka i reguleringsplanen skal vurderast opp mot eit 0-alternativ som er ei skildring av den framtidige utviklinga for området dersom reguleringsplanen ikkje vert gjennomført. 0-alternativet er ein målestokk for vurderinga av planen sine forventa konsekvensar.

0-alternativet i denne saka er dagens situasjon og gjeldande kommuneplan og reguleringsplan sine rammer. Gjeldande reguleringsplan manglar reguleringsføresegner om utnyttingsgrad, byggehøgder og byggegrenser til sjø, og dette er dels bakgrunnen for at planen vert oppdatert. Null-alternativet vil såleis i hovudsak omfatte dagens situasjon i området, så høve til vidare utvikling på området er avgrensa på grunn av dei nemnde manglane ved gjeldande plan.

Gjeldande plansituasjon for området er at heile planområdet er sett av til næringsverksemd og føremål til kai. Sjølv om området ikkje kan utviklast vidare på bakgrunn av denne plansituasjonen er det likevel ein del av vurderinga knytt til null-alternativet.

På bakgrunn av dette vil null-alternativet verte skildra to-delt, som «dagens situasjon» og som «dagens plansituasjon».

### Nullalternativet – dagens situasjon


Nullalternativet skal skildre den sannsynlege utviklinga for området utan planframlegget. Det er ikkje kjent at det føreligg andre planar i området som vil kunne verke inn på naturmangfaldet i området. Det er difor vurdert at området vil vera i tilnærma lik tilstand som i dag dersom planframlegget ikkje vert realisert.

### Nullalternativet – dagens plansituasjon

Planområdet er allerede detaljregulert i reguleringsplan frå 1987. Bakgrunnen for planframlegget er både å opne for næringsareal/kai på område utanfor dagens opparbeidde næringsareal/kai, men også å oppdatere plansituasjonen for området slik at planen er i tråd med dagens krav. Dersom planframlegget ikkje vert realisert vil det framleis vera mogleg å utføra mindre tiltak og utvidingar innanfor rammene av gjeldande plan.

#### 1.2.3 Planalternativ

I utgangspunktet var det ønskeleg å utvide næringsområdet på Serklau både austover og vestover. I samband med oppstartsvarsel for området inkluderte såleis planområdet heile området for eksisterande plan, i tillegg til næringsområdet aust for gjeldande plangrense, som inkluderer Prestnes, sjå figur under.




Figur 2 Planområdet som det vart meldt oppstart på i 2022 (ytte stipla linje). Området vist med lys horisontal skravur er eksisterande reguleringsplan R-45 frå 1987. Arealet vist med raud skravur, som inkluderer sjøområda og næringsområdet som ligg i gjeldande kommuneplan på Prestnes viser bandleggingssone H710\_82, Båndlegging for regulering etter pbl.

På bakgrunn av innspel som kom i samband med oppstartsvarsel, resultat frå undersøkingar av marint naturmangfald og kartlegging av kulturminne, samt ei avveging av behov og ressursbruk har kommunen vald å gå for to alternativ som skal konsekvensutgreiast. Ingen av alternativa inkluderer Prestnes og næringsområdet i aust som ligg i gjeldande kommuneplan, men begge alternativa følgjer i hovudsak plangrensa for gjeldande reguleringsplan i den søraustre delen av planområdet. Det er lagt inn meir areal i sjøområda for å sikre plass til lagring/opplag/produksjon av merdar som er aktuelt i dette området. På vestsida av næringsområdet er det eitt alternativ som inkluderer landområda vest for Serklauholmen, og som såleis legg til rette for etablering av kai i dette området, med bakareal. Det andre alternativet medfører ikkje ei vesentleg utviding

vestover. Begge alternativa inkluderer moglegheit for ei utviding av eksisterande næringsareal mot søraust, og ei utfylling av pollen sørvest i området. Ingen av alternativa er i direkte konflikt med dei to kulturminna som er funne i den vestlege delen av området.

Sjå figur under, som viser prinsippskisse/situasjonsplan for dei to alternativa A og B, som det er gjennomført konsekvensutgreiing for.



Figur 3 Prinsippskisse for alternativ A i konsekvensutgreiinga.



Figur 4 Prinsippskisse for alternativ B i konsekvensutgreiinga.

Konsekvensutgreiinga er basert på desse to prinsippkissene/situasjonsplanane. Det er ikkje utarbeidd plankart med føreseigner for begge alternativ. Vurderingane i konsekvensutgreiingane er såleis basert på dei overordna føremålskategoriene næring, LNF-område og opplagsområde, og gir såleis ei noko meir grovmaska inndeling enn sjølve plankartet gjer. Det er likevel vurdert at konsekvensutgreiingane gir eit godt grunnlag for å samanlikna dei to alternativa, og vil gi tilstrekkeleg detaljert informasjon til å vurdere overordna konsekvensar av dei to alternativa, og meir detaljerte vurderingar knytt til planalternativet for dei temaa det er behov for det.

For nokre tema i konsekvensutgreiinga er ikkje begge alternativa vurdert. Dette gjeld for temaa marint naturmangfald og marine naturressursar, tilkomst og trafikk, farlei og ferdsel på sjø og næringsutvikling.

For tema marint naturmangfald og marine naturressursar er det ikkje registrert naturmangfald eller naturressursar i den vestlege delen av planområdet, der dei to alternativa er ulikt utforma. På bakgrunn av dette ville ei inndeling i to alternativ truleg ikkje medført vesentlege ulike utslag i vurderingane av dei to alternativa. For temaa tilkomst og trafikk og farlei og ferdsel på sjø er det vurdert at det vurderingane av konsekvens vil vera relativt lik for dei to alternativa. Sjølv om alternativ A vil gi plangrunnlag for større område som vert sett av til næringsføremål i planen, vil ikkje dette utgjere ein så stor skilnad i påverknad at det vil gi utslag i ei ulik konsekvensvurdering. I utgreiinga om næringsutvikling er det heller ikkje skilt på dei to alternativa, på bakgrunn av at det er vanskeleg å skildre detaljert korleis skilnaden vil vera på dei to alternativa med omsyn til verknader.

## 2 Konsekvensutgreiing landskap

I den europeiske landskapskonvensjonen er landskap definert som ...*et område, slik folk oppfatter det, hvis særpreg er et resultat av påvirkningen fra og samspillet mellom naturlige og/eller menneskelige faktorer.* At eit variert og innholdsrikt landskap har høg verdi har samanheng med ei rekkje forhold, mellom anna stad-kvalitet, bu- og levevilkår, kulturminne/ kulturmiljø, kulturlandskap, friluftsliv og eit stadig viktigare reiseliv.

Planprogrammet gir følgjande for utgreiingstemaet:

*Aurland naturverkstad har utført ei verdivurdering av landskap i Hordaland fylke, med utgangspunkt i Nasjonal referansesystem for landskap. Planområdet er ein del av området Spissøysundet – Otterøysundet. Området er vurdert å inneha middels verdi (verdi 3), som er vanleg førekomande landskap i regional samanheng, og/eller over gjennomsnittet lokalt.*


*Planområdet består dels av etablert industriområde, og dels av urørt strandsone. Store deler av planområdet ligg innanfor 100-metersbelte mot sjø. Det er innsyn til området frå sjøsida i nord, medan det er godt skjult frå lengre avstand i sør som Moster sentrum. Det er ein del busetnad på sørsida av planområdet som vil ha sikt inn på området, Teigland og bustadfeltet Heio. Verknadar for naboar må avklarast i arbeidet.*

*Store deler av området vil bli transformert frå dagens situasjon med urørt naturområde i vest og aust til nytt næringsområde tilrettelagt for sjønære og marine/maritime aktivitetar. Store delar av området vil truleg bli planert ned til kainivå. Planarbeidet må vurdere tilpassing av planerings- og byggehøg, og utforming av uteområda og materialbruk.*

*Landskapet sin karakter og planframlegget sin visuelle påverknad på landskapet skal synleggjerast i konsekvensutgreiinga. Verknadar for naboar/busetnad og nærområde skal skildrast i planframlegget. Dette m.a. ved å illustrere ny utbygging ved hjelp av 3D-illustrasjonar, frå ulike perspektiv.*

Datagrunnlag og kjelder for vurderingane er følgjande:

- Kommuneplan for Bømlo
- Grunnkart som syner busetnad
- Nasjonalt referansesystem for landskap
- Landskapstyper ved kyst og fjord i Hordaland
- Verdivurdering av landskap i Hordaland fylke. Aurland Naturverkstad
- Aurland Naturverkstad, rapport 07-2011
- Snitt og 3D-illustrasjonar ABO Plan & Arkitektur
- Synlegheitsanalyse, ABO Plan & Arkitektur



Figur 5. Oversiktsbilete/flyfoto frå [www.kommunekart.com](http://www.kommunekart.com).

Konsekvensutgreiinga er gjennomført for dei to alternativa A og B. Desse alternativa og nullalternativet er skildra i metodekapittelet.


Når ein har vurdert tiltakets påverknad, har ein lagt til grunn størst mogleg inngrep, maksimal utfylling i sjø og maksimal byggjehøgde for bygg innanfor dei ulike delområda. I det følgjande er påverknaden på dei ulike delområda vurdert. Vi har nytta Tabell 2 Påvirknings-tabell for landskap i kap. 5.6.1 i M-1941 for å vurdere påverknad på dei ulike delområda. Det er berre permanente tiltak som er aktuelt i planforslaget, og som såleis er vurdert her.

Det er gjennomført ein synlegheitsanalyse for å avdekke kva område planområdet er synleg frå. Synlegheitsanalysen er basert på GIS-analyse, der terrengmodell (DTM) er henta frå [hoydedata.no](http://hoydedata.no). DTM-modellen inneheld ikkje vegetasjon eller bygg. Dette er element som vil påverke den faktiske synlegheita. Synlegheitsanalysen viser altså område som *kan* ha direkte innsyn til planområdet. Det er vald å berre nytte terreng, då både bygg og vegetasjon har stor påverknad på synlegheita når dei er til stades. Ei eventuell fjerning av bygg eller vegetasjon vil raskt kunne gje auka grad av synlegheit. Vegetasjon har spesielt mykje å seie når det gjeld vurdering av nærverknader.


Synlegheitsanalysen er gjennomført for ein avstand på 8 km frå planområdet, men influensområdet er avgrensa til ein avstand på om lag 5 km frå planområdet. Dette er gjort på bakgrunn av karakteristikken og topografien i landskapet i området. Planområdet ligg i eit typisk øy- og skjærgårdslandskap, og planområdet ligg relativt skjerma i Vestra Spissøysundet. Sjølv om planområdet kan vera synleg frå lengre avstandar enn 5 km er det vurdert at denne påverknaden vil vera såpass liten at det er vurdert som ikkje relevant.

Dei to planalternativa er relativt like når det gjeld område dei er synlege frå. Desse vil også i stor grad vera samanfallande med dagens situasjon, null-alternativet, då det allereie er bygd ut i stor grad innanfor planområdet.


Det har vore aktivitet på Serklau over lang tid. Historiske flyfoto frå området viser at det allereie i 1969 var vegtilkomst og aktivitet i området (sjå Figur 6 under). På flyfoto frå 2004 er Serklauholmen blitt landfast, og i 2016 er det starta på utfylling i pollen i vest, sjå Figur 7.



Figur 6 Flyfoto frå planområdet, frå 1969 (til venstre) og frå 1987 (til høgre). Kjelde: [www.1881.no](http://www.1881.no)




Figur 7 Flyfoto frå planområdet, frå 2004 (til venstre) og frå 2016 (til høgre). Kjelde: [www.1881.no](http://www.1881.no)



Figur 8 Planområdet og område dette er synleg frå. Grøn farge viser synlegheit for alternativ A, og blå farge viser synlegheit for alternativ B. Avstandar på 1, 3 og 5 km frå planområdet er vist med blå sirkler i kartet.

I dette kapitlet er konsekvensane av 0-alternativet og for to planalternativ vurdert, for planområdet og for influensområdet. Planområdet og influensområdet er avgrensa og synt i figur under. Influensoområdet er avgrensa til ei sone på om lag 5 kilometer avstand frå planområdet, og vidare delområde som innanfor den sona har innsyn til planområdet.



Figur 9 Delområde landskap. Dei tre delområda er skildra i teksten under.

### 2.1.1 Verdi

Planområdet har ingen særskilt interessante landskapstrekk, -rom, -element eller høgdepunkt som gjer at området utpeikar seg i høve til kringliggjande landskap. Planområdet er synleg frå sjø, høgareliggjande område og areal lengre vekk. Influensområdet ligg i hovudsak i Bømlo kommune, men også dels i Stord kommune. Influensområdet er definert til om lag 5 km, i dei områda planområdet er synleg frå. Dette er grunna i at påverknaden er vurdert som ikkje vesentleg utover om lag 5 km avstand. Ut frå dette, samt kva område som har direkte innsyn og såleis påverka av planframlegget, er følgjande aktuelle delområde for utgreiing landskap:

- 1) Delområde 1: NiN LA-K-S-9 – Skjermet indre slakt til småkupert kystslettelandskap
- 2) Delområde 2: NiN LA-K-S-27 – Middels eksponert ytre slakt til småkupert kystslettelandskap
- 3) Delområde 3: LA-M-D – Marine dallandskap

#### Delområde 1: NiN LA-K-S-9 – Skjermet indre småkupert kystslettelandskap

| Forhold ved landskapet                    | Skildring                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                               |
|-------------------------------------------|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| <b>Geologi, landform og vassførekomst</b> | Området ligg nordvest for planområdet, og består av land og sjøareal frå Indre Håvik i nord til Grønåsvågen i sør. Røysundkanalen og vestlege deler av Spissøy er inkludert i området. Området inkluderer kystvassførekomsten Børøfjorden, som er registrert med god økologisk tilstand, og kystvassførekomsten Stokksund, som er registrert med moderat økologisk tilstand. Det ligg nokre mindre vatn nord i området. |


|                                                                   |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                 |
|-------------------------------------------------------------------|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| <b>Romlege forhold og skala</b>                                   | Området består av landområdet frå «fastlands-bømlø» ut mot Moster, samt tilgrensande sjøområde. Røysundkanalen ligg i området. Røysundkanalen er om lag 1,5 km lang, har varierende breidde og er om lag 1,5 meter djup ved lågvatn. Området er registrert som middels kupert, og det er ingen tydelege høgdedrag innanfor området.                                                                                                                                                                                                                                                                                                             |
| <b>Distinkte naturelement og natursamanhengar</b>                 | Deler av området er utbygd, men det er også naturprega område, og relativt mykje strandsone som er definert som tilgjengeleg i eit friluftsperspektiv (ikkje – bygningsnært). Det er enkelt toppar/kollar innanfor området men i hovudsak er området relativt lite særprega. I større skala er Røysundkanalen er eit tydeleg naturelement i området og i mindre skala Prestnes.                                                                                                                                                                                                                                                                 |
| <b>Vegetasjonsdekke og vegetasjonsbruk. Aktive naturprosessar</b> | Området er registrert som ikkje jordbruksdominert, og utan høgt våtmarkspreg. Store deler av området er skogkledd, stort sett med barskog. Terrenget er kupert og delvis med myrdrag. Det er ikkje spesiell vegetasjon med kulturelle eller historiske referansar. Det er ikkje særleg utprega naturprosessar som pregar området i dag.                                                                                                                                                                                                                                                                                                         |
| <b>Arealbruk og preg av busetnad Historie og stadidentitet</b>    | Området er registrert med låg til middels arealbruksintensitet. Det er ein del busetnad i området, i hovudsak bustader. Røysundkanalen er eit viktig element i området med omsyn til stadidentitet. Kanalen har blitt brukt langt tilbake i tid som snarveg, og kanalen vart utbetra på 1800-talet, slik at notbåtane som deltok i vårsildefisket kunne passere. Området er i dag eit populært område for båtutfart. Tidlegare var det etablert badeland og feriesenter i kanalen (Skogbu). Området er no under utvikling/ ombygging, og skal nyttast primært til bustader og fritidsbustader. Det er noko jordbruksaktivitet innanfor området. |
| <b>Landskapskarakter</b>                                          | NiN LA-K-S-9 – Skjermet indre småkupert kystslettelandskap                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                      |

Landskapstypen er skildra som:

*Typen omfatter landskap på den indre delen av kystsletta, ofte på innsiden av større øyer eller i kystslette innover mot fjordene som i større grad er skjermet for bølge- og vindeksponering fra åpent hav. Landområdene har 'innlandsegenskaper' i form av forekomst av vassdrag og økt arealbruksintensitet. Områdene hører til den mer kupert delen av kystsletta med vekslende terreng over og under havnivå. Områdene har lav til middels arealbruksintensitet, fra områder helt uten bebyggelse og infrastruktur til mindre grender, fiskevær, samlinger av fritidsbebyggelse og næringsvirksomhet. Større samferdselsanlegg og flyplasser med større gressarealer kan inngå. Omfanget av bebyggelse, infrastruktur og menneskelig arealbruk samvarierer oftest med eksponering mot vind og bølger fra åpent hav (landskapsgradient indre-ytre kyst).*

Deler av området er registrert med høg verdi (4) i Landskap i Hordaland, deler er registrert med middels verdi (verdi 3), og deler er registrert med verdi 2 – vanleg førekommande landskap.

Området har lokalt ein relativt låg inngrepsgrad, men i større skala er området heller ikkje utprega naturområde. Området er vurdert til å vera naturprega med innslag av menneskeleg aktivitet, busetnad og infrastruktur. Naturvariasjonen er låg i stor skala, men innanfor området er det både skog, sjø, vatn, innmark og myrområde og såleis har området ein stor variasjon.



**Delområde 2: NiN LA-K-S-27 – Moderat bølgeeksponert småkupert kystslette**

| Forhold ved landskapet                                            | Skildring                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                     |
|-------------------------------------------------------------------|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| <b>Geologi, landform og vassførekomst</b>                         | Området består av planområdet, inkludert Austnes, og Spissøy, Nautøy, Føyno og Otterøya med sjøområda rundt. Området inkluderer kystvassførekomsten Stokksund, som er registrert med moderat økologisk tilstand, og kystvassførekomsten Bømlafjorden, som er registrert med god økologisk tilstand.                                                                                                                                                           |
| <b>Romlege forhold og skala</b>                                   | Området består av øyer med nære sjø-/kystområde. Om lag halve delområdet i vest er ein del av Bømlo kommune, mens den austlege delen, med Nautøy, Føyno og Otterøya er ein del av Stord kommune. Øyane dannar eit indre landskapsrom sør for Spissøya og aust for Føyno/Otterøya.                                                                                                                                                                             |
| <b>Distinkte naturelement og natursamanhengar</b>                 | Sjøområdet er i stor grad utan tekniske installasjonar med unntak av merdane som ligg kring planområdet på Serklau, samt bruene som utgjør trekantsambandet mellom Bømlo og Stord kommune.                                                                                                                                                                                                                                                                    |
| <b>Vegetasjonsdekke og vegetasjonsbruk. Aktive naturprosessar</b> | Området er registrert som ikkje jordbruksdominert, og utan høgt våtmarkspreget. Store deler av landområda/øyene er skogkledd. Det er ikkje særleg utprega naturprosessar som pregar området i dag.                                                                                                                                                                                                                                                            |
| <b>Arealbruk og preg av busetnad Historie og stadidentitet</b>    | Området er registrert med låg til middels arealbruksintensitet. Ankringsområdet Serklau ligg i området, mellom Serklau og Spissøy. Området er registrert som <i>strategisk viktige ankringsområde langs hovedleder og bileder, og for anløp av lokale havner</i> . Det er busetnad i deler av området, på Moster, Spissøy og Føyno. Moster gamle kyrkje frå 1100-talet ligg innanfor området. Dette er ein av dei viktigaste stadene i kyrkjhistoria i Noreg. |
| <b>Landskapskarakter</b>                                          | LA-K-S-27 - Moderat bølgeeksponert småkupert kystslette                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                       |

Landskapstypen er skildra som:

*Typen omfatter områder på kystsletta med tilhørende grunne marine områder som ikke er direkte eksponert mot åpent hav. Sammenlignet med områder på ytre kyst, har landområdene i typen større grad har 'innlandsegenskaper' i form av større nedbørfelt, forekomst av vassdrag, økt arealbruksintensitet, m.m. Områdene hører til den mer kupert delen av kystsletta med vekslende terreng over og under havnivå. Områdene har lav til middels arealbruksintensitet, fra områder helt uten bebyggelse og infrastruktur til mindre grender, fiskevær, samlinger av fritidsbebyggelse og næringsvirksomhet. Større samferdselsanlegg og flyplasser med større gressarealer kan inngå. Omfanget av bebyggelse, infrastruktur og menneskelig arealbruk samvarierer oftest med eksponering mot vind og bølger fra åpent hav (landskapsgradient indre-ytre kyst).*

Området er i all hovudsak registrert med middels verdi (verdi 3) i Landskap i Hordaland.

Området har lokalt ein relativt låg inngrepsgrad, men i større skala er området heller ikkje utprega naturområde. Området er vurdert til å vera naturprega, med enkelte område med overvekt av menneskeleg aktivitet, busetnad og infrastruktur. Vegane og brusambanda mellom Bømlo og Stord utgjør eit tydeleg element i området. Sjøen, kystområda og strandsona utgjør relativt store deler av området.




**Delområde 3: LA-M-D – Marint dallandskap**

| Forhold ved landskapet                                             | Skildring                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                         |
|--------------------------------------------------------------------|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| <b>Geologi, landform og vassførekomst</b>                          | Området består av sjøområda mellom Mosterhamn, Spissøy, Nautøy, Føyne og Otterøya, samt sjøområda i Digernessundet mellom Føyne og Digernes/Horneland i Stord kommune.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                            |
| <b>Romlege forhold og skala</b>                                    | Dei to relativt opne sjøområda kring Austrå Spissøysundet/Klasasundet og Digernes-sundet utgjør to klare landskapsrom.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                            |
| <b>Distinkte naturelement og natursamanhengar</b>                  | Området framstår lite særprega i forhold til kringliggande område, då det berre er opne sjøområde, utan tilliggjande strandsone som er inkludert i området.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                       |
| <b>Vegetasjonsdekke og vegetasjonsbruk. Aktive naturprosessar</b>  | Det er naturleg nok ingen vegetasjon i området, og heller ikkje særleg utprega naturprosessar som pregar området i dag.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                           |
| <b>Arealbruk og preg av busetnad<br/>Historie og stadidentitet</b> | Det er busetnad i kringliggande område, men ingen kjente element av historie og stadidentitet innanfor delområdet.<br>Områda er aktivt i bruk som farlei. Bileia <i>Stokksund – Nyleia</i> går gjennom den vestlege delen av området, og bileia <i>Bømlafjorden – Digernessundet</i> går gjennom Digernessundet. Begge bileiene treff hovudleia <i>Langenuen</i> lenger søraust<br>I Digernessundet er det registrert eit riggområde som er klassifisert som <i>(riggområde som er mye brukt, og gjerne godt tilrettelagt med fasiliteter som landstrøm, vann og pullerter)</i> . |
| <b>Landskapskarakter</b>                                           | NiN LA-M-D – Marint dallandskap                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                   |

Området er skildra på følgjande måte:


*Større sammenhengende, langstrakte fordypninger i landskapet som i sin helhet befinner seg under havnivå.*

Området består av opne sjøområde, og det er ingen etablerte tiltak innanfor området. Delområdet er såleis naturprega, med menneskeleg aktivitet, busetnad og infrastruktur i områda rundt. Området har eit relativt lite mangfald, då det består av relativt opne sjøområde, men i nær tilknytning til kyst- og øylandskap. Området er i Landskap i Hordaland i all hovudsak gitt verdi 3, middels verdi.





Figur 10 Innsyn mot planområdet på Serklau frå sørpissen av Spissøy.




Figur 11 Verdikart tema landskap Dei tre delområda er talfesta i kartet. Synlegheit er vist med blå og grøn farge, dei blå strekane viser 1, 3 og 5 km avstand til planområdet. Alle tre delområda har verdi «middels».

### 2.1.2 Verknad av tiltaka

Inngrep og utbygging i planområdet vil gjere området meir synleg enn dagens situasjon. Ei utviding av eksisterande næringsområde vil medføre større arealbeslag, meir omfattande arealbruk og planen vil dels opne for høgare bygg enn dagens situasjon. Innsyn til næringsområdet er i hovudsak frå nord. Innsyn til næringsområdet for areal sør og aust for planområdet er svært avgrensa. Dette er også spegla i influensområdet og delområda som er definert for tema landskap. Det er berre permanente tiltak som er aktuelt i planforslaget, og som såleis er vurdert i konsekvensutgreiinga.

Med det omfanget av inngrep og utbygging som planen legg opp til, vil landskapskarakteren i området verta endra. Det er i tilhøyrande føresegner og plankart lagt føringar på m.a. utnyttingsgrad og byggehøgde, at enkeltområde er regulert til LNF-føremål som tek i vare dagens terreng og skjermar deler av næringsområda. Saman med eksisterande terreng som skal takast vare på er desse føringane med på å dempe nær- og fjernverknaden, samt at nye bygg ikkje vil gi silhuetteffekt. For vurdering av verknad for delområda er det utarbeidd illustrasjonar av mogleg utbygging i planområdet for dei to alternativa. Illustrasjonane gir eit inntrykk av korleis eit ferdig utbygd næringsområde kan sjå ut, men er ikkje juridisk bindande.


Etablering av dokk med høve til framtidig vegframføring austover medfører relativt store terrenginngrep i den søraustlege delen av planområdet, med skjeringar på over 20 meter på det høgaste. Dette vil utgjera eit markant uttrykk, som vil vise igjen i landskapet. Det er planlagt dokk i framkant av skjeringa, og deler av skjeringa vil såleis heller ikkje verte skjerma av bygg. Dette er ein verknad som vil vera lik for dei to alternativa. Verknaden vil likevel vera i hovudsak knytt til nærområda, og verknaden vil ikkje nødvendigvis vera like tydeleg på delområde-nivå, då delområda er store i utstrekning. Skjeringa er godt synleg frå perspektivet som er vist i Figur 15 og Figur 17, men effekten vert likevel noko dempa på grunn av at næringsområdet strekker seg langt framføre skjeringa, og det vil frå dei fleste perspektiv liggje både bygg og kaiareal i framkant av skjeringa. Sjå figuren under, som viser skjeringa, med høgdeprofil.




Figur 12 Planlagt skjering i den søraustlege delen av planområdet, med høgder.

### Verknad av tiltaka – alternativ A

Alternativ A medfører utviding av næringsområde mot sørvest og søraust, og inkluderer i tillegg landområde på vestsida av eksisterande næringsområde. Alternativet legg til rette for kai og næringsareal i bakkant av kaiområdet på vestsida. Dette betyr at næringsområdet vil få eit noko meir markant uttrykk sett frå nord, då næringsarealet i dette alternativet vil utgjera eit breiare felt. Sett frå nordvest eller nordaust vil ikkje dette utgjera ein vesentleg forskjell, då eksisterande næringsareal allereie vil vera tydelege element i framkant eller bakkant av det utvida næringsarealet. Skjeringa som er planlagt i den søraustlege delen av planområdet vil visa godt igjen i landskapet, og er ei vesentleg endring frå dagens situasjon.



*Figur 13 Illustrasjon som viser mogleg utforming av næringsområdet ved alternativ A.*




*Figur 14 Illustrasjon av som viser mogleg utforming av næringsområdet for alternativ A, sett frå nordvest.*



*Figur 15 Illustrasjon av som viser mogleg utforming av næringsområdet for alternativ A, sett frå nordaust.*

#### Verknad av tiltaka – Alternativ B

Alternativ B medfører ei utviding av næringsområdet mot sørvest og søraust, men tar ikkje med landområda på vestsida av Serklauneset. I dette alternativet vert sjøområda i den vestlege delen av planområdet nytta som opplagsområde. Utvidinga i søraust vil vera synleg sett frå nord og nordaust, mens utvidinga mot sørvest i mindre grad vil visa igjen, då dette området ligg relativt skjerma bak eksisterande næringsområde. Skjeringa som er planlagt i den søraustlege delen av planområdet vil visa godt igjen i landskapet, og er ei vesentleg endring frå dagens situasjon. Planområdet med næringsføremål er lite synleg frå sør. I det følgjande er det vist nokre illustrasjonar som viser ei mogleg utforming av næringsområdet for dette alternativet, og korleis landskapsverknaden vil vera frå ulike perspektiv.



*Figur 16 Illustrasjon av mogleg utforming av næringsområdet for alternativ B*



*Figur 17 Illustrasjon av mogleg utforming av næringsområdet for alternativ B, sett frå nordaust*



*Figur 18 Illustrasjon av mogleg utforming av næringsområdet for alternativ B, sett frå turvegen mot Prestnes*



*Figur 19 Illustrasjon av mogleg utforming av næringsområdet for alternativ B, sett frå nordvest*



*Figur 20 Illustrasjon av mogleg utforming av næringsområdet sett frå tilkomstvegen. Illustrasjonen vil vera relevant for både alternativ A og alternativ B.*



Figur 21 Illustrasjon av mogleg utforming av næringsområdet sett frå bustadfeltet Heio. Illustrasjonen vil vera relevant for både alternativ A og alternativ B.

### **Verknad av tiltaka på delområda**

#### Delområde 1: NiN LA-K-S-9 – Skjernet indre småkupert kystslettelandskap

Delområdet ligg nordvest for planområdet. Planområdet vil vera synleg frå dette området, men for store deler av området vil det framstå som noko skjerna bak Langnes, som ligg like vest for planområdet. Tiltak knytt til eksisterande næringsverksemd innanfor og like utanfor plangrensa, samt skjeringa av Langnes vil såleis avgrensa verknaden noko. Planframlegget sin verknad frå område med busetnad, kring Naustbakken, er avgrensa, sjå foto under.



Figur 22 Utsikt mot planområdet frå Naustbakken.

Planframlegget vil medføre noko forringing av kvalitet knytt til heilskap og struktur. Det vil verta eit større næringsområde enn dagens situasjon, som medverkar til endring i negativ retning med omsyn til landskapsverknadar, og tiltaka vil vera dominant i lokal skala. I ein større skala er dei nye næringsområda/utvidingane dels skjerma ved at nye og større tiltak er lokalisert i hovudsak i bakkant av eksisterande område, og ligg relativt lågt i terrenget. Det er likevel snakk om store bygg og store terrengendringar. I den søraustlege delen av planområdet vil det verta ei ny skjering på over 20 meter, noko som vil visa igjen i landskapet. Deler av bygningsmassen vil kunne dekke dei høge skjeringane. Dagens kuperte naturområde vert endra til eit monotont næringsområde med større bygde flater.

I dette delområdet vil det ikkje vera vesentleg forskjell på dei to alternative med omsyn på påverknad, då den vestlege delen av planområdet, som skil dei to alternativa, i stor grad vil vera skjerma bak Langnes, og tiltaka i dette området vil såleis ikkje framstå som tydelege i landskapet.

Planframlegget ha ein negativ samla påverknad for landskap i delområde 1, og samla er delområdet vurdert til noko forringa verknad med utgangspunkt i at planframlegget opnar for større næringsareal i urørt naturområde som endrar den visuelle situasjonen i området.

I tabellen under er vurderingane av påverknad knytt til landskap for delområde 1 for dei to alternativa oppsummert.

| Deltema                      | Alternativ A       | Alternativ B       |
|------------------------------|--------------------|--------------------|
| <b>Synlighet</b>             | Noko forringa      | Noko forringa      |
| <b>Fragmentering</b>         | Ubetydeleg endring | Ubetydeleg endring |
| <b>Skala</b>                 | Noko forringa      | Noko forringa      |
| <b>Formgiving</b>            | Noko forringa      | Noko forringa      |
| <b>Tilhørighet/identitet</b> | Noko forringa      | Noko forringa      |

#### Alternativ A – delområde 1



#### Alternativ B – delområde 1



#### Delområde 2: NiN LA-K-S-27 – Moderat bølgeeksponert småkupert kystslette

Delområdet omfattar planområdet, og kringliggande/tilgrensande område i sør, aust, vest og nord. Delområdet fortset nordover og inkluderer Spissøy nord for planområdet, og Nautøy, Føyne og Otterøya nordaust for planområdet. Dette er det delområdet som er tettast på planområdet, og der verknadane vil vera størst, naturleg nok. For deler av delområdet er det ikkje noko skjering mot næringsområdet.

Planframlegget ligg innanfor delområde 2, og tiltaka vil såleis vera synleg frå store deler av dette delområdet. Store deler av delområdet er sjøområde, som ikkje er utbygd. Det er noko busetnad langs sjø der deler av desse kan få innsyn til hamn- og næringsområdet. Planframlegget vil medføre auka synlegheit, men vil ikkje nødvendigvis bryte med nærliggjande omgjenvad, då det ligg tilgrensande eksisterande utbygd næringsområde på Serklau. Skjeringa som er planlagt i den søraustlege delen av planområdet vil visa godt

igjen i landskapet, og er ei vesentleg endring frå dagens situasjon. Frå ein del perspektiv vil utvidinga av næringsområdet i søraust verte skjult bak eksisterande næringsområde.

Når det gjeld utvidinga vestover, alternativ A, vil dette vera relativt synleg, og vise tydeleg igjen i landskapet, då det i dag ikkje er tiltak i dette området. Tilgrensande sjøområde vert i dag nytta som opplagsområde for merdar og utstyr knytt til akvakultur.

Planframlegget vil medføre at næringsområdet på Serklau får eit meir dominerande uttrykk i lokal skala, og næringsområdet vil verte større i utstrekning og dermed vera meir synleg, også frå større avstandar.

I tabellen under er vurderingane av påverknad knytt til landskap for delområde 2 for dei to alternativa oppsummert.

|                              | <b>Alternativ A</b> | <b>Alternativ B</b> |
|------------------------------|---------------------|---------------------|
| <b>Synlighet</b>             | Forringa            | Noko forringa       |
| <b>Fragmentering</b>         | Forringa            | Noko forringa       |
| <b>Skala</b>                 | Forringa            | Noko forringa       |
| <b>Formgivning</b>           | Forringa            | Noko forringa       |
| <b>Tilhørighet/identitet</b> | Forringa            | Noko forringa       |

#### Alternativ A – delområde 2



#### Alternativ B – delområde 2



#### Delområde 3: LA-M-D – Marine dallandskap

Delområdet omfattar sjøområda nordaust for planområdet. I deler av delområdet er planområdet godt synleg, utan nokon form for skjering mot tiltaket/næringsområdet. Skjeringa som er planlagt i den søraustlege delen av planområdet vil visa godt igjen i landskapet, og er ei vesentleg endring frå dagens situasjon.

I dette delområdet vil det ikkje vera vesentleg forskjell på dei to alternative med omsyn på påverknad, då den vestlege delen av planområdet, som skil dei to alternativa, i stor grad vil vera skjerma bak eksisterande næringsområde på Serklauholmen. Eventuelle nye tiltak i den vestlege delen av planområdet vil såleis ikkje ikkje framstå som tydelege i landskapet.

Næringsområdet er synleg frå store deler av delområde 3, men det er relativt lang avstand frå delområdet til plangrensa, i overkant av 600 meter. Delområdet består av sjøområde, og det er ingen busetnad innanfor området. Deler av det utvida næringsområdet vil verte skjult bak Prestnes frå deler av delområdet. Frå dette perspektivet vil også alternativ A (utvidinga vestover) verte skjult bak eksisterande næringsområde. Det er såleis relativt liten forskjell på dei to alternativa for dette delområdet.

I tabellen under er vurderingane av påverknad knytt til landskap for delområde 3 for dei to alternativa oppsummert.

|                              | <b>Alternativ A</b> | <b>Alternativ B</b> |
|------------------------------|---------------------|---------------------|
| <b>Synlighet</b>             | Noko forringa       | Noko forringa       |
| <b>Fragmentering</b>         | Noko forringa       | Noko forringa       |
| <b>Skala</b>                 | Noko forringa       | Noko forringa       |
| <b>Formgivning</b>           | Noko forringa       | Noko forringa       |
| <b>Tilhørighet/identitet</b> | Noko forringa       | Noko forringa       |

#### Alternativ A – delområde 3



#### Alternativ B – delområde 3



#### 2.1.3 Avbøtande tiltak


For reguleringsplanen er alternative utbyggingsareal ikkje relevant, sjå tidlegare kapitel. Det er ila. prosessen sett på fleire alternativ å regulere planområdet, som t.d. byggehøgde, planeringshøgde og vegutforming, men også utstrekning av planområdet. Innleiingsvis, og til oppstartsvarselet var heile Prestnes inkludert i planområdet. Ei utbygging som inkluderte Prestnes ville medført ei vesentleg utviding av eksisterande næringsområdet, og ville medført konsekvensar som var vesentleg meir negative for ei rekkje tema, inkludert for landskap. Alternativet med Prestnes vart tatt ut etter ei innleiande vurdering, både av merknadar til oppstartsvarsel, samt av registreringar og av behovsvurdering.

Planframlegget er ei utviding av eksisterande utbygde næringsområde. Dette medfører at ein tar i bruk område som i dag er naturområde til næring, og deler av desse areala er i strandsona. Ut frå planlegging av området, og at det er ein føresetnad med nærleik til sjø og kaiareal, er avbøtande tiltak for å avgrense negative verknadar få. Plankart og føreseigner sett krav som medfører eit dempa inntrykk og verknad av planforslaget, desse er:

- LNF-føremål i område som fungerer som ei buffersone mot kringliggande areal i deler av planområdet.
- Utnyttingsgrad mellom 60-70% BYA og større bygningsvolum, over 2500 m<sup>2</sup> skal brytast opp
- Det skal ikkje nyttast skinande/ reflekterande materiale, med unntak av vindauge og/ eller ev. solceller
- Skjeringar skal plantast til med klatreplanter for å minske landskapsverknadane av skjeringa.
- Fyllingar og andre terrenginngrep, inkl. sideareal, skal plantast til med vegetasjon naturleg for området.
- Rekkefølgekrav om at før det vert gjeve løyve til igangsetting av grunnarbeid innanfor ubygde delar av NÆ2 skal det utarbeidast ein landskapsplan som viser korleis området best mogleg kan tilpassast attverande topografi i området.

#### 2.1.4 Konsekvens

Konsekvensen for dei ulike delområda og alternativa er vist i konsekvensvifta under. For delområde 1 og 3 er konsekvensen vurdert likt for dei to alternativa, mens for delområde 2 er konsekvensen vurdert ulikt. Delområde 2 er på bakgrunn av dette vist som 2A og 2B i figuren under.



Figur 23 Konsekvensvifte der delområda er plassert ut frå vurdering av verdi og påverknad i tidlegare kapitel.

#### Forholdet til 0-alternativet:

Planområdet på land overlappar i stor grad med eksisterande reguleringsplan for området (R-45 frå 1987), som viser heile arealet som industri og kaianlegg. Eksisterande plansituasjon opnar såleis for industri på eit vesentleg større areal enn det både alternativ A og alternativ B gjer. Bakgrunnen for oppstart av ny reguleringsplan for Serklau-området er likevel at gjeldande plan manglar føresegnar om utnyttingsgrad, byggehøgde og byggegrenser til sjø, og planen stettar såleis ikkje dagens krav. Når det gjeld plansituasjonen er 0-alternativet på bakgrunn av dette i realiteten at det er svært avgrensa kva meir som kan byggast i området. 0-alternativet vil dermed vera dagens situasjon i planområdet, med dei tiltaka som er etablert i området i dag. Samla vurdering av konsekvens for delområda dersom ein legg til grunn dagens situasjon er såleis ubetydeleg endring/konsekvens

#### Forholdet til planalternativa

| Delområder      | Alt A                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                            | Alt B                  |
|-----------------|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|------------------------|
| Delområde 1     | Noko konsekvens                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                  | Noko konsekvens        |
| Delområde 2     | Middels konsekvens                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                               | Noko konsekvens        |
| Delområde 3     | Noko konsekvens                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                  | Noko konsekvens        |
| Samla vurdering | <b>Middels konsekvens</b>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                        | <b>Noko konsekvens</b> |
| Samla verknader | Næringsområdet på Serklau har vore i bruk i lang tid til ulike næringar og menneskeleg aktivitet, og landskapet i området er allereie vesentleg endra samanlikna med ein situasjon med urørt natur. Det har vore ei gradvis nedbygging av natur i området, både på land og i sjø, og området er allereie relativt sterkt påverka av denne aktiviteten. Vidare utviding av næringsområdet vil medføre ytterlegare arealbeslag, og endra verknader for landskapet i området. Begge alternativa vil medføre negativ |                        |

|                                              |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                        |
|----------------------------------------------|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
|                                              | landskapskonsekvens i området, men konsekvensane er klart meir negative ved alternativ A enn ved alternativ B.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                         |
| <b>Grunngjeving for samla konsekvensgrad</b> | <p>Delområde 1 og 3 er noko negativt påverka av planframlegget, og alternativ A og B er vektta likt. For delområde 2 er påverknaden vurdert til å vera middels negativ for alternativ A, og noko negativ for alternativ B. For delområde 2 medfører planframlegget direkte arealkonflikt, sidan planområdet ligg innanfor området. Alle delområda har middels verdi, og med påverknadsgrad noko forringa eller forringa. Det er ikkje kjent at det er planlagt andre tiltak i nærområdet, slik at framtidig påverknad er avgrensa til planframlegget.</p> <p>Konsekvensgrad er sett til middels negativ for alternativ A med bakgrunn i at høgste konsekvensgrad er middels negativ. For alternativ B er konsekvensgraden sett til noko negativ, då alle delområda har same konsekvensgrad for dette alternativet.</p> |

#### 2.1.5 Usikkerheit

Det er usikkerheit kring korleis planområdet blir bygd ut, kva type verksemdar som vert etablert i området, og dermed kor mykje bygningar som vert etablert.

### 3 Konsekvensutgreiing kulturminne og kulturmiljø

Temaet omfattar tiltaka sine verknader for kulturminne og kulturmiljø. Kulturminne er spor etter menneskeleg aktivitet i det fysiske miljøet vårt. Kulturmiljø er ei samling av kulturminne eller område kor kulturminne inngår som ein del av ein større samanheng. Kulturminne og kulturmiljø er ein del av grunnlaget for å forstå oss sjølve og samfunnet. Bømlo kommune har ein rik kulturarv. Det er eit nasjonalt ansvar å ta i vare desse ressursane som vitskapleg kjeldemateriale og som varig grunnlag for nolevande og framtidige generasjonar si oppleving, sjølvforståing, trivsel og verksemd.

Det strategiske målet til kulturminneforvaltninga er at mangfaldet av kulturminne og kulturmiljø skal forvaltest og takast i vare som bruksressursar og som grunnlag for oppleving og vidareutvikling av fysiske omgjevnader. Et representativt utval av kulturminne og kulturmiljø skal takast vare på i et langsiktig perspektiv som kunnskapsressursar og som grunnlag for opplevingar.

Ved oppstart av reguleringsplanarbeidet var det ingen registrerte kulturminne innanfor planområdet. I samband med høyring av planprogram og oppstartsvarsel kom det innspel frå fylkeskommunen om behov for arkeologisk registrering i området. Dette vart gjennomført i 2022. Registreringa resulterte i funn av to lokalitetar med automatisk freda kulturminne. Kulturminna består av to steinalderbuplassar som blei påvist i vestre del av planområdet. Det vart i tillegg funne eit flintbit i fjæra på Prestnes under overflateregistrering i området. Dette er eit arkeologisk minne, men det er ikkje freda.

Det er valt å ta inn kulturminne og kulturmiljø som eige utgreiingstema, då det er gjort funn av automatisk freda kulturminne innanfor planområdet etter vedtak av planprogrammet.

Planprogrammet gir følgjande for utgreiingstemaet:

*Det er ingen automatisk freda kulturminne eller SEFRAK-registrerte bygningar i planområdet. Det ligg nokre kulturminne og SEFRAK-registrerte bygg i områda kring planområdet. Eventuell verknad for desse kulturminna og bygga av planframlegget vil vera ein del av konsekvensutgreiinga.*

*Det skal gjennomførast arkeologisk registrering i planområdet sommaren 2022.*


I dette kapitelet har ein vurdert konsekvensane av 0-alternativet og for dei to alternativa, for planområdet og for influensområdet. Influensområdet er avgrensa til ei sone på 3 kilometer avstand frå planområdet, og vidare delområde/kjente registreringar som innanfor den sona har innsyn til planområdet.

Datagrunnlag og kjelder for vurderingane er følgjande:

- Kjente registreringar i offentleg database, Askeladden.ra
- Kjente registreringar i offentleg database om SEFRAK-bygningar
- Synlegheitsanalyse, ABO Plan & Arkitektur
- Kulturhistoriske registreringar, Vestland fylkeskommune, 2023

Med utgangspunkt i Vestland fylkeskommune si synfaring i området er kunnskapsgrunnlaget vurdert til å vera relativt godt for området. Usikkerheita knytt til ukjente kulturminne eller nyare tids kulturminne er relativt lågt, men sikra gjennom føresegner.

Dei to kulturminnelokalitetane som vart funne i den vestlege delen av planområdet er registrert i Riksantikvaren sin kulturminnedatabase «Askeladden» med id. nr. 295576 og 295969, og er automatisk freda i medhald av lov om kulturminne av 9. juni 1978 nr. 50 (kml) § 4, første ledd. Lokalitetane med 5 m kringliggjande sikringssone er bandlagt areal etter kml. §§ 4 og 6, og må sikrast godt vern i reguleringsplanen både mot direkte inngrep og utilbørleg skjemmande nedbygging av nærområda. Sjå avgrensing av lokalitetane i Figur 24 under.




Figur 24 Avgrensing av dei to automatisk freda kulturminna i den vestre delen av planområdet.

Følgjande tilbakemelding/føringar kom frå Vestland fylkeskommune i samband med oversending av rapport etter den arkeologiske registreringa:

*Automatisk freda kulturminne med 5 m kringliggjande sikringssone fastsett i kml. § 6, skal etter hovudregelen bli vist som omsynssone «d» i plankartet, jf. plan- og bygningslova (pbl.) §§ 11-8 d (bandlegging etter kulturminnelova) og 12-6. Omsynssona krev avmerking med rutenettskravur i samsvar med sosikode H 730, og må bli følgt av reguleringsføresegner som sikrar omsynet til kulturminnet, jf. pbl. §12-7. Omsynssona let seg ikkje kombinere med arealføremål nemnd i pbl. § 12-5 som inneber inngrep.*

*Vi gjer merksam på at sikringssona på 5 m rundt eit automatisk freda kulturminne, ikkje er tilstrekkeleg i ein reguleringsplan for å ivareta kulturminnet og den landskapsmessige konteksten det ligg i. Ei vidare omsynssone «c» for bevaring av kulturmiljøet, jf. pbl. §§ 11-8 c og 12-6, må av den grunn omfatte meir enn lokalitetsavgrensinga. Omsynssona for bevaring av kulturmiljøet kring lokaliteten krev avmerking med skråstilt skravur i samsvar med sosikode H 570, og må bli fylgd av reguleringsføresegner, jf. pbl. §12-7, som sikrar kulturminnet eit framtidig vern mot utilbørleg skjemmaende nedbygging og skadelege tiltak i nærområdet. Omsynssona let seg ikkje kombinere med arealføremål nemnd i pbl. § 12-5 som inneber inngrep.*




Figur 25 Registrerte kulturminne og SEFRAK-registrerte bygg innanfor område som har innsyn til planområdet. Buffer på 1 km og 3 km kring planområdet er vist med grøne sirkelar.

Konsekvensutgreiinga er gjennomført for dei to alternativa A og B. Desse alternativa og nullalternativet er skildra i metodekapittelet.

### 3.1.1 Verdi

Ut frå skildringar av dagens situasjon, og kjente registreringar som ligg i planområdet eller har direkte innsyn og såleis vert påverka av planframlegget, er følgjande aktuelle delområde for utgreiinga kulturminne og kulturmiljø:

| Delområde ID | Namn         |
|--------------|--------------|
| 1            | Spissøy sør  |
| 2            | Naustbakken  |
| 3            | Langnes      |
| 4            | Serklau vest |
| 5            | Serklau sør  |
| 6            | Spissøy vest |



Figur 26 Definerte delområde for kulturminne/kulturmiljø kring planområdet.

Delområde 1 – Spissøy sør består av 13 registrerte automatisk freda kulturminne sør på Spissøy, med innsyn mot planområdet. Området er dels opparbeidd med bord, benker og brygge, sjå foto under.



Figur 27 Foto frå sørspissen av Spissøy, som viser område ved sjøen som er opparbeidd med bord, benker og brygge.

Området består av følgjande automatisk freda kulturminne:

- ID 2975834 - Spissøy - Fetts fk. 8, Gardåkerhaugen – gravminne, jernalder:  
*Frå Per Fett: "Gardåkerhaugen" ligg på ein knaus i tett lauvskog og det er nå ikkje råd å sjå noko. Johs Bøe seier 1921: "Her ser ut til at ligge en kiste like i dagen, saa hvad der formodes at være kantheller, tildels stikker opp. Løse sten over. Retning NO-SV."*
- ID 2975827 – Spissøy – Lok. 9 – buplass, steinalder:  
*Lokaliteten ser ut til å strekka seg 120 meter aust - vest, og vel 50 meter nord - sør. Det er ikkje prøvestukke i hellaren, men den har truleg vore i bruk etter som den ligg kloss i lokaliteten. Kraftige tørrmurar i hellaren syner at den har vore i bruk i nyare tid. I skråninga like bortan for hellaren vart det i dei snudde massane etter kloakkleidningen funne avslag i grønstein og flint. Ut frå plasseringa, mengda funn, stratigrafi og samansetninga på funna ser lokaliteten ut til å vera ein stor buplass. Det er ikkje teke prøvestikk på lokaliteten. Det er grave ei open dreneringsgrøft, og ein kloakkleidning over lokaliteten. I dei oppgrevne massane var det mykje funn i tillegg til at det var ein del funn i profilveggen i grøfta. I dei attgrevne massane etter ei kloakkgroft var det mykje funn i flata. Dette syner at lokaliteten strekk seg eit godt stykke opp i skråninga mot nord. Dette er ein svært stor lokalitet, med kraftige funnførande sand- og gruslag på opp mot 40 cm. Funnssamansetninga og laga syner at lokaliteten har vore i bruk i fleire tidsperiodar.*
- ID 2975826 – Spissøy – Lok. 8 – buplass, steinalder:  
*Flata som lokaliteten ligg på måler om lag 30 meter nord i sør, og vel 20 meter aust i søraust, og dekker såleis ei flate på opp mot 600 kvadratmeter. Topografisk er lokaliteten avgrensa av berg i tre retningar, medan det ligg myr mot nord. Dette gjer at me ut frå topografien og prøvestikka kan anslå buplassen til å vera opp mot 300 kvadratmeter. Ein steingard fylgjer topografien i området og syner såleis avgrensinga av lokaliteten i alle retningar bortsett frå mot nord. Eit heildekkande sand- og gruslag har gjeve god drenering på buplassen. Ut frå plasseringa, mengda funn, stratigrafi og samansetninga på funna ser lokaliteten ut til å vera ein buplass. På heile flata er torva noko om lag 10 cm tjukk (lag 1). Under dette kjem det eit 10 til 20 cm tjukt lag med lys brun til brun sand og*

*humusblanda med noko grus (lag 2). Dette er funnførande lag. Nedst finn me over det meste av lokaliteten brun sand og grus (undergrunn).*

- ID 2975828 – Spissøy – lok. 10 – buplass, steinalder:  
*Flata som lokaliteten ligg på, er om lag 15 meter nord i sør, og 8 meter aust i vest. Topografisk er lokaliteten avgrensa av berg i alle retningar unnateke mot vest kor det er opent ut mot myra. Topografien på staden, saman med prøvestikka, gjer at me kan avgrensa lokaliteten til å vera om lag 60 kvadratmeter i storleik. Ut frå plasseringa, mengda funn, stratigrafi og samansetninga på funna ser lokaliteten ut til å vera ein buplass. Torva er vel 15 cm tjukk (lag 1). Under dette kjem det eit opp til 10 cm tjukt lag med brun til brunsvart humushaldig sand- og gruslag med litt trekol (lag 2). Dette er funnførande lag. Nedst finn me lys brun sand og grus (undergrunn).*
- ID 2975825 – Spissøy – Lok. 7 – buplass, steinalder:  
*Flata som lokaliteten ligg på måler om lag 50 meter nord i sør, og vel 25 meter aust i vest, og gjer ei flate på vel 1000 kvadratmeter. Topografien, saman med prøvestikka gjer at me kan anslå buplassen til å vera opp mot 400 kvadratmeter. Den svakt hellande flata har gjeve god drenering på buplassen ned mot sør, og på heile lokaliteten er det eit sand og gruslag som ein ikkje finn kring lokaliteten. Ut frå plasseringa, mengda funn, stratigrafi og samansetninga på funna ser lokaliteten ut til å vera ein buplass. På flata varierar tjukna på torva noko, men er for det meste kring 15 til 20 cm tjukk (lag 1). Under dette kjem det eit 10 cm tjukt grått til gråbrunt sand- og gruslag som er funnførande (lag 2). I tillegg er det i PS 3 avdekt eit mørkt brunt til svart kolhaldigt sand- og gruslag over dette. Det vart og funne brent skal av hasselnøtt i dette laget. Dette ser ut til å vera restar etter eit bevart kulturlag (lag 4). Nedst finn me over det meste av lokaliteten lys grå til mørk grå sand- og grus (undergrunn).*
- ID 2777109 – Spissøy – Lok.2 – buplass, steinalder:  
*Det er tatt tre prøvestikk på lokaliteten som alle var funnførande. Prøvestikk 1 vart grave ved registreringskurset 1995, medan stikk 2 og 3 vart grave i mars 2000. På flata varierar tjukna på torva noko, men er i for det meste berre 5 cm tjukk (lag 1). Under dette kjem det eit vel 20 cm tjukt lag med brun humushaldig sand- og grusmasse (lag 2). I prøvestikk 2 var det eit heiltrokke kollag (lag 3) i nedre del av lag 2. Trekollaget var 5 cm tjukt. Kva dette trekollaget representerar er vanskeleg å avgjera. Er det ei generell avsviing i området skulle me forventa å finna kollaget igjen i dei andre stikka på lokaliteten, noko vi ikkje gjorde. Dette gjer at me mest truleg kan knyta trekollaget til aktivitet på lokaliteten, og då truleg til ein eldstad. Under dette kom det eit tilsvarande lag som 2. Lag 4 er 10 cm med lys sand og grus som truleg er gammal strand eller sjøbotn. Nedst finn me eit mørkare lag med sand og grus (sterilt). Topografien på staden, saman med prøvestikka, gjer at me kan avgrensa lokaliteten til å vera på ca 50 kvm i storleik. 2018: I følgje fråsegn av 2001, er lok. 2 ein meir tilfeldig funnstad og ikkje ein lokalitet. Oppdatert art og vernestatus.*
- ID 2975820 – Spissøy Lok. 1 - buplass, steinalder:  
*Den svakt hellande flata/myra lokaliteten ligg på er om lag 25 x 25 meter. Kring denne flata er det spreidd småbjørk. Området er i dag tilvaks med gras og lyng, og grunnen er noko fuktig i dette draget. Ut frå plasseringa, mengda funn, stratigrafi og samansetninga på funna ser lokaliteten ut til å vera ein aktivitetsplass, og ikkje ein buplass. Topografien på staden, saman med prøvestikka, gjer at me kan avgrensa lokaliteten til å vera på ca 40 kvm i storleik. Det er i same området, sør på Spissøy, påvist fleire buplassar/aktivitetsplassar frå steinalder. Lagdelinga på lokaliteten er mykje lik over heile flaten. Lagdelinga i dei funnførande prøvestikka er som følgjande: I prøvestikk 1 er det øvst 15 cm med torv. Under denne er det 15 i 20 cm med brun, svært humushaldig sand- og grusmasse. Nedst finn vi raudbrun sand og grus (aur). I prøvestikk 2 er torva på vel 10 cm. Laget under dette er og 20 cm tjukt, og er sett saman av brun, svært humushaldig sand- og grusmasse. Under dette kjem me ned på det som er tolka som gamal marin undergrunn, med finkorna sand. Lagdelinga viser ei tredeling av massen. Funna på lokaliteten er gjort i nedre del av lag to.*

- ID 2975823 – Spissøy Lok. 5 – buplass, steinalder:

Flata som lokaliteten ligg på måler om lag 30 meter nordaust i sørvest, og vel 15 meter nordvest i søraust. Buplassen dekker såleis ei flate på opp mot 500 kvadratmeter. Topografisk er lokaliteten avgrensa av berg i to retningar, medan det ligg myr både på nedsida og oppsida av lokaliteten. retningar, sett vekk i frå mot sør. Den svakt hellande flata har gjeve god drenering på buplassen, og på heile lokaliteten er det eit sand og gruslag som ein ikkje finn kring lokaliteten. Ut frå plasseringa, mengda funn, stratigrafi og samansetninga på funna ser lokaliteten ut til å vera ein buplass. Det er teke 7 prøvestikk på lokaliteten, der 6 var funnførande. Prøvestikk 7 på nedsida av lokaliteten var funntomt, medan det i prøvestikk 4 berre vart funne eit avslag vassrulla flint. Dette stikket er teke i kanten av myra på oppsida av buplassen. Desse stikka avgrensar difor lokaliteten i desse retningane. Ut over det, er lokaliteten avgrensa av berg. Prøvestikk 1 - 6 var funnførande. På flata varierer tjukkeleiken på torva noko, men er for det meste kring 20 cm tjukk (lag 1, lag 1 og 2 i PS 1 og 2). Under dette kjem det eit 10 cm tjukt gråbrunt sand- og gruslag som er funnførande (lag 2 i PS 1, 5 og 6, lag 3 i PS 2 og 3). I tillegg er det i PS 2 og 3 avdekt eit humushaldig sand- og gruslag med mykje trekol og skjørbrunt stein. Det vart og funne brunt skal av hasselnøtt i dette laget. Dette ser ut til å vera restar etter eit bevart kulturlag (lag 4). Nedst finn me over det meste av lokaliteten eit raudbrunt sand- og gruslag (undergrunn). I PS 1 finn me leire nedst.
- ID 2975824 – Spissøy Lok. 6 – buplass, steinalder:

Flata som lokaliteten ligg på måler om lag 15 meter aust i vest, og 8 meter nord i sør. Topografisk er lokaliteten avgrensa av berg i sør og aust, medan den store myra ligg i nord og vest. Topografien på staden, saman med prøvestikka, gjer at me kan avgrensa lokaliteten til å vera om lag 50 kvadratmeter i storleik. Ut frå plasseringa, mengda funn, stratigrafi og samansetninga av funna ser lokaliteten ut til å vera ein aktivitetsplass, og ikkje ein buplass. Aktiviteten kan truleg knytast til buplassen på lok. 5. Det er tatt 4 prøvestikk på lokaliteten, der eitt var funnførande. På flata varierar tjukna på torva noko, men i det funnførande stikket som ligg 5 meter nord for bergveggen er torva 20 cm tjukk (lag 1). Under denne er det 15 i 20 cm med brun humushaldig sand- og grusmasse med ein del større stein som truleg er rasa ut frå bergveggen (lag 2). Nedst finn vi raudbrun sand og grus (aur).
- ID 2975829 – Spissøy Lok. 11 – buplass, steinalder:

Flata som lokaliteten ligg på måler om lag 20 meter nordaust i sørvest, og 8 meter søraust i nordvest. Topografisk er lokaliteten avgrensa av berg i nordvest og søraust. I nordaust fortset draget lengre opp, medan det i sørvest er opent mot eit fuktig myrområde på flata før Kvitlavika. Lokaliteten ser ut til å ha lege på ein gamal strandvoll. Topografien på staden, saman med prøvestikket, gjer at me truleg kan avgrensa lokaliteten til å vera om lag 50 kvadratmeter i storleik. Avgrensinga her er noko usikker fordi me ikkje fekk tid til å ta fleire prøvestikk. Ei stor steinblokk ligg inne på lokaliteten. Ut frå plasseringa, funn og stratigrafi ser lokaliteten ut til å vera ein aktivitetsplass, og ikkje ein buplass. Det er teke 1 prøvestikk på lokaliteten, og dette var funnførande. Torva er 30 cm tjukk (lag 1). Under denne kjem det eit vel 12 cm tjukt lag med mørk brun til svart grus blanda med litt stein (lag 2). Nedst finn me brun sand og nokre steinar (undergrunn).
- ID 2975830 – Spissøy Lok. 12 – gravminne:

Samlinga inneheld tre røysar. Røys 1 ligg lengst V oppe på bergryggen. Røysa måler 10 m A-V og 5 m N-S. Ho er 40 - 50 cm høg. Røysa er bygd av rundkamp og brostein i størrelse 30 cm til stein av mannsloft størrelse. Mogleg restar etter gravkammer i sørøstre del av røysa. Røysa er lyngkledt men stein stikk i dagen fleire stader. Ei lita bjørk står i den nordre kanten av røysa. Røys 2 ligg få meter A for 1. Røysa måler 8 m ANA-VSV og 4 m NNV-SSA. Høgda er ca 40 cm. Røysa er bygd av rundkamp og brostein. Røysa er lyngkledt men det stikk stein i dagen fleire stader. Det veks to samlingar av bjørk i røysa. Rett S for dei to røysane, på ei hylle i berget ligg røys 3. Røysa er langstrakt og ligg langsetter berget som strekk seg Ø-V. Røysa måler 7 m Ø-V og ca 3 m brei. Her veks ein del brake og

*lyng slik at røysa er vanskeleg å avgrense. Formen på røysa kan karakteriserast som uregelmessig. Røysa er bygd av noko rund stein men mest av brotstein. Røysa er delvis mura nær midten. Mogleg rest etter gravkammer eller mura kant i røysa.*

- ID 2975772 – Spissøy – Fetts fk. 9/2-3, Tangen – gravfelt:  
*Samlinga inneheld dei to røysene Fetts fk. 9/2 og 9/3. Røysa Fetts fk. 9/2 ligg 50 m NNO for fk. 9/1 (R003). Røysa måler 5,5 m NO-SV og 4,9 m NV-SO. Ho er omlag 50 cm høg og er lagd opp av blokker, 20 - 60 cm store. Det veks ein del lyng og brake i røysa, særleg i den nordre delen der røysa nesten ikkje er synleg. Røysa Fetts fk. 9/3 ligg 5 m NNO for fk. 9/2. Ho er 5,8 m x 8,2 m, orientert NNO-SSV. Det er eit 1 m vidt krater i midten. Røysa er omlag 50 - 70 cm høg og ho er bygd av 0,1 - 0,6 m store steinar/blokker. Røysa er stort sett naken, men i dei ytre delene veks ein del rogne- og brakebusker.*
- ID 2975750 Spissøy – Fetts fk. 9/1, Tangen:  
*Røysa måler 4,8 m N-S og 3,6 m O-V. Ho er bygd av mykje småstein, 10 - 40 cm store og berre nokre få store blokker. I austre kant av røysa er sett opp ein varde som måler 1,40 x 1,0 m og er omlag 1,0 m høg. I røysa veks ein del brake og lyng og to-tre små lauvtre.*


Delområdet består av 13 automatisk freda kulturminne, som ligg på sørspissen av Spissøy, i området kring Tangen og Kvitlavika. Området er i hovudsak LNF-område i gjeldande kommuneplan. Kulturminna ligg spreidd på neset, og avgrensinga av delområdet er gjort på bakgrunn av avgrensinga av kulturminna og mot sjøen i sør.



Figur 28 Oversikt over kjente kulturminne sør på Spissøy.

Delområdet består av fleire automatisk freda kulturminne som har samanheng med landskapsrom og -miljø. Delområdet er avgrensa med omsyn til lokale terrengformasjonar og gir sikt og tilgang mot sjø. Området ved sjøen er dels opparbeidd med bord, benker og brygge, og ser ut som det vert brukt som samlingsplass. Området kan vera ei god kjelde til kunnskap om og forståing av fortida. Lokaliteten har stor verdi for oppleving, og området er dels tilrettelagt med stiar og informasjonstavler, og nokre av kulturminna er synlege. Det er likevel per i dag ingen kjent bruk av lokaliteten i opplærings-samanheng. Området ligg relativt tilgjengeleg for folk. Typen kulturminne er ikkje unikt for kommunen, regionen eller Noreg. Lokalitetane er ikkje spesifikt verdivurdert i kjente databasar.

Det er vurdert at delområdet har stor verdi, mellom anna på bakgrunn av at det har betydning som kjelde til historia og at området har ein klar, intern kulturhistorisk samanheng og viser ein klar samanheng mellom natur og kultur.



#### Delområde 2 – Naustbakken

Delområde 2 inkluderer område avsett i KPA som omsynssone, bevaring kulturmiljø, verneverdige sjøbruksmiljø. Delområdet omfattar også tre automatisk freda kulturminne, to av desse ligg nord for det registrerte sjøbruksmiljøet, og eitt av dei overlappar dels med dette. Det ligg i tillegg ein funnstad som ikkje er automatisk freda innanfor området.




Figur 29 Foto frå deler av sjøbruksmiljøet ved Naustbakken.

Følgjande registrerte kulturminne ligg innanfor delområdet:

- ID 2855289 – Naustbakken lok. 1 - aktivitetsområde, eldre steinalder:  
*Det vart gjort funn i to prøvestikk, og det vart til saman gjort 9 funn på lokaliteten. Alle funna var avslag av flint. Lokaliteten er 550 m<sup>2</sup> stor, og ligg på 24-26 moh. Det vart ikkje gjort diagnostiske funn, men etter strandlinjekurva for området var denne lokaliteten strandbunden i tida rundt 9000-9200 f.Kr, eldste delen av tidleg mesolitikum. Då lokalitet 1 berre viser spor etter eit kortare opphald, er det imidlertid også mogleg at aktiviteten her er knytt til lokalitet 2 (Askeladden id. 150756), som har ei noko yngre datering. Beskrivelse fra Enkeltminne: Etter strandlinjekurva for området var denne lokaliteten strandbunden i tida rundt 9000-9200 f.Kr, eldste delen av tidleg mesolitikum.*

- ID 2855288 – Naustbakken lok. 2 – boplass, eldre steinalder:  
*Lokaliteten er definert av 12 funnførande prøvestikk, og det vart til saman gjort 52 funn. Funna besto av to flekkefragmenter av flint, eit flekkeliknande avslag av flint, eit avslag av kvarts, og resten var flintavslag. Lokaliteten er 1915 m<sup>2</sup> stor, og ligg på 18-22 moh. Det vart ikkje gjort funn av diagnostisk materiale på lokaliteten, men om ein ser på strandlinjekurva for området så sto havet på denne høgda i perioden 8800-9000 f.Kr., det vil seie tidleg mesolitikum. Beskrivelse fra Enkeltminne: Lokaliteten ligg på 18-22 moh, og om ein ser på strandlinjekurva for området så sto havet på denne høgda i perioden 8800-9000 f.Kr., det vil seie tidleg mesolitikum.*
- ID 2975887 – Naustbakken lok. 3 – aktivitetsområde, eldre steinalder:  
*Lokaliteten er definert av fem funnførande prøvestikk. Det vart til saman gjort 32 funn på lokalitet 3. Funna besto av to mikroflekke av flint, eit kjernefragment, eit flekkeliknande avslag av flint, eit avslag av rhyolitt, eit avslag av kvarts, to bitar av flint, og resten er avslag av flint. Lokaliteten er 1570 m<sup>2</sup> stor, og ligg på 7-15 moh. Funnmaterialet gir eit blanda bilde av kva tid lokaliteten er frå. Den vestre enden av lokaliteten ligg på om lag 15 moh. Her vart mikroflekkene funne, og både funnmaterialet og strandlinekurva viser her ei seinmesolitisk datering. Prøvestikket der rhyolitten vart funne, ligg på 11-12 moh., noko som kan stemme med tidleg neolitikum. Laget som rhyolitten vart funne i var imidlertid omrota. Truleg er lokalitet 3 seinmesolitisk, og har fått yngre materiale som rhyolitt blanda inn gjennom pløying i nyare tid. Beskrivelse fra Enkeltminne: Truleg er lokaliteten seinmesolitisk, og har fått yngre materiale som rhyolitt blanda inn gjennom pløying i nyare tid.*
- ID 129641 – Naustbakken, funnstad 1 (ikkje automatisk freda):  
*Den funnførande flaten er 2320 m<sup>2</sup> stor, besto av 11 funnførande prøvestikk, og ligg på 7-15 moh. Det vart til saman gjort 21 funn. Funna besto av eit flekkefragment av flint, eit flekkeliknande avslag av flint, ein mogleg skrapar av flint, fire avslag av rhyolitt, og resten var bitar og avslag av flint. Det vart funne moderne gjenstandsfragment som raudtegl, glasskår, porselen og jernnaglar i alle prøvestikka på lokaliteten. Utifrå både stratigrafi og funn av moderne gjenstandsmateriale framstår heile den funnførande flaten som sterkt omrota av nyare tids aktivitetar, og massen kan vere påført. Flata er difor definert som funnstad, og er ikkje freda.*

Delområdet omfattar eit sjøbruksmiljø. Det er eitt sefrak-registrert naust (gul kategori) innanfor delområdet, men det kan sjå ut som mykje av det opphavelige sjøbruksmiljøet er endra, og området består i dag i hovudsak av kaiområde og mindre småbåtanlegg. Delområdet er avgrensa med omsyn til registrert sjøbruksmiljø og avgrensing av kulturminnelokalitetar. Sjøbruksmiljøet og dei registrerte kulturminna kan vera ei kjelde til kunnskap om og forståing av historia, og området har noko verdi for oppleving, men det er per i dag ingen spesifikk bruk av lokaliteten i opplæringssamanheng. Typen kulturminne er ikkje unikt for kommunen, regionen eller Noreg. Lokalitetane er ikkje spesifikt verdivurdert i kjente databasar. Det er vurdert at delområdet har noko verdi.



### Delområde 3 – Langnes


Delområdet består av tre automatisk freda kulturminne, som ligg på Langnes, på vestsida av planområdet. Følgjande kulturminne ligg innanfor delområdet:

- ID 48835 Grønås – Fetts fk. 1 Austre Husaklubbvikjo – hustuft, førreformatorisk tid:  
*Tufta er i dag markert av 50-100 cm høge jordvollar. Ho er 9,80 m lang O-V og ca. 9,50 m N-S, rekna frå ytste vollkant. Dei indre måla er 3,80 m N-S og 4 m O-V. Veggvollen er i V ca. 90-100 cm høg, i O*

ca. 50-60 cm. I austre voll er ein ca. 1,20 m brei opning, ca. 30-40 cm djup. Veggene i tufta er svakt konvekse. Tufta ligg i myrlendt område og i tufta er det særleg vått. Det veks mykje brake, lyng og furu saman med gras og mose i og utanfor tufta.

- ID 38771 Grønås – Fetts fk. 2, Gardvikjo – hustuft, førreformatorisk tid:  
*Tufta måler 8 m x 8 m. Innvendig er ho 3,90 m (O-V) og 4,40 m (N-S). Veggvollane er omlag 0,3 m høge. Vollane er kledde med mose og gras og er difor lite synlege. Naken stein er berre å sjå i O. Heile tufta er omvaksen av lyng og brake. Ei furu veks i SO-hjørnet. Ho har mogleg opning i S. Beskrivelse fra Enkeltminne: Tufta ligg på O-sida av Langeset, 4,5 m frå steingarden som strekkjer seg tvers over neset. Ho ligg 26 m frå sjøen (Gardvikjo). Tufta ligg på ei myrflate med berg på kvar side. Her veks ein del furu og stor brake. Frå staden er det utsyn til leia og mot Stord.*
- ID 57327 Grønås – Fetts fk. 3, Vestre Hundavik – hustuft, førreformatorisk tid:  
*Tufta som er markert av kraftige jordvollar, er 8,7 m N-S målt ytst på vollane, og 10 m O-V. Dei indre måla er 4,8 m N-S og 4,5 O-V. I V er vollen ca 1,10 høg, i O ca. 30-50 cm og ca. 30-40 cm i N og S. Det søraustre hjørnet manglar, men det er vanskeleg å tolka dette som ein inngang, då det i austre ende også er ein opning. Tufta har litt bogne vegger og kan synast noko oval. Tufta er tilvaksen med mykje brake og lyng.*

Delområdet omfattar tre automatisk freda kulturminne med areal som har samanheng med landskapsrom og -miljø. Delområdet er avgrensa med omsyn til lokale terrengformasjonar og gir sikt og tilgang mot sjø. Delområdet består av tre hustuffer, og lokalitetane er ei god kjelde til kunnskap om og forståing av førreformatorisk tid. Lokaliteten har noko verdi for oppleving, då tuftene er synleg i terrenget, men det er per i dag ingen bruk av lokaliteten i opplæringssamanheng, og området ligg ikkje lett tilgjengeleg. Typen kulturminne eller bygningsmiljø er ikkje unikt for kommunen, regionen eller Noreg. Lokalitetane er ikkje spesifikt verdivurdert i kjente databasar. Det er vurdert at delområdet har middels verdi.



#### Delområde 4 – Serklau vest

Delområdet omfattar dei to automatisk freda kulturminna som ligg innanfor planområdet, og som vart funne som ein del av den arkeologiske kartlegginga som vart gjennomført i området i 2022. Rapporten frå denne undersøkinga ligg ved planframlegget som eit vedlegg. Dei to kulturminna er steinalderbuplasser, og har følgjande ID og namn:

- ID 2757009 Serklaug 1 – aktivitetsområde, steinalder:  
*Lokaliteten ligg mellom 7-10 moh. i myrlendt beitemark, sørvest for det etablerte industriområdet på Serklau. Lokaliteten er definert av fire funnførande prøvestikk, RH100, AM1, AM2 og HW. Han er avgrensa av funntomme prøvestikk i nord-, aust- og vestleg retning og elles av ein skrånande bergrygg i sørleg retning.*  
*Det vart gjort 7 gjenstandsfunn på lokaliteten, fordelt på dei tre prøvestikka – RH 100, AM1, og HW1. Funna består av flint, bergkrystall og grøntstein (sjå tabell under). Det vart òg registrert eit 4 cm tjukt avsviingslag i prøvestikka AM1, AM2 og HW1.*  
*Dei funnførande prøvestikka på lokaliteten vart mellom 40-50 cm djupe, med torv som var 20-30 cm tjukk. Stratigrafien på lokaliteten er relativt lik.*  
*Prøvestikka AM1, AM2 og HW1 hadde som første lag under torva ein 4 cm tjukk trekolhaldig linse etterfølgd av brun sand og grus. Prøvestikket RH100 hadde som første lag under torva brun sand og grus.*

VP1 og VP2 vart høvesvis teke frå lag 2 i prøvestikka AM1 og AM2. VP2 vart sendt inn til datering fekk datering til overgangen mellom førromersk jernalder og romartid (BP 2030 ±30, kal. BC 107-68 kal. AD). Laget er tolka som eit avsiingslag i tilknytning til eldre dyrking.

Gjenstandane som vart funnen på lokaliteten peikar på aktivitet i eldre steinalder. Dette samsvarar med strandforskyvingskurve for området som viser at lokaliteten sin plassering på 7-10 moh. var tilnærma strandbunden i denne fasen. Strandforskyvingskurven indikerer òg at lokaliteten er transregert og har lege under vatn frå siste del av eldre steinalder (SM) til siste del av yngre steinalder (SN).


- ID 2757023 Serklau 2 – aktivitetsområde, steinalder:

Lokaliteten ligg på ei slakt hellande flate mellom 6-10 moh. i enden av eit lite drag, like vest for det etablerte industriområdet på Serklau. Lokaliteten er definert av 11 funnførande prøvestikk, RH101-103, AM3-8 og HW2-4. Han er avgrensa av funntomme prøvestikk i alle retningar og elles av terreng.

Det vart gjort 76 funn på lokaliteten, fordelt på dei 13 funnførande prøvestikka – RH101-103, AM3-8 og HW2-5. Funna består hovudsakeleg av kjernefragment og avslag av flint, med innslag av grønstein. Dei funnførande prøvestikka på lokaliteten vart mellom 30-60 cm djupe, med torv som var 10-30 cm tjukk. Stratigrafien på lokaliteten er relativt lik. Første lag under torva er grå sand og grus etterfølgt av berg i botn. Alle funna kjemde frå lag 1. Det var jamt over mykje vass-sig og prøvestikka fylte seg fort med vatn. Såleis vart ikkje alle dei funnførande prøvestikka fotografert.


Gjenstandane som vart funnen på lokaliteten peikar på aktivitet i eldre steinalder. Dette samsvarar med strandforskyvingskurve for området som viser at lokaliteten sin plassering på 6-10 moh. var tilnærma strandbunden i denne fasen. Strandforskyvingskurven indikerer òg at lokaliteten er transregert og har lege under vatn frå siste del av eldre steinalder (SM) til siste del av yngre steinalder (SN).

Delområdet omfattar to automatisk freda kulturminne med areal som har samanheng med landskapsrom og -miljø. Delområdet er avgrensa med omsyn til lokale terrengformasjonar og gir sikt og tilgang mot sjø. Nærområdet er dels intakt og består av opphavelig miljø, men tiltaka innanfor planområdet ligg relativt tett på. Lokalitetane kan vera ei god kjelde til kunnskap om og forståing av fortida. Det er per i dag ingen bruk av lokaliteten i opplærings-samanheng og området ligg ikkje lett tilgjengeleg for folk. Typen kulturminne er ikkje unikt for kommunen, regionen eller Noreg. Lokalitetane er ikkje spesifikt verdivurdert i kjente databasar. Det er vurdert at delområdet har middels verdi.



#### Delområde 5 – Serklau sør


Dette delområdet omfattar berre eit SEFRAK-registrert bygg som ligg like utanfor plangrensa i sørvest. Bygget ligg i raud – meldepliktig SEFRAK-kategori, og er registrert som ei løe frå 1800-talet. Bygget ligg om lag 12 meter frå plangrensa.



Figur 30 Løe frå 1800-talet i raud sefrak-kategori, som ligg sørvest for planområdet.

Delområdet består av eitt enkelt bygg, som er sefrak-registrert. Nærområdet er relativt intakt, utover tiltak innanfor planområdet. Bygget ikkje unikt for kommunen, regionen eller Noreg, og bygget er heller ikkje spesifikt verdivurdert i kjente databasar eller dokument.

Delområdet er vurdert til å ha noko verdi.




#### Delområde 6 – Spissøy vest

Delområde 6 omfattar område avsett i KPA som omsynssone, bevaring kulturmiljø, verdifulle kulturmiljø/ kulturlandskap. Området er ikkje spesielt omtala i kulturminneplanen, men det er nemnd som eit viktig kulturlandskapsområde i kommuneplanen. Det er to sefrak-registrerte bygg innanfor delområdet, i gul kategori. Dette er eit naust frå 1800-talet, og ei løe frå første kvartal av 1900-talet.



Figur 31 Deler av delområdet Spissøy Vest.

Delområdet består av eit velholdt og autentisk kulturlandskap, med gardar som er i drift. Landskapet er likevel ikkje unikt for kommunen, regionen eller Noreg. Delområdet er såleis vurdert til å ha middels verdi.



Figur 32 Delområda for kulturmiljø, med verdisetting.

### 3.1.2 Verknad av tiltaka

#### Delområde 1: Spissøy sør

Planframlegget vil ikkje medføre direkte inngrep/arealbeslag eller nærverknad på delområdet. Avstand mellom delområdet og planområdet er om lag 550 meter på det smalaste. Påverknaden på delområdet er i form av visuell påverknad, og eventuell støy. Delområdet består av eit nes som er relativt lite påverka av inngrep visuelt sett, og planområdet vil utgjera ei forstyring med omsyn til opplevingsverdi for området. Det er allereie næringsverksemd på Serklau, og endringa som planframlegget utgjer vil såleis ikkje medføre store endringar.




Figur 33 Foto frå sørspissen av Spissøy, mot næringsområdet på Serklau.

Delområde 1 er samla vurdert til å ha noko forringa verknad med utgangspunkt i at planframlegget opnar for utviding av og samla eit større næringsareal som endrar den visuelle situasjonen for delområde 1. Verknaden er vurdert til å vera lik for alternativ A og alternativ B.



#### Delområde 2: Naustbakken

Planframlegget vil ikkje medføre direkte inngrep/arealbeslag eller nærverknad på delområdet. Avstand mellom delområdet og planområdet er i overkant av 1 km. Påverknaden på delområdet vil vera i form av visuell påverknad, men foto under viser at det er liten grad av innsyn mot planområdet frå delområdet.




Figur 34 Foto tatt frå kulturmiljøet ved Naustbakken i retning planområdet.

Verknaden på delområdet er samla vurdert til å ha ubetydeleg verknad, då planområdet i all hovudsak ligg skjerma bak Langnes. Verknaden er vurdert til å vera lik for alternativ A og alternativ B.




### Delområde 3: Langnes

Planframlegget vil ikkje medføre direkte arealbeslag. Delområdet ligg relativt tett på planområdet, og tiltak innanfor området vil kunne medføre visuell verknad for delområdet. Det vil vera størst verknad for dei delane av planområdet som allereie er utbygd. Utvidinga mot aust/søraust vil i liten grad vera synleg frå delområdet. Utvidinga mot vest vil kunna ha verknad for delområdet, både med omsyn til støy og visuelt sett. Ny utbygging på vestsida (alternativ A) kan verke dominerande i området, og for dette alternativet vil verknaden medføre ein forringa situasjon. For alternativ B er verknaden vurdert til å vera noko forringa for dette delområdet.



### Delområde 4: Serklau vest

Planframlegget vil ikkje medføre direkte inngrep/arealbeslag, men delområdet ligg innanfor planområdet, og nærverknad og visuell verknad på delområdet vil vera betydeleg. Det skal ikkje gjennomførast tiltak i områda tettast på delområdet, men tiltaka innan næringsområdet vil ha både ein visuelle verknadar, og kan verta påverka av støy. Alternativ A vil ha ein større verknad på delområdet, då dette opnar for utbygging tettare på området. Det er vurdert at alternativ A medfører ein forringa situasjon, mens alternativ B medfører ein noko forringa situasjon.



### Delområde 5: Serklau sør

Delområdet omfattar berre eitt bygg, og dette ligg like utanfor plangrensa. Planframlegget vil leggja opp til ei utfylling i pollen lengst sørvest i planområdet, og det vert såleis etablert tiltak vesentleg nærare delområdet enn dagens situasjon. Området vil ikkje verte direkte råka av arealbeslag/inngrep, men den visuelle verknaden vil verte vesentleg for delområdet, og verknaden er vurdert til å vera forringa. Vurderinga er vurdert til å vera lik for alternativ A og alternativ B.



### Delområde 6 – Spissøy vest

Delområdet ligg i stor avstand frå planområdet, og det vil ikkje vera direkte verknadar i form av arealbeslag for delområdet. Avstanden er over 1 km. Ei vidare utbygging på Serklau vil kunne medføre mindre visuelle verknadar for delområdet. Det er likevel vurdert at avstanden er så stor at endringar innanfor planområdet

ikkje vil medføre vesentlege verknader i området. Verknaden er såleis vurdert til å vera ubetydeleg endring, og denne er vurdert til å vera lik for alternativ A og alternativ B.



### 3.1.3 Avbøtande tiltak

I samband med den arkeologiske registreringa i området vart det føreslått følgjande frå Vestland fylkeskommune:

*Reguleringsføresegner som sikrar omsynet til dei automatisk freda kulturminna er følgjande:*

*«Omsynssone H 730, bandlegging etter lov om kulturminne. I dette arealet ligg det automatisk freda kulturminne (Askeladden id. ....). I omsynssone H 730 er det ikkje tillate å gjere nokon form for varige eller mellombelse inngrep som er egna til å skade, øydeleggje, grave ut, flytte, forandre, dekkje til, skjule eller på nokon måte utilbørleg skjemme automatisk freda kulturminne, eller framkalle fare for at dette kan skje, jf. kulturminnelova § 3».*

*«Omsynssone H 570, bevaring av kulturmiljø. I dette området ligg det automatisk freda kulturminne (Askeladden id. ....). Omsynssone H 570 skal hindre varige eller mellombelse tiltak som er egna til å utilbørleg skjemme lokaliteten med automatisk freda kulturminne, eller endre opphavleg topografisk samanheng, jf. kulturminnelova § 6. Eventuelle tiltak i omsynssona må avklarast med kulturminnemynde».*

Vidare skriv dei i uttalen sin at dersom det ikkje let seg gjere å justere planen slik at kulturminnelokalitetane kan få tilstrekkeleg vern gjennom reguleringa, kan den vidare planprosessen i samband med offentlig høyring leggje opp til søknad om dispensasjon etter kml. § 8, fjerde ledd. Dette er ein dispensasjon til inngrep i automatisk freda kulturminne, noko som kan vere aktuelt i situasjonar der tiltakshavar har vurdert endringar for å unngå konflikt utan å finne ei god løysing som er kompatibel med realisering av planen. Ved eventuell dispensasjon til inngrep, normalt underlagt vilkår om sikring av dei arkeologiske kjeldene gjennom utgraving av lokalitetane, kan dei bandlagte areala bli frigjevne til utbygging.


På bakgrunn av dette er dei kjente registrerte kulturminna (Askeladden id. 295576 og 295969) innanfor planområdet sikra i reguleringsplanen med følgjande juridiske føringar:

- Kulturminna er synt som bandleggingssone etter kulturminnelova (H730), inkl. 5 meter sikringssone. Tilhøyrande føresegn gir at det ikkje kan utførast noko arealinngrep som kan skada, øydeleggja, grava ut, flytta, endra, dekkja til, skjula eller på anna vis utilbørleg skjemma kulturminnet eller framkalla fare for at det skjer, jf. Kulturminnelova § 3. Området innanfor bandleggingssona vert forvalta av regional kulturminne-mynde etter føresegnene til kulturminnelova
- Det er tillate med tiltak i grunnen innanfor LNF-føremålet, til dømes framføring av leidningar og kablar, men ikkje innanfor bandleggingssona H730.

For ukjente kulturminne er det i føresegnene teke med at tiltakshavar har aktsemd - og meldeplikt, jf. kulturminnelova § 8, som seier at arbeidet skal stoppast og kulturvernmyndigheitene varslast dersom tiltakshavar under arbeidet oppdagar gjenstandar eller andre spor etter tidlegare menneskeleg aktivitet. Ein har òg lagt inn i føresegnene at meldeplikta òg gjeld dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne, jf. kml. § 14, 3. ledd. Funn av marine kulturminne meldast til Bergen Sjøfartsmuseum.

### 3.1.4 Konsekvens

Samla konsekvens for delområde 1-6 gir følgende:



Figur 35 Konsekvensvifte der delområda er plassert ut frå vurdering av verdi og påverknad i tidlegare kapitel.

#### Forholdet til 0-alternativet:

0-alternativet i denne saka er dagens situasjon og gjeldande kommuneplan og reguleringsplan sine rammer. Gjeldande reguleringsplan manglar reguleringsføresegner om utnyttingsgrad, byggehøgder og byggegrenser til sjø, og dette er dels bakgrunnen for at planen vert oppdatert. Null-alternativet vil såleis i hovudsak omfatte dagens situasjon i området, så høve til vidare utvikling på området er avgrensa på grunn av dei nemnde manglane ved gjeldande plan. Samla vurdering av konsekvens i dagens situasjon, er ubetydeleg konsekvens (0).

#### Forholdet til planalternativa:

| Delområder             | Alt A                                                                                                                                                                                                                                                                                                                    | Alt B                      |
|------------------------|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|----------------------------|
| <b>Delområde 1</b>     | Noko konsekvens (-)                                                                                                                                                                                                                                                                                                      | Noko konsekvens (-)        |
| <b>Delområde 2</b>     | Ubetydeleg konsekvens (0)                                                                                                                                                                                                                                                                                                | Ubetydeleg konsekvens (0)  |
| <b>Delområde 3</b>     | Middels konsekvens (--)                                                                                                                                                                                                                                                                                                  | Noko konsekvens (-)        |
| <b>Delområde 4</b>     | Middels konsekvens (--)                                                                                                                                                                                                                                                                                                  | Noko konsekvens (-)        |
| <b>Delområde 5</b>     | Noko konsekvens (-)                                                                                                                                                                                                                                                                                                      | Noko konsekvens (-)        |
| <b>Delområde 6</b>     | Ubetydeleg konsekvens (0)                                                                                                                                                                                                                                                                                                | Ubetydeleg konsekvens (0)  |
| <b>Samla vurdering</b> | <b>Middels konsekvens (--)</b>                                                                                                                                                                                                                                                                                           | <b>Noko konsekvens (-)</b> |
| <b>Samla verknader</b> | Næringsområdet på Serklau har vore i bruk i lang tid til ulike næringar og menneskeleg aktivitet, og landskapet i området er allereie vesentleg endra samanlikna med ein situasjon med urørt natur. Det har vore ei gradvis nedbygging av natur i området, både på land og i sjø, og området er allereie relativt sterkt |                            |

|                                              |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                       |
|----------------------------------------------|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
|                                              | påverka av denne aktiviteten. Vidare utviding av næringsområdet vil medføre ytterlegare arealbeslag, og endra verknader, også for kulturminne og nærliggande kulturmiljø som vert påverka av planframlegget. Begge alternativa vil medføre negativ konsekvens for kulturminne og kulturmiljø i området, men konsekvensane er klart meir negative ved alternativ A enn ved alternativ B.                                                                                                               |
| <b>Grunngjeving for samla konsekvensgrad</b> | Det er ingen av delområda som er meir vektlagt enn andre.<br>Alternativ A og alternativ B er vekta likt samla sett.<br>Eit delområde medfører direkte arealkonflikt, sidan planområdet ligg innanfor området. Det er ikkje kjent at det er planlagt andre tiltak i nærområdet, slik at framtidig påverknad er avgrensa til planframlegget.<br>Konsekvensgrad er sett til middels negativ med bakgrunn i samla verknad og sumverknad for alle delområda og dermed eit større område kring planområdet. |

### 3.1.5 Usikkerheit

Det er gjennomført kartlegging av kulturminne i planområdet, og det skal såleis ikkje vera vesentleg usikkerheit knytt til automatisk freda kulturminne innanfor planområdet. Det kan vera ei viss usikkerheit kring fastsetting og verdivurdering av delområda.

## 4 Konsekvensutgreiing marint naturmangfald og marine naturressursar

Planprogrammet gir følgjande for utgreiingstema naturmangfald:

*Planområdet består av open fastmark, bebyggd areal, skog, samferdsel, innmarksbeite, fulldyrka jord og sjø.*

*Det er registrert fleire naturtypar innanfor og i nærleiken av planområdet, sjå figur under. Kartlegging av Naturtyper etter Natur i Norge (NiN) i kommunen vart gjennomført i 2020, og registreringane er såleis av nyare dato. Det er i tillegg registrert fleire artar av stor og svært stor forvaltningsinteresse innanfor planområdet.*

*Sjøområda er ein del av kystvassførekomsten Stokksund, som er registrert med moderat økologisk tilstand i vann-nett.*

*Planen vil fremje tiltak i område som allereie er planerte og tilrettelagt for næringsverksemd, samt nytt næringsareal ved utfylling i sjø og inngrep i naturområde mot vest og aust. Dette vil omfatte areal registrert med naturtypar og artsførekomstar. Omfang av tiltak i sjø og på land vil m.a. verta sett i samheng med massebalanse samla sett i området*

*I planprosessen vil ein sjå nærare på planen sin verknad på naturmiljøet knytt til både land og sjø. Sentrale tema vil vera påverknad på registrerte naturtypar og trua artar. Planframlegget skal legge til grunn krav til dokumentasjon, kunnskapsgrunnlag og vurderingar i naturmangfaldlova §§ 8-12.*


*I samband med planarbeidet vil det verta gjennomført ei kartlegging av naturmangfald i sjø, samt sedimentprøvar for å avdekke eventuell forureining i sjøområda. På landsida er det vurdert at registreringar i offentlege databasar og eksisterande rapportar og kunnskap er tilstrekkeleg for å kunne vurdere konsekvensane planforslaget vil få for naturmangfaldet i planområdet.*

Tema naturmangfald er delt opp i marint naturmangfald og naturmangfald på land (neste kapittel). Temaet marint naturmangfald og naturressursar ligg vedlagt som eigen rapport. For dette temaet er det ikkje gjort ei vurdering av begge alternativa. Konsekvensutgreiinga er basert på det alternativet som gir grunnlag for planframlegget, alternativ B. Temaet marint naturmangfald og marine naturressursar fokuserer på tiltaka i sjø. Det vart ikkje registrert marint naturmangfald i form av naturtypar, funksjonsområde eller andre registreringar i den vestlege delen av planområdet, der dei to alternativa er ulikt utforma. På bakgrunn av dette ville ei inndeling i to alternativ truleg ikkje medført vesentlege ulike utslag i vurderingane av dei to alternativa.

Rådgivende Biologer AS har utarbeidd konsekvensutgreiing for naturmangfald og naturressursar tilknytt marint naturmiljø. Konsekvensutgreiinga vart først utarbeidd i 2023, men på grunn av endringar i utforming av planområdet er det utarbeidd oppdatert konsekvensutgreiing. Delar av denne rapporten er basert på arbeidet som vart gjort i 2023, og feltkartlegging utført i 2022 (Haugstøl 2023).


Til informasjon: Etter at rapporten var ferdigstilt er det gjort justeringar i plankartet, i hovudsak på vestsida. Det er ikkje lagt inn høve til utfylling i sjø i den nordvestlege delen av planområdet (ved eksisterande kai), mens planframlegget opnar for høve til mudring innanfor det som er definert som delområde 5 i KU-rapporten. I følgje verdikartet i KU-rapporten er det ikkje registrert naturtypar på vestsida av Serklauholmen, og dette området er ein del av eit stort delområde (delområde 10), som er gitt «noe verdi», og påverknaden er vurdert til «noe forringelse». Reduksjon i utfyllingsområde i dette arealet vil dermed ikkje medføre endring i konklusjon, for dette delområdet («noe konsekvens»).

Delområde 5, der det no i planframlegget er opna for mudring, er i KU-rapporten gitt «middels verdi». Påverknaden er i KU-rapporten vurdert til å vera «sterkt forringelse», som er den høgaste kategorien for påverknad. Ein auka påverknad i området vil dermed ikkje kunna medføre meir alvorleg konsekvens enn det som allereie ligg i KU-rapporten, nemleg «middels konsekvens».



Figur 36 Vurderte uttyllingsområde i sjø og influensområde i KU-rapporten til Rådgivende biologer til venstre, og plankart i planframlegget frå same området til høgre.

Etter offentlig ettersyn er det også gjort justeringar i den austlege delen av planområdet, ved Storningsvika. Av omsyn til registrert ålegraseng er næringsområdet i denne delen av planområdet noko redusert; sjå figurar under som viser plankart i dette området til offentlig ettersyn (til venstre) og til avgrensa høyring (til høgre):



I det følgjande er deler av samandraget frå rapporten gjengitt. Sjå vedlagt rapport for fleire detaljar.

## Dagens miljøtilstand

Tiltaksområdet i Serklau ligger i vannforekomsten Stokksund, og det er vurdert at influensområdet kan strekke seg over i vannforekomsten Bømlafjorden. Begge vannforekomstene er registrert å være i moderat økologisk tilstand og dårlig kjemisk tilstand.

I tiltaks- og influensområdet ved Serklau er det fra før av registrert enkelte rødlistede sjøfugler, norske ansvarsarter, og en fremmedart. Det er i tillegg registrert en forekomst av semi-naturlig strandeng som ble avgrenset i 2020. Selv om dette er en naturtype på land, er dette en naturtype med sterke bånd til marint naturmangfold, og forekomsten er derfor inkludert i denne rapporten.


Ved kartlegging av marint naturmangfold i 2022 ble det observert et variert naturmangfold i nærområdet for tiltaket. Det ble i tillegg avgrenset to bløtbunnsområder i strandsonen, to undervannsenger der en bestod av havgras (*Ruppia sp.*) og en av vanlig ålegras (*Zostera marina*), en større tareskogforekomst av sukkertare (*Saccharina latissima*) og en østersforekomst med flatøsters (*Ostrea edulis*).


### **0-alternativet**

Sammenligningsåret fastsettes 10 år fram i tid. Det er ikke kjent at det foreligger andre planer for utredningsområdet som kan realiseres innen den tid. Om planene ikke realiseres vil utredningsområdet være i samme tilstand som i dag.

### **Verdivurdering**

Det er til sammen registrert tolv ulike delområder innenfor influensområdet. Vannforekomstene Stokksund (delområde 1) og Bømlafjorden (2) er vurdert å ha stor verdi. Bløtbunnsområdene Serklauvvegen vest (3) og Stoningsvika a (4) er vurdert å ha noe verdi, undervannsengene Serklagneset (5) og Storningsvika b (6) å ha middels verdi, tareskogforekomsten Trollholmen (8) å ha svært stor verdi, og østersforekomsten Serklaug (9) å ha noe verdi. Areal som fungerer som funksjonsområder for vanlig forekommende arter har noe verdi (10). Både fiskefelt for passive redskaper, Spissøy (A) og gytetfeltet Vestresundet (B) er vurdert å ha middels verdi





### Påvirkning og konsekvensgrad

Deler av sjøbunn og strandsone i utredningsområdet er fra før påvirket av arealbeslag og driftsaktivitet i forbindelse med næringsvirksomhet.

### Naturmangfold og vannmiljø

Påvirkning og konsekvens er hovedsakelig knyttet til arealbeslag ved utfylling i sjø. For fem av de ti registrerte delområdene er det vurdert at tiltaket vil medføre noe konsekvens (–), mens for ett delområde er tiltaket vurdert å medføre middels konsekvens (– –). For fire delområder vil tiltaket medføre ubetydelig konsekvens (0). Delområde 3, 4, 5 og 9 er vektlagt med tanke på at disse tre områdene vil gå helt eller delvis tapt på grunn av tiltaket, uten mulighet til å kunne restaurere seg. Det er derfor vurdert at tiltaket vil medføre **middels negativ konsekvens** for marint naturmangfold og vannmiljø ved Serklau.

### Naturressurser

For begge delområdene er tiltaket vurdert å medføre ubetydelig endring. Samlet sett er det vurdert at tiltaket vil medføre **ubetydelig konsekvens** for naturressurser i sjø ved Serklau.

### Samlede virkninger

Utredningsområdet i Serklau er belastet av arealbeslag og aktivitet knyttet til næringsvirksomhet fra før. En videre utvidelse av industriområde vil medføre økt menneskelig aktivitet, trafikk og ytterligere tap av intakte naturområder som har habitatfunksjon for flere ulike arter. Tiltaket vil bidra til en økning i belastningen på økosystemet fra dagens situasjon. Det er ikke kjent at det planlegges flere tiltak i utredningsområdet. Det er lite sannsynlig at klimaendringer vil bidra til den samlede virkningen av tiltaket.

| Vurderinger               | Miljøtema                  | Delområde                    | Verdi      | Konsekvens |                            |
|---------------------------|----------------------------|------------------------------|------------|------------|----------------------------|
|                           |                            |                              |            | 0–alt      | Tiltaket                   |
| Konsekvens for delområder | Naturmangfold              | 1 <i>Stokksund</i>           | Stor       | 0          | Ubetydelig konsekvens (0)  |
|                           |                            | 2 <i>Bømlafforden</i>        | Stor       | 0          | Ubetydelig konsekvens (0)  |
|                           |                            | 3 <i>Serklaugen vest</i>     | Noe        | 0          | Noe konsekvens (–)         |
|                           |                            | 4 <i>Storningsvika a</i>     | Noe        | 0          | Noe konsekvens (–)         |
|                           |                            | 5 <i>Serklaugneset</i>       | Middels    | 0          | Middels konsekvens (– –)   |
|                           |                            | 6 <i>Storningsvika b</i>     | Middels    | 0          | Noe konsekvens (–)         |
|                           |                            | 7 <i>Storningsvika nord</i>  | Stor       | 0          | Ubetydelig konsekvens (0)  |
|                           |                            | 8 <i>Trollholmen</i>         | Svært stor | 0          | Ubetydelig konsekvens (0)  |
|                           |                            | 9 <i>Serklaug</i>            | Noe        | 0          | Noe konsekvens (–)         |
|                           |                            | 10 <i>Nærområde generelt</i> | Noe        | 0          | Noe konsekvens (–)         |
|                           | Naturressurser             | A <i>Spissøy</i>             | Middels    | 0          | Ubetydelig konsekvens (0)  |
|                           |                            | B <i>Vestresundet</i>        | Middels    | 0          | Ubetydelig konsekvens (0)  |
| Samlet vurdering          | Naturmangfold og vannmiljø |                              |            |            | Middels negativ konsekvens |
|                           | Naturressurser             |                              |            |            | Ubetydelig konsekvens      |

### Midlertidig påvirkning

Deponering av steinmasser vil medføre avrenning av steinstøv, samt sprengstoffrester dersom det skal benyttes sprengstein ved utfyllingen. Steinstøv og sprengsteinmasser kan ha betydelige fysiske effekter på plante- og dyreliv.

Resultatene fra risikovurderinger utført ved Serklau viste at det var forhøyede nivåer av flere miljøgifter i utfyllingsområdene, spesielt i vest. Deponering av stein på områder av forurenset sediment kan medføre spredning av miljøgifter i tiltaks- og influensområdet.

### Forebygge skadevirkninger

Siltgardin og lense kan benyttes for å begrense spredning av partikler/sedimenter fra fyllingsmasser og stedegne masser med forhøyede miljøgifter til tiltaks- og influensområde i forbindelse med utfyllingsarbeidet. Utfyllingsområdet i vest er svært skjermet og spredning vil derfor kunne begrenses med et slikt tiltak, mens utfyllingsområdet i øst ligger noe mer eksponert til for vind og bølger og bruk av siltgardin bør derfor vurderes etter forhold. For å forhindre spredning av miljøgifter kan en vurdere tiltak som tildekking med duk eller utfyllingsmasser av mindre størrelse for å forhindre oppvirvling av stedegent sediment med miljøgifter.

Hulrom av ulik størrelse på fyllingsfoten vil gi gunstig habitat for både algevegetasjon og fauna. Hellingen på fyllingen bør ikke være for bratt.

Det anbefales å gjennomføre anleggsarbeidet utenfor hekkesesongen for tjeld i perioden fra april og gjennom sommeren, da det foreligger enkelte registreringer av mulig reproduksjon. For fisk som benytter gytefeltet Vestresundet anbefales det også å gjennomføre utfyllingsarbeid utenfor gytesesongen på våren for å forhindre forstyrrelser av steinstøv i vannsøylen i gyteperioden.

### **Usikkerhet**

Endelig utformingen av utfyllingsområdet er noe usikkert. Vurderingene er forutsatt at tiltaket gjennomføres omtrent som beskrevet i rapporten.

Vurderinger omkring påvirkning fra spredning av steinstøv og partikler fra avrenning fra utfyllingsområde vil til en viss grad være skjønnsmessige ettersom det er vanskelig å konkretisere effekten.

#### **4.1.1 Avbøtende tiltak**

Føresegnene til planframlegget seier at anleggsarbeid i form av sprenging, pæling, boring, pigging og steinknusing ikkje skal gjennomførast i hekkeperioden til tjeld, frå april til og med juli. I tillegg er pæling og sprenging i sjø ikkje tillate i perioden januar til mai av omsyn til gytefeltet Vestresundet.

Det er også lagt inn ei føresegn i planframlegget som seier at det skal gjennomførast tiltak i samband med utfylling i sjø for å hindre ureining til sjø i byggefasen, og at finpartikulært materiale vert spreidd i vassførekomsten og påvist forureina sjøbotn vert isolert. Døme på tiltak kan vera siltgardin og lense. Tiltak for å redusere risikoen for spreining av miljøgifter inkluderer tildekking av duk på botnen før deponering av massane. Teknisk utforming og type tiltak skal vurderast i samband med detaljprosjektering av tiltak innanfor næringsområda. Utfyllingsplan med plassering av fyllingsfot og opplysningar om miljøtilhøva i utfyllingsområda skal leggjast ved søknaden

## 5 Konsekvensutgreiing naturmangfald på land

Dette kapittelet omfattar naturmangfald på land i planområdet. Det er gjennomført kartlegging av marint biologisk mangfald av Rådgivende Biologer AS, med tilhørende konsekvensutgreiing for marint naturmangfald og naturressursar i sjø i samband med planarbeidet. Denne rapporten er oppsummert i førre kapittel, og rapporten er vedlagt. For landområda er det ikkje gjennomført eigen naturtypekartlegging i samband med planarbeidet. Planområdet og kringliggande område er omfatta av NiN-kartlegging av naturtypar i 2020, og registreringane er såleis relativt nye. Kunnskapsgrunnlaget er vurdert til å vera godt.

Planprogrammet gir følgjande for utgreiingstemaet:

*Planområdet består av open fastmark, bebygd areal, skog, samferdsel, innmarksbeite, fulldyrka jord og sjø.*

*Det er registrert fleire naturtypar innanfor og i nærleiken av planområdet, sjå figur under. Kartlegging av Naturtyper etter Natur i Norge (NiN) i kommunen vart gjennomført i 2020, og registreringane er såleis av nyare dato. Det er i tillegg registrert fleire artar av stor og svært stor forvaltningsinteresse innanfor planområdet.*

*Sjøområda er ein del av kystvassførekomsten Stokksund, som er registrert med moderat økologisk tilstand i vann-nett.*

*Planen vil fremje tiltak i område som allereie er planerte og tilrettelagt for næringsverksemd, samt nytt næringsareal ved utfylling i sjø og inngrep i naturområde mot vest og aust. Dette vil omfatte areal registrert med naturtypar og artsførekomstar. Omfang av tiltak i sjø og på land vil m.a. verta sett i samheng med massebalanse samla sett i området*


*I planprosessen vil ein sjå nærare på planen sin verknad på naturmiljøet knytt til både land og sjø. Sentrale tema vil vera påverknad på registrerte naturtypar og trua artar. Planframlegget skal legge til grunn krav til dokumentasjon, kunnskapsgrunnlag og vurderingar i naturmangfaldlova §§ 8-12.*

*I samband med planarbeidet vil det verta gjennomført ei kartlegging av naturmangfald i sjø, samt sedimentprøvar for å avdekke eventuell forureining i sjøområda. På landsida er det vurdert at registreringar i offentlege databasar og eksisterande rapportar og kunnskap er tilstrekkeleg for å kunne vurdere konsekvensane planforslaget vil få for naturmangfaldet i planområdet.*

Konsekvensutgreiinga er gjennomført for dei to alternativa A og B. Desse alternativa og nullalternativet er skildra i metodekapittelet.

### 5.1.1 Utgreiingsområdet

Utgreiingsområdet omfattar sjølv planområdet, og ei sone rundt, som er definert som influensområdet. Influensområdet er det området der tiltaka i planen er venta å kunna påverke dei registrerte verdiane. Influensområdet vil variere både i forhold til kva type tiltak det vert planlagt for, og alt etter kva for organismar/artar det er snakk om. For eit næringsområde som det er planlagt for her vil det vera rimeleg å sette ei grense på 30 meter kring planområdet når det gjeld planter og vegetasjon på land. For viltartar, pattedyr og fugl kan det vera vesentleg større, då støy og andre forstyringar kan påverke slike artar i betydelege avstandar frå tiltaket. Det vert til dømes for rovfugl-registreringar ofte sett ei grense på 1000 meter som influensområde. Det er ikkje kjent at det er slike registreringar i området, og influensområdet for landareala er på bakgrunn av dette sett om lag 30 meter kring planområdet.



Figur 37 Influensområdet for landområda er vist med raud stipla linje. Planområdet er vist med svart stipla linje.

### 5.1.2 Verdi

Det er gjennomført relativt nyleg naturtypekartlegging i området (2020), og i samband med planarbeidet vart det gjennomført kartlegging av marint naturmangfald i området. På bakgrunn av dette er det vurdert at kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg.

#### 5.1.2.1 Verneområde

Det er registrert fleire område med naturtypen kystlynghei innanfor og i nærleiken av utgreiingsområdet. Kystlynghei er ein utvald naturtype, og i følgje rettleiaren M – 1941 kjem utvalde naturtypar inn under kategorien *verneområde* i rettleiaren. Det er her vald å leggje dei inn i samletabellen for naturtypar, men dei er utheva i tabellen slik at det kjem tydeleg fram at dette er utvalde naturtypar.


Det er elles ikkje registrert verneområde eller verdsarvområde innanfor planområdet.

#### 5.1.2.2 Naturtypar

Det er registrert fleire delområde med naturtypar innanfor og i nærleiken av planområdet. Områda kring planområdet vart kartlagt i 2020; då vart det kartlagt naturtypar på land etter Miljødirektoratets instruks. I tillegg var det kartlagt nokre naturtypar på land før dette, etter handbok 13. Tabell 3 under gir ei oversikt over registrerte naturtypar på land innanfor planområdet og influensområdet for planarbeidet.

Tabell 1: Oversikt over naturtyper på land som registrert i utgreiingsområdet

| Naturtype                      | Lok. navn                      | Areal     | Verdi            | Reg. dato  | ID  |
|--------------------------------|--------------------------------|-----------|------------------|------------|-----|
| Kystlynghei (utvald)           | Steinvika vest 4               | 3,2 daa   | Svært stor verdi | 19.06.2020 | N1  |
| Semi-naturlig myr (EN)         | Steinvika vest 3               | 7,5 daa   | Stor verdi       | 19.06.2020 | N2  |
| Kystlynghei (utvald)           | Steinvika vest 2               | 4,2 daa   | Svært stor verdi | 19.06.2020 | N3  |
| Semi-naturlig myr (EN)         | Steinvika vest 1               | 1,6 daa   | Stor verdi       | 19.06.2020 | N4  |
| Frisk lågurtedellauvskog       | Steinvika sør 2                | 1,1 daa   | Middels verdi    | 19.06.2020 | N5  |
| Naturbeitemark (VU)            | Steinvika sør 3                | 1,4 daa   | Stor verdi       | 19.06.2020 | N6  |
| Kystlynghei (utvald)           | Steinvika sør 1                | 1,2 daa   | Svært stor verdi | 19.06.2020 | N7  |
| Semi-naturlig myr              | Dyrhammar nordøst 2            | 4,1 daa   | Stor verdi       | 19.06.2020 | N8  |
| Kystlynghei (utvald)           | Dyrhammar nordøst              | 2,7 daa   | Svært stor verdi | 19.06.2020 | N9  |
| Hagemark                       | Serklaugneset sørvest          | 5,0 daa   | Stor verdi       | 04.06.2020 | N10 |
| Hagemark                       | Serklaugneset sør              | 5,7 daa   | Stor verdi       | 04.06.2020 | N11 |
| Frisk lågurtedellauvskog (NT)  | Moster gamle kyrkje nordvest 1 | 28,8 daa  | Stor verdi       | 04.06.2020 | N12 |
| Rik edellauvskog               | Vetahaugen                     | 27,1 daa  | Stor verdi       | 28.05.2002 | N12 |
| Naturbeitemark (VU)            | Særklau                        | 28,1 daa  | Middels verdi    | 29.09.2009 | N13 |
| Naturbeitemark (VU)            | Halvardsvika sør               | 19,1 daa  | Stor verdi       | 02.06.2020 | N14 |
| Kystlynghei (utvald)           | Halvardsvika sør 2             | 14,8 daa  | Svært stor verdi | 18.06.2020 | N15 |
| Kystlynghei (utvald)           | Austnes                        | 257,1 daa | Middels verdi    | 17.06.2020 | N16 |
| Lågurtalm-lind-hasselskog (VU) | Storningsvika sør 2            | 1,6 daa   | Stor verdi       | 18.06.2020 | N17 |
| Kystlynghei (utvald)           | Storningsvika sør              | 4,8 daa   | Svært stor verdi | 18.06.2020 | N18 |
| Strandeng og strandsump        | Prestnes sørvest               | 1,1 daa   | Middels verdi    | 01.01.2002 | N19 |
| Semi-naturlig strandeng (EN)   | Storningsvika nord             | 0,6 daa   | Stor verdi       | 18.06.2020 | N20 |



Figur 38 Oversikt over registrerte naturtyper på land innanfor og i nærleiken av planområdet. Planområdet er vist med svart stipla linje, influensområdet er vist med raud stipla linje.

### 5.1.2.3 Artar


Det er registrert fleire artar av nasjonal forvaltningsinteresse innanfor og kring planområde. I tabellen under er ei oversikt over artane og funksjonsområda som er registrert i naturbase. Som det går fram av tabellen er registreringane av ulik alder, og ein del av dei er ikkje korrekt stadfesta, til dømes er det registrert karplanter i sjøområda. Karta i Figur 39 og Figur 41 viser posisjonen til registreringane i tabellen under.

Oversikt over artar som er registrert i utredningsområdet. Rødlista 2021.


| Art      | Kategori    | Beskrivelse                         | Reg. dato  | Delområde |
|----------|-------------|-------------------------------------|------------|-----------|
| Gråhegre | Livskraftig | Funksjonsområde, reproduksjon       | 15.10.2002 | 1         |
| Tjeld    | Nær truet   | Funksjonsområde, mulig reproduksjon | 20.06.2022 | 2         |

|                                  |              |                                        |                                                                                                |                                   |
|----------------------------------|--------------|----------------------------------------|------------------------------------------------------------------------------------------------|-----------------------------------|
| <b>Gråmåke</b>                   | Sårbar       | Artsobservasjon                        | 2013<br>22.11.2020                                                                             | 2, 20                             |
| <b>Tjeld</b>                     | Nær truet    | Funksjonsområde,<br>stasjonær          | 12.03.2023                                                                                     | 3                                 |
| <b>Sjørorre</b>                  | Sårbar       | Artsobservasjon                        | 22.11.2020                                                                                     | 20                                |
| <b>Svartand</b>                  | Sårbar       | Artsobservasjon                        | 05.02.2024                                                                                     | 20                                |
| <b>Ærfugl</b>                    | Sårbar       | Artsobservasjon                        | 2017                                                                                           | 20                                |
| <b>Gråspett</b>                  | Livskraftig  | Funksjonsområde,<br>næringssøkende     | 22.08.2021                                                                                     | 4                                 |
| <b>Tjeld</b>                     | Nær truet    | Funksjonsområde,<br>mulig reproduksjon | 06.04.2022                                                                                     | 5                                 |
| <b>Havert</b>                    | Sårbar       | Funksjonsområde,<br>næringssøkende     | 12.03.2023                                                                                     | 5                                 |
| <b>Storskarv</b>                 | Nær truet    | Funksjonsområde,<br>næringssøkende     | 2017<br>06.04.2022                                                                             | 5, 20                             |
| <b>Fagerrogn</b>                 | Nær truet    | Artsobservasjon                        | 19.06.2020<br>18.06.2017<br>15.06.2017<br>16.06.2017<br>03.07.2009<br>29.09.2009<br>25.08.1997 | 6, 7, 8, 10,<br>16, 17, 18,<br>19 |
| <b>Villeple</b>                  | Sårbar       | Artsobservasjon                        | 19.06.2020                                                                                     | 6                                 |
| <b>Ask</b>                       | Sterkt truet | Artsobservasjon                        | 19.06.2017                                                                                     | 9                                 |
| <b>Lodneføllblom</b>             | Sterkt truet | Artsobservasjon                        | 08.06.2017<br>21.04.2017                                                                       | 10, 11, 30                        |
| <b>Blåstarr</b>                  | Nær truet    | Artsobservasjon                        | 08.06.2017<br>03.07.2009                                                                       | 10, 19                            |
| <b>Gulbrun<br/>narrevokssopp</b> | Nær truet    | Artsobservasjon                        | 13.10.2001                                                                                     | 12                                |
| <b>Rødneende lutvokssopp</b>     | Sårbar       | Artsobservasjon                        | 25.09.2000<br>13.10.2001                                                                       | 12, 13                            |
| <b>Gul slimvokssopp</b>          | Sårbar       | Artsobservasjon                        | 13.10.2001                                                                                     | 12                                |
| <b>Vrangjordtunge</b>            | Sårbar       | Artsobservasjon                        | 25.09.2000,<br>05.11.2000                                                                      | 13, 14                            |
| <b>Russelærvokssopp</b>          | Nær truet    | Artsobservasjon                        | 10.10.1999<br>25.09.2000                                                                       | 13                                |
| <b>Hvit småfingersopp</b>        | Nær truet    | Artsobservasjon                        | 09.10.2000                                                                                     | 13                                |
| <b>Gulfovokssopp</b>             | Sårbar       | Artsobservasjon                        | 25.09.2000                                                                                     | 13                                |
| <b>Sauevokssopp</b>              | Sårbar       | Artsobservasjon                        | 25.09.2000                                                                                     | 13                                |
| <b>Skjoldblad</b>                | Nær truet    | Artsobservasjon                        | 15.10.2020                                                                                     | 15                                |
| <b>Rød honningvokssopp</b>       | Sårbar       | Artsobservasjon                        | 10.10.1999                                                                                     | 19                                |
| <b>Purpurlyng</b>                | Nær truet    | Artsobservasjon                        | 03.07.2009<br>29.09.2009                                                                       | 18, 19                            |
| <b>Rødskivevokssopp</b>          | Nær truet    | Artsobservasjon                        | 25.09.2000                                                                                     | 18                                |
| <b>Vassmynte</b>                 | Nær truet    | Artsobservasjon                        | 25.08.1997                                                                                     | 18                                |
| <b>Gullhårrose</b>               | Ansvarsart   | Artsobservasjon                        | 18.04.2024                                                                                     | 21                                |
| <b>Kalkvrimose</b>               | Nær truet    | Artsobservasjon                        | 18.04.2024                                                                                     | 22                                |
| <b>Liten ramsløkflue</b>         | Nær truet    | Artsobservasjon                        | 23.05.2011                                                                                     | 23                                |
| <b>Ask</b>                       | Sterkt truet | Artsobservasjon                        | 18.04.2024                                                                                     | 24                                |

|                            |              |                 |                          |        |
|----------------------------|--------------|-----------------|--------------------------|--------|
| <b>Prakthinnelav</b>       | Sårbar       | Artsobservasjon | 18.04.2024               | 24     |
| <b>Steinstorkenebb</b>     | Nær truet    | Artsobservasjon | 18.04.2024               | 24     |
| <b>Dvergstanksopp</b>      | Sårbar       | Artsobservasjon | 06.09.2008               | 25     |
| <b>Ramsløk</b>             | Nær truet    | Artsobservasjon | 18.04.2024               | 26     |
| <b>Midjehårstjerne</b>     | Sårbar       | Artsobservasjon | 21.04.2017               | 27     |
| <b>Alm</b>                 | Sterkt truet | Artsobservasjon | 18.04.2024               | 27     |
| <b>Trollnype</b>           | Sårbar       | Artsobservasjon | 11.10.2008               | 28     |
| <b>Prestjordstjerne</b>    | Nær truet    | Artsobservasjon | 07.12.2020<br>06.11.2021 | 29, 30 |
| <b>Vinrød parasollsopp</b> | Sterkt truet | Artsobservasjon | 11.10.2008               | 30     |



Figur 39 Oversikt over funksjonsområde og artsregistreringar innanfor og kring nordre del av planområdet



Figur 40 Oversikt over funksjonsområde og artsregistreringar innanfor og kring sørlege del av planområdet

Med framande artar er det meint artar eller organismar som ikkje finst naturleg i Norge, eller som ikkje finst naturleg på ein bestemt stad i Noreg. I naturbase er det ein del registreringar av framande artar innanfor og i nærleiken av planområdet. Desse er lista opp i tabellen under.

Tabell 2: Oversikt over framande artar som er registrert innanfor og i nærleiken av planområdet i naturbase.

| Art             | Kategori | Skildring             | Dato                                   |
|-----------------|----------|-----------------------|----------------------------------------|
| Platanlønn      | SE       | Særs høg risiko       | 15.06.2017<br>18.06.2017<br>18.04.2024 |
| Dagfiol         | HI       | Høy risiko            | 08.06.2017<br>16.06.2017<br>21.04.2017 |
| Kanadagullris   | SE       | Særs høg risiko       | 21.04.2017                             |
| Sitkagran       | SE       | Særs høg risiko       | 03.07.2009<br>20.02.2023               |
| Rynkerose       | SE       | Særs høg risiko       | 18.06.2020                             |
| Parkslirekne    | SE       | Særs høg risiko       | 08.06.2017                             |
| Påskelilje      | PH       | Potensielt høy risiko | 21.04.2017                             |
| Snøkløkke       | PH       | Potensielt høy risiko | 2017                                   |
| Konglebergknapp | PH       | Potensielt høy risiko | 18.04.2024                             |
| Boersvineblom   | SE       | Særs høg risiko       | 23.08.2011<br>08.06.2017               |

|                         |    |                       |                          |
|-------------------------|----|-----------------------|--------------------------|
|                         |    |                       | 17.06.2018<br>05.07.2019 |
| Hvitdodre               | SE | Særs høg risiko       | 05.07.2019               |
| Japansk drivtang        | SE | Særs høg risiko       | 05.07.2019               |
| Orientvalmue            | LO | Lav risiko            | 18.04.2024               |
| Spansk klokkeblåstjerne | PH | Potensielt høg risiko | 21.04.2017               |
| Dielsmispel             | SE | Særs høg risiko       | 21.04.2017               |
| Bulkemispel             | SE | Særs høg risiko       | 21.04.2017               |


#### 5.1.2.4 Landskapsøkologiske samanhengar

Det er ikkje kjent at det er viktige landskapsøkologiske samanhengar innanfor planområdet eller influensområdet, som har ein viktig funksjon til dømes i form av forflytningskorridorar.

#### 5.1.2.5 Geologisk mangfald

Området innanfor og i områda kring planområdet er registrert som hovudbergart vulkansk bergart, og bergartsenhet Metavulkanitter, sure til internediære, for det meste tefra, også lava, ikkje inndelt. (NGU, februar 2024).

Det er ikkje registrert geostader (geologisk arv – ngu) innanfor eller i nærleiken av planområdet. Lausmassane i området er registrert som bart fjell, stadvis tynt dekke. Planområdet ligg under marin grense. Det er ikkje registrert mineralressursar i området i NGU sine kart. Når det gjeld kalkinnhald er planområdet vist som kalkrikt, sjå figur under.




Figur 41 Kalkinnhald innanfor og kring planområdet. Kjelde; NGU


Det er vurdert at eksisterande kunnskap gir eit tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag når det gjeld geologisk mangfald.

#### 5.1.2.6 Verdivurdering – naturmangfold

Det er sett verdi på delområde i hovudsak på bakgrunn av naturtypane og funksjonsområda som er registrert i naturbase. Det er definert eit influensområde på om lag 30 meter på landområda. Delområda er vist i karta under.



Figur 42 Delområde for tema naturmangfold i den nordlege delen av planområdet.



Figur 43 Delområde for tema naturmangfold i den sørlege delen av planområdet.

#### Delområde 1

Delområdet omfattar landområde som i hovudsak ikkje har registreringar av ansvarsartar, funksjonsområde, naturtypar eller artar på raudlista. Det er registrert nokre fugleartar i området, sjå Figur 39, og det har også vore observert ein del sjøfugl i området på synfaring. Delområdet omfattar både relativt urørt natur på vestsida av planområdet og areal som er i bruk som næringsareal i dag. Næringsarealet har fleire artsregistreringar, og det er mellom anna registrert ein del sjøfugl i området, også røddlista artar. På bakgrunn av dette er næringsarealet inkludert i delområdet. Basert på metodikken i M-1941 er området vurdert til å ha **noko verdi**.



#### Delområde 2

Delområdet omfattar land- og sjøområda på austsida av planområdet, og vidare utover mot Prestnes. Delområdet omfattar deler av lokaliteten *Austnes*, med naturtypen kystlynghei med middels verdi, i tillegg til funksjonsområde for tjeld og gråspett, og fleire artsregistreringar (sjå figurar og tabellar over). Det vart observert fleire sjøfugl i området under synfaring.




Figur 44 Foto frå den nordlege delen av delområde 2



Figur 45 Foto som omfattar deler av delområde 2 (neset i framgrunnen, samt Storningsvika, og neset mellom Hallvardsvika og Storningsvika i bakgrunnen, samt deler av delområde 3 i framgrunnen.

Delområdet er vurdert til å ha **middels verdi**.



### Delområde 3

Delområdet omfattar naturtypen semi-naturleg strandeng. Denne vart registrert i samband med kartlegging av marint naturmangfald i 2022. Dette delområdet ligg også som eit delområde i konsekvensutgreiinga for marint naturmangfald, på grunn av den tette samanhengen mellom sjø og land. Det vart observert fleire sjøfugl i området under synfaring. Delområdet er skildra på følgjande måte i rapporten frå Rådgivende biologer:

«Innenfor influensområdet er det i Miljødirektoratet sin naturbase registrert naturtypen semi-naturlig strandeng, Stomingsvika nord. Lokalitetskvaliteten er registrert som dårlig med grunnlag i dårlig tilstand og moderat naturmangfold av Miljøfaglig utredning AS i 2020. Naturtypen er truet og registrert i rødlistekategori stert truet (EN). Lokalteten er liten, men har en registrert NT-art, skjoldblad, noe som tilsvarer moderat naturmangfold. Lokalteten består av partier i både nedre og øvre geoliteral, der lokalitetens midtre deler tilhører øvre geoliteral. Vanlige arter er mjødukt, hanekam, sløke, sølvmure, fjæresaulauk, strandkryp, fjæresivaks, saltsiv, rødsvingel, strandkjempe, skjørbuksurt og strandbalderbrå. Pusleblom og skjoldblad er tidligere registrert, og lokaliteten ligger innenfor avgrensningen til en tidligere registrert lokalitet (BN00012178). Naturtypen er en del av strandområdet med viktig utforming og inkluderes derfor som er en del av marint naturmangfold. Stomingsvika nord er registrert som stor verdi i Naturbase».



Figur 46 Delområde 3, som omfattar naturtypen semi-naturleg strandeng.

Delområdet er vurdert til å ha **stor verdi**.




#### Delområde 4

Delområde 4 omfattar lokaliteten *Storningsvika sør*, som er ein registrering av naturtypen Kystlynghei. Naturtypen vart kartlagd i 2020, og er skildra på følgjande måte:

«Lokaliteten er i tidlig gjenvekstsuksesjon, noe som tilsvarer dårlig tilstand. Arealet er lite, noe som tilsvarer lite naturmangfold. Tilstedeværelse av lyng i byggefasen trekker verdien opp til moderat. Vanlige arter er røsslyng, kreklyng, grå reinlav, kystreinlav, pigglav, dvergsmyle, syllav, hvitbergknapp, berggråmose, groptagg, blåbær, blokkebær, tyttebær, rome, bjønnskjegg, furumose, tepperot, skogstjerne og einer. Små bjørk og furu står spredt».

Delområdet er vurdert til å ha **svært stor verdi**.



### Delområde 5

Delområdet omfattar lokaliteten *Storningsvika sør 2*, med naturtypen Lågurtalm-lind-hasselskog, registrert i 2020. Lokaliteten er skildra på følgjande måte:

*«Lokaliteten består av eldre produksjonsskog, med svak effekt av fremmedarter men høy busksjiksdekning. En sti går igjennom lokaliteten. Tilstanden blir samlet sett moderat. Lokaliteten skårer lavt for alle variabler utenom for antall store trær, som blir utslagsgivende for stort naturmangfold. Eldre trær av hassel dominerer i tresjiktet. Det finnes også noen store trær av bjørk, og enkelte hegg og rogn. I busksjiktet er det mye oppslag av hassel. Kusymre, jordnøtt, bjørnebær, gaukesyre, eføy, skogkløver, markjordbær og skogfiol er vanlige arter i feltsjiktet».*

Delområdet er vurdert til å ha **stor verdi**.



### Delområde 6

Delområdet består av lokaliteten *Halvardsvika sør 2*, med naturtypen Kystlynghei, registrert i 2020. Lokaliteten er skildra på følgjande måte:


*«Lokaliteten er ikke i bruk, i tidlig gjenvekstsuksisjon, noe som tilsvarer tilstanden dårlig. Arealet er lite, noe som tilsvarer lite naturmangfold. Tilstedeværelse av lyng i byggefasen trekker verdien opp til moderat. Vanlige arter er tyttebær, blåbær, røsslyng, smyle, hvitbergknapp, einer, knollerteknapp, kystgriseøre, kystmaure og tepperot. I busksjiktet er det oppslag av rogn, hassel og bjørk. Østre del av lokaliteten ligger innenfor vestre del av en tidligere registrert naturbeitemark».*

Det vart observert hekkande måke (udefinert art) under synfaring i området.



Figur 47 foto som viser delområde 6 i venstre del, og delområde 2 i framgrunnen (Storningsvika), og neset mellom Hallvardsvika og Storningsvika.

Delområdet er vurdert til å ha **svært stor verdi**.



#### Delområde 7


Delområdet omfattar lokaliteten Halvardsvika sør, med naturtypen naturbeitemark, registrert i 2020, i tillegg til litt av lokaliteten Serklau, som vart registrert etter DN-håndbok 13 i 2009. Deler av denne lokaliteten er forsvunne på grunn av bygging av anleggsveg i området. Halvardsvika sør-lokaliteten er skildra på følgjande måte:

«Lokaliteten er ikke i bruk, i brakkleggingsfasen. Dette tilsvarer moderat tilstand, til tross for liten effekt av fremmedarter og ingen spor etter gjødsling. Østre og nordre deler er noe mer gjengrodd enn resten av lokaliteten. I nord er det forsvunnet en del av det opprinnelige arealet gjennom anleggsarbeid. Arealet er stort, noe som gir stort naturmangfold. Ingen rødlistede arter ble funnet, og kun tiriltunge ble registrert av habitatspesifikke arter. Lokaliteten er tidligere registrert (BN00012164), med bl.a. hjertegras og en rekke rødlistede beitemarkssopp. Vanlige arter er engsyre, tepperot, rødsvingel, smyle, jordnøtt, kystgriseøre, kystmaure, gulaks, tepperot, slåttestarr, rødsvingel og geitsvingel. I busksjiktet er det einer, og enkelte grantrær er spredt fra tilgrensende plantefelt».



Figur 48 Foto frå naturbeitemark-lokaliteten Halvardsvika Sør

Delområdet er vurdert til å ha **stor verdi**.




#### Delområde 8

Delområdet omfattar deler av lokaliteten Moster gamle kyrkje nordvest 1, med naturtypen *frisk lågurtedellauvskog*, kartlagd i 2020. Det er i tillegg tatt inn nokre artsregistreringar som ligg langs Serklauevegen, sjå Figur 39. Lokaliteten er skildra på følgjande måte:

«Lokaliteten består av eldre produksjonsskog, og har lite slitasje og svak effekt av fremmedarter. Dette tilsvarer moderat tilstand. Lokaliteten har stort areal, og naturmangfoldet blir dermed stort til tross for at lokaliteten har lavt skår for de andre variablene. Hassel dominerer tresjiktet. Noen trær av ask, eik, rogn, bjørk og selje finnes også. Oppslag av hassel, og bulkemispel og dielsmispel finnes i busksjiktet. Bergflette, blåbær skogbingel, skogfiol, hvitveis, smyle, vendelrot, stankstorkenebb, gjøkesyre, jordnøtt, ramsløk, marimjelle og kystbjørnekjeks ble registrert i feltsjiktet. Fagerrogn (NT) ble registrert. I bunnsjiktet dominerer furumose, kysttornemose og storkransmose. Lokaliteten er tidligere registrert som rik edellauvskog».


Delområdet er vurdert til å ha **stor verdi**.



#### Delområde 9

Delområdet omfattar artsregistreringar (sjå Figur 39), mellom anna av alm, som er registrert som sterkt trua i norsk raudliste. Avgrensinga er noko usikker, og området som omfattar nærliggande kantvegetasjon er inkludert.

Delområdet er vurdert til å ha **stor verdi**.



#### Delområde 10


Delområdet omfattar lokaliteten Serklaugneset sør, og er ein naturtypelokalitet med naturtypen hagemark. Avgrensinga er noko justert for å inkludere nokre artsregistreringar. Lokaliteten er skildra på følgjande måte:

«Lokaliteten er intakt, i nokså ekstensiv bruk, men lett gjødslet i partier. Tilstand blir dermed god. Lokaliteten skårer moderat for størrelse, og naturmangfoldet blir dermed moderat til tross for relativt lite artsmangfold. Selje og enkelte bjørk står i tresjiktet. Gjerdevikke, gulaks, mjødukt, legeveronika, tveskjeggveronika, engsyre, engkarse, englodnegras, ramsløk og jordnøtt er vanlige arter i feltsjiktet. I bunnsjiktet ble hasselmoldmose registrert».



Figur 49 Foto frå hagemark-lokaliteten Serklaugneset Sør.

Delområdet er vurdert til å ha **stor verdi**.



#### Delområde 11

Delområdet omfattar lokaliteten Serklaugneset sørvest, og er ein naturtypelokalitet med naturtypen hagemark. Lokaliteten er skildra på følgjande måte:

«Lokaliteten er lett gjødslet i partier, intakt og i ekstensiv bruk. Samlet blir tilstanden moderat. Lokaliteten skårer moderat for størrelse. Naturmangfoldet blir dermed moderat til tross for relativt lavt artsmangfold. Hassel dominerer i tresjiktet, og enkelte ask og bjørk står spredt. Tveskjeggveronika, ryllik, engsyre, engkarse, kystmaure, jordnøtt, engfrytle, gulaks, tepperot, gjøkesyre, gjerdevikke, hårsveve og englodnegras ble registrert ifeltsjiktet. I bunnsjiktet finnes engkransmose».

Delområdet er vurdert til å ha **stor verdi**.




### Delområde 12

Delområdet omfattar lokaliteten Dyrhammar nordøst, som er ein naturtypelokalitet for kystlynghei, registrert i 2020. Området er skildra på følgjande måte:

«Spor etter beiting ble ikke registrert. Lokaliteten er i brakkleggingsfase, og er uten fremmedarter og spor etter kjøretøy. Dette tilsvarer moderat tilstand. Arealet er lite og ingen rødlistearter ble registrert. To kartleggingsenheter trekker samlet skår for naturmangfold opp fra lite til moderat. Feltsjiktet består av røsslyng, smyle, bjønnskjegg, blokkebær, kystmaure, blåbær, tepperot, kystmyrklegg og heiblåfjær. I tresjiktet finnes enkelte bjørk og noen store furutrær».

Delområdet er vurdert til å ha **svært stor verdi**.



### Delområde 13

Delområdet omfattar lokaliteten Dyrhammar nordøst 2, som er ein naturtypelokalitet for semi-naturleg myr, registrert i 2020. Området er skildra på følgjande måte:

«Lokaliteten er intakt, uten slitasje og med lav busksjiktdeknning, noe som tilsvarer god tilstand. Lokaliteten er liten, og ingen kalkindikatorer ble registrert, noe som tilsvarer lite naturmangfold. Enkelte oppslag av gråor, bjørk og furu finnes i busksjiktet. I feltsjiktet ble det registrert torvmyrull, tepperot, slåttestarr, bjønnskjegg, kystmyrklegg, hvitmyrak, kornstarr, tjønnaks, klokkeling, rundsoldogg, stjernestarr, lyssiv, knappsiv, grønntarr, heisiv, blokkebær, røsslyng, flekkmariehånd, geitsvingel, breimyrull og grøftesoleie. Bunnsjiktet er torvmoserikt».

Delområdet er vurdert til å ha **stor verdi**.




### Delområde 14

Delområdet omfattar lokaliteten Steinvika sør 1, som er ein naturtypelokalitet for kystlynghei, registrert i 2020. Området er skildra på følgjande måte:

«Ingen spor etter beiting ble registrert. Lokaliteten er i brakkleggingsfase, og er uten fremmedarter og spor etter kjøretøy. Dette tilsvarer moderat tilstand. Arealet er lite og ingen rødlistearter ble registrert. To kartleggingsenheter trekker samlet skår for naturmangfold opp fra lite til moderat. Enkelte bjørk og furu står i tresjiktet. Røsslyng, einer, smyle, blokkebær, tepperot, skogstjerne, kreklyng, flekkmariehånd og kystmyrklegg er vanlig i feltsjiktet. I bunnsjiktet finnes torvmoser».

Delområdet er vurdert til å ha **svært stor verdi**.




#### Delområde 15

Delområdet omfattar lokaliteten Steinvika sør 3, som er ein naturtypelokalitet for naturbeitemark, registrert i 2020. Området er skildra på følgjande måte:

«Lokaliteten er ikke i bruk, i brakkleggingsfasen, noe som tilsvarer moderat tilstand. Ingen fremmedarter eller spor av gjødsling ble registrert. Arealet er lite, og ingen rødlistarter og kun en habitatspesifikk art ble registrert. Dette tilsvarer lite naturmangfold. Vanlige arter er loppestarr, kystmyrklegg, tettegras, musestarr, tiriltunge, klokkeløng, hjertegras, geitsvingel, gulaks, rødkløver, slåttestarr, kornstarr og legeveronika. Einer og trær av bjørk står spredt. Furu og gråor ble også registrert».

Delområdet er vurdert til å ha **stor verdi**.



#### Delområde 16

Delområdet omfattar lokaliteten Steinvika sør 2, som er ein naturtypelokalitet for frisk lågurtedelleuvskog, registrert i 2020. Området er skildra på følgjande måte:

«Eldre produksjonsskog tilsvarer moderat tilstand, til tross for lav dekning av busksjikt og ingen fremmedarter. Lokaliteten har lavt skår for alle variablene, og naturmangfoldet blir lite. Marken er preget av middels store mosegrodde blokker. Middels gamle osp dominerer i tresjiktet, og enkelte eik står spredt. Tveskjeggveronika, markjordbær, blåbær skogfiol og knollerteknapp finnes i feltsjiktet, og storkransmose dominerer i bunnsjiktet. Krypsilkemose ble registrert på berg».

Delområdet er vurdert til å ha **middels verdi**.




#### Delområde 17

Delområdet omfattar lokaliteten Steinvika vest 1, som er ein naturtypelokalitet for semi-naturleg myr, registrert i 2020. Området er skildra på følgjande måte:

«Lokaliteten er intakt, uten slitasje og med lav busksjiktdeknning, noe som tilsvarer god tilstand. Lokaliteten er liten, og ingen kalkindikatorer ble registrert, noe som tilsvarer lite naturmangfold. I feltsjiktet ble det registrert torvmyrull, blokkebær, klokkeløng, tepperot, slåttestarr, skogstjerne, flekkmariehånd, kornstarr, bjønnskjegg, gulaks og finnskjegg. Bunnsjiktet er torvmoserikt, og myrfiltmose ble registrert».

Delområdet er vurdert til å ha **stor verdi**.




#### Delområde 18

Delområdet omfattar lokaliteten Steinvika vest 2, som er ein naturtypelokalitet for kystlynghei, registrert i 2020. Området er skildra på følgjande måte:

«Spor etter beiting ble ikke registrert. Lokaliteten er i brakkleggingsfase, og er uten fremmedarter og spor etter kjøretøy. Dette tilsvarer moderat tilstand. Arealet er lite, men to rødlistarter, villeple og fagerrogn, trekker naturmangfoldet opp fra moderat til stort. Rogn og furu finnes i tresjiktet. Røsslyng dominerer i feltsjiktet. Andre arter er blokkebær, gulaks, blåbær, tepperot, tiriltunge, kystmaure, gullris, fagerperikum, smyle, einer, heiblåfjær og engfrytle».

Delområdet er vurdert til å ha **svært stor verdi**.



#### Delområde 19

Delområdet omfattar lokaliteten Steinvika vest 3, som er ein naturtypelokalitet for semi-naturleg myr, registrert i 2020. Området er skildra på følgjande måte:

«Lokaliteten er intakt, uten slitasje, og busksjiktdekkningen er lav, noe som tilsvarer god tilstand. Lokaliteten er liten, og ingen kalkindikatorer ble registrert, noe som tilsvarer lite naturmangfold. Blåfjær, kystmyrklegg, blåknapp, stjernestarr, geitsvingel, kornstarr, slåttestarr, tettegras, breimyrull og flekkmarihånd ble registrert».

Delområdet er vurdert til å ha **stor verdi**.





#### Delområde 20

Delområdet omfattar lokaliteten Steinvika vest 4, som er ein naturtypelokalitet for kystlynghei, registrert i 2020. Området er skildra på følgjande måte:

«Ingen spor etter beiting ble registrert. Lokaliteten er i brakkleggingsfase, og er uten fremmedarter og spor etter kjøretøy. Dette tilsvarer moderat tilstand. Arealet er lite og ingen rødlistarter ble registrert. To kartleggingsenheter trekker samlet skår for naturmangfold opp fra lite til moderat. Rogn og furu finnes i tresjiktet. Røsslyng dominerer i feltsjiktet. Andre arter er blokkebær, gulaks, blåbær, tepperot, tiriltunge, kystmaure, gullris, smyle, einer, heiblåfjær og engfrytle».

Delområdet er vurdert til å ha **svært stor verdi**.





Figur 50 Verdikart for registrert naturmangfold i utgreiingsområdet. Svart stipla linje viser plangrensa, raud stipla linje viser definert influensområde på land (om lag 30 meter).


| Delområde | Namn                    | Verdi            |
|-----------|-------------------------|------------------|
| 1         | Nærområde generelt      | Noko verdi       |
| 2         | Austnes – Storningsvika | Middels verdi    |
| 3         | Storningsvika           | Stor verdi       |
| 4         | Storningsvika sør       | Svært stor verdi |
| 5         | Storningsvika sør 2     | Stor verdi       |
| 6         | Halvardsvika sør 2      | Svært stor verdi |
| 7         | Halvardsvika sør        | Stor verdi       |
| 8         | Moster gamle kyrkje     | Stor verdi       |
| 9         | Kantvegetasjon Teigland | Stor verdi       |
| 10        | Serklaugneset sør       | Stor verdi       |
| 11        | Serklaugneset sørvest   | Stor verdi       |
| 12        | Dyrhammar nordøst       | Svært stor verdi |
| 13        | Dyrhammar nordøst 2     | Stor verdi       |

|    |                  |                  |
|----|------------------|------------------|
| 14 | Steinvika sør 1  | Svært stor verdi |
| 15 | Steinvika sør 3  | Stor verdi       |
| 16 | Steinvika sør 2  | Middels verdi    |
| 17 | Steinvika vest 1 | Stor verdi       |
| 18 | Steinvika vest 2 | Svært stor verdi |
| 19 | Steinvika vest 3 | Stor verdi       |
| 20 | Steinvika vest 4 | Svært stor verdi |

### 5.1.3 Verknad av tiltaka


#### Delområde 1

Delområdet omfattar områda der det ikkje er registrert spesielle verdiar, og omfattar både næringsareal som er i bruk og område som i dag er urørt natur. Planframlegget vil medføre meir arealbeslag innanfor deler av delområdet, og vil dels splitta samanhengar og redusere funksjonar i området. Planframlegget vil også kunne påverke artar i området i form av at funksjonar vil verte redusert på grunn av auka aktivitet tettare på området. Dette kan til dømes forstyrre dyreliv og redusere hekkesuksess. Planframlegget kan såleis bidra til å svekka bestandar lokalt. Det er vurdert at verknaden vil vera **forringa** for alternativ A og **noko forringa** for alternativ B.



#### Delområde 2 Austnes - Storningsvika

Planframlegget vil medføre arealbeslag i den viktigaste delen av delområdet, både i form av planert næringsareal på land og utfylling i tilgrensande sjøområde. På bakgrunn av dette er det vurdert at verknaden for delområdet vil vera **sterkt forringa**, og verknaden vil vera lik for dei to alternativa.



#### Delområde 3 - Storningsvika

Delområdet omfattar naturtypen semi-naturleg strandeng. Avstanden til næringsområdet i overkant av 100 meter. Dyreliv i området vil verte negativt påverka av støy og aktivitet i anleggsperioden, og kan også verte negativt påverka i driftsfasen. Det vil ikkje vera direkte arealbeslag, og i driftsfasen vil ikkje delområdet verte direkte påverka. Det kan likevel vera ein påverknad for artane i området i form av at funksjonar vil verte redusert på grunn av auka aktivitet tettare på området. Dette kan til dømes forstyrre dyreliv og redusere hekkesuksess. Verknaden er likevel vurdert til å vera **ubetydeleg** for delområdet, og verknaden vil vera lik for dei to alternativa.



#### Delområde 4 – Storningsvika sør

Delområde 4 omfattar lokaliteten *Storningsvika sør*, som er ein registrering av naturtypen Kystlynghei. Dyreliv i området vil verte negativt påverka av støy og aktivitet i anleggsperioden, og kan også verte negativt påverka i driftsfasen. Planframlegget regulerer næringsareal tett inntil kystlynghei lokaliteten, men det vil ikkje vera direkte arealbeslag. Det vil likevel vera ein påverknad for artane i området i form av at funksjonar vil verte redusert på grunn av auka aktivitet tettare på området. Dette kan til dømes forstyrre dyreliv og redusere hekkesuksess. På bakgrunn av dette er det vurdert at verknaden for delområdet er **noko forringa**. Det er vurdert at verknaden vil vera lik for dei to alternativa.



#### Delområde 5 – Storningsvika sør 2

Delområdet omfattar lokaliteten *Storningsvika sør 2*, med naturtypen Lågurtalm-lind-hasselskog. Dyreliv i området vil verte negativt påverka av støy og aktivitet i anleggsperioden, og kan også verte negativt påverka i driftsfasen. Det vil ikkje vera direkte arealbeslag, arealet er regulert til LNF i planframlegget. I driftsfasen vil ikkje delområdet verte direkte påverka. Det vil likevel vera ein påverknad for artane i området i form av at funksjonar vil verte redusert på grunn av auka aktivitet tettare på området. Dette kan til dømes forstyrre dyreliv og redusere hekkesuksess. På bakgrunn av dette er det vurdert at verknaden for delområdet er **noko forringa**. Det er vurdert at verknaden vil vera lik for dei to alternativa.




#### Delområde 6 – Halvardsvika sør 2

Delområdet består av lokaliteten *Halvardsvika sør 2*, med naturtypen Kystlynghei. Planframlegget vil medføre direkte arealinngrep i heile lokaliteten. Dyreliv i området vil verte negativt påverka av støy og aktivitet i anleggsperioden, og kan også verte negativt påverka i driftsfasen. På bakgrunn av dette er det vurdert at verknaden for delområdet er **sterkt forringa**. Det er vurdert at verknaden vil vera lik for dei to alternativa.



#### Delområde 7 – Halvardsvika sør

Delområdet omfattar lokaliteten Halvardsvika sør, med naturtypen naturbeitemark. Planframlegget vil medføre direkte arealinngrep i dei nordlege delane av delområdet, og vil i tillegg medføre forringing (som aktivitet, forureining og kanteffektar) av restarealet. Dyreliv i området vil verte negativt påverka av støy og aktivitet i anleggsperioden, og kan også verte negativt påverka i driftsfasen. På bakgrunn av dette er det vurdert at verknaden for delområdet er **forringa**. Det er vurdert at verknaden vil vera lik for dei to alternativa.



#### Delområde 8 – Moster gamle kyrkje

Delområdet omfattar deler av lokaliteten Moster gamle kyrkje nordvest 1, med naturtypen frisk lågurtedellauskog. Planframlegget vil medføre direkte arealinngrep i delområdet, då det er vist annan veggrunn i dette området. Planframlegget vil også kunne medføre auka trafikk i området, og såleis meir aktivitet og forstyrringar for artane i området. Dyreliv i området vil verte negativt påverka av støy og aktivitet i anleggsperioden, og kan også verte negativt påverka i driftsfasen. Det er vurdert at det direkte arealinngrepet vil vera på mindre enn 20 % av ein mindre viktig del av lokaliteten, og det er på bakgrunn av dette vurdert at verknaden for delområdet er **noko forringa**. Det er vurdert at verknaden vil vera lik for dei to alternativa.




#### Delområde 9 – Kantvegetasjon Teigland

Delområdet omfattar artsregistreringar, mellom anna av alm, som er sterkt trua. Det er ikkje planlagt for direkte arealinngrep i delområdet, og det er heller ikkje truleg at planframlegget vil påverke delområdet på andre måtar. Det er på bakgrunn av dette vurdert at verknaden for delområdet er **ubetydeleg endring**. Det er vurdert at verknaden vil vera lik for dei to alternativa.




#### Delområde 10 – Serklaugneset sør

Delområdet omfattar lokaliteten Serklaugneset sør, og er ein naturtypelokalitet med naturtypen hagemark. Delområdet følgjer vegkanten langs Serklauvegen. Planframlegget legg opp til etablering av fortau på denne sida av Serklauvegen, og dette vil kome i konflikt med delområdet. Det er vurdert at det direkte arealinngrepet vil vera på mindre enn 20 % av ein mindre viktig del av lokaliteten. Arealet tettast på vegen består av ein del kratt og kantvegetasjon, og er ikkje direkte ein del av hagemark-lokaliteten. Det er også vurdert at det vert liten grad av forringing av restarealet (det arealet som ikkje vert beslaglagt), sjølv om dyreliv i området vil verte negativt påverka av støy og aktivitet i anleggsperioden, og kan også verte negativt påverka i driftsfasen. Desse vurderingane tilsvarar påverknadsgraden **noko forringa**. Det er vurdert at verknaden vil vera lik for dei to alternativa.



#### Delområde 11 – Serklaugneset sørvest

Delområdet omfattar lokaliteten Serklaugneset sørvest, og er ein naturtypelokalitet med naturtypen hagemark. Delområdet vil ikkje verte påverka av planframlegget i form av arealbeslag, men delområdet ligg tett på planlagt næringsområde i vest. Dette vil vera ein påverknad for artane i området i form av at funksjonar kan verte redusert på grunn av auka aktivitet tettare på området. Dette kan til dømes forstyrre dyreliv og redusere hekkesuksess. På bakgrunn av dette er det vurdert at verknaden for delområdet er **noko forringa**. Det er vurdert at verknaden vil vera lik for dei to alternativa.



#### Delområde 12 – Dyrhammar nordøst

Delområdet omfattar lokaliteten Dyrhammar nordøst, som er ein naturtypelokalitet for kystlynghei. Delområdet vil ikkje verte påverka av planframlegget i form av arealbeslag, men delområdet ligg tett på planlagd næringsområde i vest. Dette vil vera ein påverknad for artane i området i form av at funksjonar kan verte redusert på grunn av auka aktivitet tettare på området. Dette kan til dømes forstyrre dyreliv og redusere hekkesuksess. På bakgrunn av dette er det vurdert at verknaden for delområdet er **noko forringa**. Det er vurdert at verknaden vil vera lik for dei to alternativa, sjølv om alternativ A medfører aktivitet tettare på området enn alternativ B.




#### Delområde 13 – Dyrhammar nordøst 2

Delområdet omfattar lokaliteten Dyrhammar nordøst 2, som er ein naturtypelokalitet for semi-naturleg myr. Delområdet vil ikkje verte påverka av planframlegget i form av arealbeslag, men delområdet ligg tett på planlagd næringsområde i vest. Dette vil vera ein påverknad for artane i området i form av at funksjonar kan verte redusert på grunn av auka aktivitet tettare på området. Dette kan til dømes forstyrre dyreliv og redusere hekkesuksess. På bakgrunn av dette er det vurdert at verknaden for delområdet er **noko forringa**. Det er vurdert at verknaden vil vera lik for dei to alternativa, sjølv om alternativ A medfører aktivitet tettare på området enn alternativ B.



#### Delområde 14 – Steinvika sør 1

Delområdet omfattar lokaliteten Steinvika sør 1, som er ein naturtypelokalitet for kystlynghei. Delområdet vil verte påverka i form av arealbeslag for alternativ A, men vil ikkje verte påverka i form av arealbeslag for alternativ B. I alternativ A vil heile lokaliteten verte endra til næringsområde. Delområdet vil liggje tett på nytt næringsareal også for alternativ B, og også dette alternativet vil medføre ein påverknad for artane i området i form av at funksjonar kan verte redusert på grunn av auka aktivitet tettare på området. Dette kan til dømes forstyrre dyreliv og redusere hekkesuksess. På bakgrunn av dette er det vurdert at verknaden for delområdet er **sterkt forringa for alternativ A** og **noko forringa for alternativ B**.




#### Delområde 15 – Steinvika sør 3

Delområdet omfattar lokaliteten Steinvika sør 3, som er ein naturtypelokalitet for naturbeitemark. Delområdet vil verte påverka i form av arealbeslag for alternativ A, men vil ikkje verte påverka i form av arealbeslag for alternativ B. I alternativ A vil heile lokaliteten verte endra til næringsområde. Delområdet vil liggje tettare på nytt næringsareal også for alternativ B, men det er ikkje vurdert at dette vil medføre vesentleg endra påverknad samanlikna med dagens situasjon, sjølv om dyreliv i området vil verte negativt påverka av støy og aktivitet i anleggsperioden, og kan også verte negativt påverka i driftsfasen. På bakgrunn av dette er det vurdert at verknaden for delområdet er **sterkt forringa for alternativ A** og **ubetydeleg endring for alternativ B**.




#### Delområde 16 – Steinvika sør 2

Delområdet omfattar lokaliteten Steinvika sør 2, som er ein naturtypelokalitet for frisk lågurtedellauvskog. Delområdet vil verte påverka i form av arealbeslag for alternativ A, men vil ikkje verte påverka i form av arealbeslag for alternativ B. I alternativ A vil heile lokaliteten verte endra til næringsområde. Delområdet vil liggje tettare på nytt næringsareal også for alternativ B, men det er ikkje vurdert at dette vil medføre vesentleg endra påverknad samanlikna med dagens situasjon, sjølv om dyreliv i området vil verte negativt påverka av støy og aktivitet i anleggsperioden, og kan også verte negativt påverka i driftsfasen. På bakgrunn av dette er det vurdert at verknaden for delområdet er **sterkt forringa for alternativ A** og **ubetydeleg endring for alternativ B**.



#### Delområde 17 – Steinvika vest 1


Delområdet omfattar lokaliteten Steinvika vest 1, som er ein naturtypelokalitet for semi-naturleg myr. Delområdet vil ikkje verte påverka i form av arealbeslag verken for alternativ A eller for alternativ B. I alternativ A vil delområdet liggje tettare på nytt næringsareal, og dette alternativet vil medføre ein påverknad for artane i området i form av at funksjonar kan verte redusert på grunn av auka aktivitet tettare på området. Dette kan til dømes forstyrre dyreliv og redusere hekkesuksess. På bakgrunn av dette er det vurdert at verknaden er **noko forringa for alternativ A** og **ubetydeleg endring for alternativ B**.



#### Delområde 18 – Steinvika vest 2


Delområdet omfattar lokaliteten Steinvika vest 2, som er ein naturtypelokalitet for kystlynghei. Delområdet vil ikkje verte påverka i form av arealbeslag verken for alternativ A eller for alternativ B. I alternativ A vil delområdet liggje tettare på nytt næringsareal, og dette alternativet vil medføre ein påverknad for artane i området i form av at funksjonar kan verte redusert på grunn av auka aktivitet tettare på området. Dette kan til dømes forstyrre

dyreliv og redusere hekkesuksess. På bakgrunn av dette er det vurdert at verknaden er **noko forringa for alternativ A og ubetydeleg endring for alternativ B**




#### Delområde 19 – Steinvika vest 3

Delområdet omfattar lokaliteten Steinvika vest 3, som er ein naturtypelokalitet for semi-naturleg myr. Delområdet vil ikkje verte påverka i form av arealbeslag verken for alternativ A eller for alternativ B. I alternativ A vil delområdet liggje tettare på nytt næringsareal, og dette alternativet vil medføre ein påverknad for artane i området i form av at funksjonar kan verte redusert på grunn av auka aktivitet tettare på området. Dette kan til dømes forstyrre dyreliv og redusere hekkesuksess. På bakgrunn av dette er det vurdert at verknaden er **noko forringa for alternativ A og ubetydeleg endring for alternativ B**



#### Delområde 20 – Steinvika vest 4

Delområdet omfattar lokaliteten Steinvika vest 4, som er ein naturtypelokalitet for kystlynghei. Delområdet vil ikkje verte påverka i form av arealbeslag verken for alternativ A eller for alternativ B. I alternativ A vil delområdet liggje tettare på nytt næringsareal, og dette alternativet vil medføre ein påverknad for artane i området i form av at funksjonar kan verte redusert på grunn av auka aktivitet tettare på området. Dette kan til dømes forstyrre dyreliv og redusere hekkesuksess. På bakgrunn av dette er det vurdert at verknaden er **noko forringa for alternativ A og ubetydeleg endring for alternativ B**.



| Del-<br>område | Namn                       | Verdi            | Verknad Alternativ<br>A | Verknad Alternativ<br>B |
|----------------|----------------------------|------------------|-------------------------|-------------------------|
| 1              | Nærområde generelt         | Noko verdi       | Forringa                | Noko forringa           |
| 2              | Austnes –<br>Storningsvika | Middels verdi    | Sterkt forringa         | Sterkt forringa         |
| 3              | Storningsvika              | Stor verdi       | Ubetydeleg endring      | Ubetydeleg endring      |
| 4              | Storningsvika sør          | Svært stor verdi | Noko forringa           | Noko forringa           |
| 5              | Storningsvika sør 2        | Stor verdi       | Noko forringa           | Noko forringa           |
| 6              | Halvardsvika sør 2         | Svært stor verdi | Sterkt forringa         | Sterkt forringa         |
| 7              | Halvardsvika sør           | Stor verdi       | Forringa                | Forringa                |
| 8              | Moster gamle kyrkje        | Stor verdi       | Noko forringa           | Noko forringa           |
| 9              | Kantvegetasjon<br>Teigland | Stor verdi       | Ubetydeleg endring      | Ubetydeleg endring      |
| 10             | Serklaugneset sør          | Stor verdi       | Noko forringa           | Noko forringa           |
| 11             | Serklaugneset sørvest      | Stor verdi       | Noko forringa           | Noko forringa           |
| 12             | Dyrhammar nordøst          | Svært stor verdi | Noko forringa           | Noko forringa           |
| 13             | Dyrhammar nordøst<br>2     | Stor verdi       | Noko forringa           | Noko forringa           |
| 14             | Steinvika sør 1            | Svært stor verdi | Sterkt forringa         | Noko forringa           |
| 15             | Steinvika sør 3            | Stor verdi       | Sterkt forringa         | Ubetydeleg endring      |
| 16             | Steinvika sør 2            | Middels verdi    | Sterkt forringa         | Ubetydeleg endring      |
| 17             | Steinvika vest 1           | Stor verdi       | Noko forringa           | Ubetydeleg endring      |
| 18             | Steinvika vest 2           | Svært stor verdi | Noko forringa           | Ubetydeleg endring      |
| 19             | Steinvika vest 3           | Stor verdi       | Noko forringa           | Ubetydeleg endring      |
| 20             | Steinvika vest 4           | Svært stor verdi | Noko forringa           | Ubetydeleg endring      |

### 1.1.1 Avbøtande tiltak

Dei delområda som vert mest påverka vil få ein direkte påverknad av planframlegget i form av arealbeslag. Utvidingane av det eksisterande næringsområdet er grunna i eit arealbehov som er skildra i planomtalen. Næringsområdet på Serklau er eit sjøtilknytt næringsområde med eksisterande verksemder og aktivitet. Ei utviding av næringsarealet vil medføre at ein påverkar tilgrensande areal i strandsona der det er verdifullt naturmangfald. For dei direkte arealbeslaga er det ikkje høve til avbøtande tiltak.


Når det gjeld påverknad i form av forstyrring ved at næringsområda vert liggande tettare på dei registrerte verdiane er det lagt inn ein del avbøtande tiltak i føresegnene, både for anleggs- og driftsfasen. Dette gjeld mellom anna restriksjonar på tidspunkt for anleggsarbeid, som ikkje kan gjennomførast i hekkeperioden til tjeld, eller i tidspunkt for gyting, av omsyn til gytefeltet Vestresundet.

Det er elles lagt inn føresegner som sikrar at tilførte massar må vera fri for framande skadelege artar. Det er registrert fleire framande artar i området, og artar vurderte som høgrisikoartar er platanlønn, dagfiol, kanadagullris, sitkagran, rynkerose, parkslirekne, boersvineblom, hvitdodre, dielsmispel og bulkemispel. Massar i frå planområdet som inneheld levande planterestar i frå framande artar bør fortrinnsvis brukast innan-for planområdet, som botnmassar under tette flater, og det skal leggjast duk over jordmassane for å avgrense spiringsvevne.


For utfyllingsområda er det i fleire område påvist forureining. Søknad om utfylling i sjø skal sendast Statsforvaltaren i Vestland for handsaming etter forureiningslova, i tillegg til handsaming etter pbl.

#### 5.1.4 Konsekvens

Samla konsekvens for delområde 1-20 gir følgende for dei to alternativa:



Figur 51 Konsekvensvifte for alternativ A



Figur 52 Konsekvensvifte for alternativ B

### Forholdet til nullalternativet – dagens situasjon

Nullalternativet skal skildre den sannsynlege utviklinga for området utan planframlegget. Det er ikkje kjent at det føreligg andre konkrete planar i området som vil kunne verke inn på naturmangfaldet i området. Det er difor vurdert at området vil vera i tilnærma lik tilstand som i dag dersom planframlegget ikkje vert realisert, og konsekvensen for naturmangfald basert på dette er vurdert til å vera ubetydeleg.

### Forholdet til nullalternativet – dagens plansituasjon

Tilgrensande areal aust for planområdet er vist som næringsføremål i gjeldande kommuneplan, men det vil vera behov for reguleringsplan i dette området før det eventuelt kan gjerast tiltak i området. Planområdet er allereie detaljregulert i reguleringsplan frå 1987. Bakgrunnen for planframlegget er både å opne for næringsareal på område utanfor dagens opparbeidde næringsareal, men også å oppdatere plansituasjonen for området slik at planen er i tråd med dagens krav. Dersom planframlegget ikkje vert realisert vil det framleis vera mogleg å utføra mindre tiltak og utvidingar innanfor rammene av gjeldande plan. Basert på dette er konsekvensen for naturmangfald vurdert til å vera noko negativ.

I tabellen under er det gjort ei vurdering av konsekvens for dei ulike delområda.

| Delområde                    | Konsekvens Alternativ A                                                                                                                                                                                                                                                                                                                              | Konsekvens Alternativ B                                                                                                        |
|------------------------------|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| 1 Nærområde generelt         | Noko konsekvens                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                      | Ubetydeleg konsekvens                                                                                                          |
| 2 Austnes – Storningsvika    | Middels konsekvens                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                   | Middels konsekvens                                                                                                             |
| 3 Storningsvika              | Ubetydeleg konsekvens                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                | Ubetydeleg konsekvens                                                                                                          |
| 4 Storningsvika sør          | Noko konsekvens                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                      | Noko konsekvens                                                                                                                |
| 5 Storningsvika sør 2        | Noko konsekvens                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                      | Noko konsekvens                                                                                                                |
| 6 Halvardsvika sør 2         | Svært alvorleg konsekvens                                                                                                                                                                                                                                                                                                                            | Svært alvorleg konsekvens                                                                                                      |
| 7 Halvardsvika sør           | Alvorleg konsekvens                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                  | Alvorleg konsekvens                                                                                                            |
| 8 Moster gamle kyrkje        | Noko konsekvens                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                      | Noko konsekvens                                                                                                                |
| 9 Kantvegetasjon Teigland    | Ubetydeleg konsekvens                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                | Ubetydeleg konsekvens                                                                                                          |
| 10 Serklaugneset sør         | Noko konsekvens                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                      | Noko konsekvens                                                                                                                |
| 11 Serklaugneset sørvest     | Noko konsekvens                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                      | Noko konsekvens                                                                                                                |
| 12 Dyrhammar nordøst         | Noko konsekvens                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                      | Noko konsekvens                                                                                                                |
| 13 Dyrhammar nordøst 2       | Noko konsekvens                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                      | Noko konsekvens                                                                                                                |
| 14 Steinvika sør 1           | Svært alvorleg konsekvens                                                                                                                                                                                                                                                                                                                            | Noko konsekvens                                                                                                                |
| 15 Steinvika sør 3           | Alvorleg konsekvens                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                  | Ubetydeleg konsekvens                                                                                                          |
| 16 Steinvika sør 2           | Middels konsekvens                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                   | Ubetydeleg konsekvens                                                                                                          |
| 17 Steinvika vest 1          | Noko konsekvens                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                      | Ubetydeleg konsekvens                                                                                                          |
| 18 Steinvika vest 2          | Noko konsekvens                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                      | Ubetydeleg konsekvens                                                                                                          |
| 19 Steinvika vest 3          | Noko konsekvens                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                      | Ubetydeleg konsekvens                                                                                                          |
| 20 Steinvika vest 4          | Noko konsekvens                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                      | Ubetydeleg konsekvens                                                                                                          |
| Grunngjeving for vektlegging | Delområda 1, 2, 6, 7, 8, 10, 14, 15 og 16 vert vektlagt grunna direkte arealbeslag og irreversible verknader for naturmangfaldet i områda.                                                                                                                                                                                                           | Delområda 1, 2, 6, 7, 8 og 10 vert vektlagt grunna direkte arealbeslag og irreversible verknader for naturmangfaldet i områda. |
| Samla verknader              | Økosystemet er noko påverka frå før og påverknaden vil auke som følge av planframlegget. Utvidinga av næringsområdet medfører inngrep i fleire registrerte naturtypar, dels med høg verdi. Næringsområdet på Serklau har vore påverka i fleire år, både med omsyn til direkte arealbeslag, men også fortyrringar på grunn av menneskeleg aktivitet i |                                                                                                                                |

|                                            |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                  |                                                                                                                                                                                                                                         |
|--------------------------------------------|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
|                                            | området. Det har vore ei gradvis nedbygging av natur i området, både på land og i sjø, og området er allereie relativt sterkt påverka av denne aktiviteten. Vidare utviding av næringsområdet vil medføre auka aktivitet, og auka arealbeslag i området. Det er mange registreringar i området, og konsekvensane ved utvidinga er dels store. Begge alternativa vil medføre vesentleg auka belastning i området, men konsekvensane er klart meir negative ved alternativ A enn ved alternativ B. |                                                                                                                                                                                                                                         |
| Samla konsekvens                           | <b>Stor negativ konsekvens</b>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                   | <b>Middels negativ konsekvens</b>                                                                                                                                                                                                       |
| Grunngjeving for samla konsekvensvurdering | Konsekvens er vurdert til stor negativ konsekvens då fleire av områda med høg verdi vert vesentleg påverka av planframlegget. To delområde har svært alvorleg konsekvens, men dei fleste av delområda har noko negativ konsekvens.                                                                                                                                                                                                                                                               | Konsekvens er vurdert til middels negativ konsekvens då fleire av områda med høg verdi vert vesentleg påverka av planframlegget. Eitt delområde har svært alvorleg konsekvens, men dei fleste av delområda har noko negativ konsekvens. |

#### 5.1.5 Usikkerheit

Kunnskapsgrunnlaget for konsekvensutgreiinga for naturmangfald på land er i hovudsak kartlegginga av naturtypar etter Natur i Norge (NiN), som vart gjennomført i 2020, i tillegg til registreringar i offentlege databasar og supplerande synfaringar i området. Det vil alltid vera ei viss usikkerheit knytt til datagrunnlaget. Det er likevel vurdert at dette er tilstrekkeleg, i og med at naturtypekartlegginga i området er av relativt ny dato.

Når det gjeld planlagde tiltak i området, og verknadane av desse er det også ei viss usikkerheit knytt til dette. Planframlegget legg ikkje så detaljerte føringar for områda at ein har full oversikt over alle detaljar, men planframlegget med kart og føresegner er detaljerte nok til at det er vurdert at vurderingane av påverknad er tilstrekkeleg sikre.

## 6 Konsekvensutgreiing strandsone

I strandsona skal det alltid takast særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og allmenne interesser. Landskap, naturmangfald og kulturminne/-miljø er definert som eigne utgreiingstema, og vert difor lagt noko mindre vekt på i dette kapitelet for å unngå stor dobbel veking. I tillegg til å vurdere delområde med verdi, verknad og konsekvens, er det teke inn eit delkapitel som omhandlar overordna føringar for strandsona. Dette delkapitelet er ei tekstleg vurdering av om planforslaget er i tråd med nasjonale og regionale føringar for strandsona, og er inkludert i konsekvens og konklusjon for utgreiingstema strandsone. Strandsone er ikkje eit eige definert tema i rettleiar M-1941, men metodikk er likevel dels nytta i vurdering av dette temaet.

Planprogrammet gir følgjande for utgreiingstemaet:

*Store deler av planområdet ligg innanfor strandsona, 100-metersbeltet mot sjø. Ein god del av denne strandsona er allereie teke i bruk til industriføremål. Bømlo kommune er i statleg planretningslinje for differensiert forvaltning av strandsona klassifisert som kommuner med mindre press på areala. Byggeforbodet gjeld generelt, og kommunane skal berre tillate bygging etter ei konkret vurdering ut frå lokale tilhøve. Kommuneplanen skal leggjast til grunn for utarbeiding av reguleringsplan. Det vil bli gjennomført kartlegging av strandsoneverdiane som del av planarbeidet, der forhold til tema landskap, friluftsliv og naturmangfald særleg skal belyst. Relevante punkt som skal leggjast til grunn i 100-metersbeltet langs sjø skal utgreiast i planarbeidet.*

Konsekvensutgreiinga er gjennomført for dei to alternativa A og B. Desse alternativa og nullalternativet er skildra i metodekapittelet.

Datagrunnlag og kjelder for vurderingane er følgjande:

- Kommuneplan Bømlo kommune
- Strandsonerettleiar i Vestland, Vestland fylkeskommune
- Statlege planretningslinje for differensiert strandsone (SPR)
- Kjente registreringar i offentleg databasar knytt til tema friluftsliv, kultur og landskap
- Utgreiingstema landskap, samt kulturminne og kulturmiljø
- Grunnkart som syner busetnad og infrastruktur
- Synlegheitsanalyse, ABO Plan & Arkitektur


Med utgangspunkt i ABO si synfaring i området, merknadar til oppstart, samt lokal kjennskap til området og merknadar til oppstart/planprogram er kunnskapsgrunnlaget vurdert til å vera relativt godt for området. Usikkerheita knytt til ukjent bruk av land og sjø området er middels høg.

### 6.1.1 Verdi – strandsone

Ut frå synfaring i området, samt kva område som har direkte innsyn og såleis vert påverka av planframlegget, er følgjande aktuelle delområde for utgreiinga:

- 1) Delområde 1: Strandsoneareal i dei områda som er mest påverka av eksisterande næringsverksemd innanfor planområdet.
- 2) Delområde 2: Strandsoneareal dels innanfor og dels utanfor planområdet, som er lite påverka av det utbygde næringsområdet


Delområda for tema strandsone er vist i kartet under.



Figur 53 Delområde for tema strandsone.

Delområde 1 er 100-metersbeltet i dei områda som er mest påverka av eksisterande næringsverksemd innanfor planområdet. Sjøareala inst i pollen sørvest i planområdet er også inkludert i delområdet. Følgjande verdiar eller interesser er registrert innanfor delområdet:

- Infrastruktur: Delområdet er i stor grad bygd ut med bygg, kaiar, planerte flater og veg. I den austre og vestre delen av delområdet ligg det nokre mindre naustbygg og brygger, som ikkje har tilknyting til industrien i området.
- Landskap: Topografisk er terrenget småkupert, og ligg i ei større vik mellom Langnes og Prestnes. Serklauholmen er i dag landfast, men har opphaveleg vore ein eigen holme, sjå flyfoto frå 1987 til høgre, som viser korleis landskapet i området har vore. På vest og austsida av Serklauholmen og næringsområdet er det berg ned mot sjøen. Mykje av strandsona i delområdet er registrert som potensielt tilgjengeleg strandsone, men med varierende hellingsgrad, sjå Figur 54.
- Naturmangfald: Det er registrert fleire naturtypar, både på land og i sjø, og fleire artar av nasjonal forvaltningsinteresse og raudlista artar innanfor området.
- Kulturminne: Det er registrert to kulturminne innanfor 100-metersbeltet i den vestlege delen av området. Begge desse har truleg direkte tilknyting til strandsona i høve til lokalisering. Det er registrert eit raudt SEFRAK-bygg inst i pollen, i den sørvestlege delen av området. Dette er ei løe frå 1800-talet.
- Deler av stien ut til Prestnes og Austnes ligg innanfor delområdet. Det er elles merka av ein del stiar i området, som går ned til sjøen. Det er elles ikkje kjent at strandsonearealet i delområdet er i særleg stor grad nytta til friluftaktivitetar eller liknande.



Potensielt tilgjengeleg strandsone er definert som areal tilgjengeleg i eit friluftsperspektiv, det vil seie at områda ikkje skal vera påverka av privatiserande tiltak eller for bratte for normalt opphald. Område med hellingsgrad brattare enn 25 grader er definert som utilgjengelege, jf. SSB. I følge SSB sin statistikk for potensielt tilgjengeleg strandsone, er mykje av strandsona innanfor delområdet planområdet potensielt tilgjengeleg i dag.



Figur 54 Potensielt tilgjengeleg strandsone innanfor og rundt planområdet. Kjelde: SSB

Areal i strandsona har ein stor verdi uavhengig av om arealet er i bruk av ålmenta eller ikkje. Det er registrert kulturminne og naturtypar innanfor delområdet. Strandsona er potensielt tilgjengeleg ut frå hellingsgrad og privatisering av eksisterande bygg og anlegg, sjå figur over. Store deler av området er i bruk som næringsområde som kai, planert areal for produksjon, lagerareal etc. Faktisk bruk utover bygningstiltak, gjer at deler av delområdet er relativt utilgjengeleg for ålmenta. Aktivitetar frå dagens næringsverksemd vil vera merkbar i det meste av delområdet.



*Figur 55 Foto frå strandsona i den sørvestlege delen av planområdet.*




Figur 56 Foto frå den vestlege delen av Halvardsvika, med utsikt mot næringsområdet.

Delområdet er vurdert til å ha noko verdi med omsyn til strandsoneverdiar. Totalt sett trekker bruken av store deler av området til næringsverksemd ned verdien på området, som elles ville verdisett høgare. Dette gjeld særleg for den vestlege delen av delområdet, sjå foto frå pollen i sørvest over.




Delområde 2 er strandsoneareal dels innanfor og dels utanfor planområdet, som er lite påverka av det utbygde næringsområdet. Delområdet inkluderer også Trollholmen. Det er få etablerte tiltak i delområdet. Det er ikkje registrert eller kartfesta friluftsområde, men det er opplyst i merknadar til oppstart av planarbeidet at særleg Prestnes (på austsida av planområdet) vert mykje brukt som turområde. Det er fleire registrerte naturtypar og kulturminne innanfor desse areala. På bakgrunn av dette vert verdien av delområdet sett til «stor verdi» med omsyn til strandsone.






*Figur 57 Foto mot Storningsvika, med Prestnes i bakgrunnen, mot vest.*



*Figur 58 Foto av den austlege delen av Hallvardsvika*



Figur 59 Foto frå den sørlege delen av Prestnes, med utsikt mot næringsområdet.



Figur 60. Verdikart tema Strandsone Dei to delområda er talfesta i kartet.

### 6.1.2 Verknad av tiltaka - strandsone

Verknaden av tiltaka i dei to alternativa er vurdert kvalitativt for dei definerte delområda for tema strandsone i teksten under. For å unngå dobbeltvektning er det ikkje sett opp konsekvens for tema strandsone, då både landskap, friluftsliv, naturmangfald og kulturminne er ein del av temaet, og desse temaa vert vekta i eigne kapittel. Det er likevel vald å skildra verknaden for strandsona i dei tre delområda kvalitativt, då strandsonevurderingar er eit viktig tema i konsekvensutgreiinga.

Begge alternativa opnar for ei utviding av næringsområdet. Tiltaka vil medføre fysiske inngrep som vil verta synleg i landskapet, og dette vil ha ein innverknad på både bruken av strandsona i nærområdet, og bruken av nærområda til friluftsliv.

#### 1) Delområde 1: Strandsona innanfor planområdet som er påverka av tiltak

Det meste av arealet som ligg innanfor planområdet i delområdet er regulert til næringsføremål i planframlegget, og planframlegget vil dermed medverke til å privatisere strandsoneareala i dei områda der det vert regulert næring og kai. Desse areala vil ikkje vera opne eller gi tilgjenge til attraktive strandsoneareal for ålmenta. Dette inneber også ei endring av landskapet innanfor dei omdisponerte areala, både for nær- og fjernverknad. Naturgitte forhold for plantar og dyr, samt bruk av området til friluftaktivitetar forsvinn. Planframlegget sikrar dei automatisk freda kulturminna. Planframlegget inneber ein forringa situasjon for delområde 1 med omsyn til strandsoneverdiar, både med omsyn til direkte arealbeslag og med omsyn til opplevingsverdi og visuelle verknadar.

Verknaden vil vera meir negativ for strandsoneverdiar i området for alternativ A enn for alternativ B.

#### 2) Delområde 2: Strandsona innanfor planområdet og i influensområdet som ikkje er direkte påverka av tiltak i dagens situasjon

Dei delane av delområdet som ligg innanfor planområdet vert påverka av arealbeslag i den austlege delen av planområdet både for alternativ A og alternativ B. Dette området vert regulert til næringsføremål, nok som inneber vesentlege endringar for både landskap, natur og høve til friluftsliv i området. Den delen av delområdet som ligg i den vestlege delen av planområdet vert påverka av direkte arealbeslag for alternativ A, men ikkje for alternativ B. Alternativ A inneber at strandsona heilt til plangrensa vert regulert til kai- og næringsområde.

I dei delane av delområdet som ikkje ligg innanfor planområdet vil strandsona verte påverka i varierende grad med omsyn til visuelle verknader og opplevingsverdi. Planframlegget inneber ei planmessig opning for utviding av næringsområdet, med dei konsekvensane det medfører for strandsoneverdiar. Dette er skildra meir i detalj under konsekvensutgreiinga for landskap, friluftsliv, kulturmiljø og naturmangfald.

Verknaden vil vera meir negativ for strandsoneverdiar i området for alternativ A enn for alternativ B.

### 6.1.3 Overordna føringar for strandsona

Strandsonevernet i Norge har lange tradisjonar - særskilt vern sidan midten av 1950-talet og det alminnelege byggjeforbodet vart første gong lovfesta i 1965. Byggjeforbodet gjeld for heile 100-metersbeltet til sjø, uansett arealføremål. Strandsona langs sjøen er viktig for naturmangfald, friluftsliv, næringsliv og busetting. Strandsona er også mange stadar rik på kulturminne og gir særpreg og identitet til lokalsamfunna. Kyst- og strandstrekningane er av nasjonal interesse. I strandsona skal det alltid takast særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og allmenne interesser – uansett sone i Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona (SPR).

Statlege planretningslinjer for differensiert strandsoneforvaltning (SPR) har delt landet i tre soner, med grunnlag i utbyggingspress. Retningslinjene skal bidra til ei geografisk differensiering gjennom planlegging, og er strengast der utbyggingspresset er stort og verneverdiane er høgast. Bømlo kommune er plassert i sone 3, der det er minst press og der det i større grad vil vera mogleg å legge til rette for ny utbygging som medverkar

til m.a. næringsutvikling og arbeidsplassar. Soneinndelinga tek ikkje fullt ut omsyn til lokale forskjellar i byggjepress og verneverdiar innan den enkelte kommune, og dette må takast omsyn til ved planlegging. Uansett sone, skal omsynet til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser i strandsona takast i vare, og unødig bygging langs sjøen unngåast.


Generelle retningslinjer i SPR:

- *Utbygging bør konsentreres til etablerte byggeområder.*
- *Arealer til bolig-, sentrums- og næringsutvikling bør prioriteres foran arealer til fritidsboliger. Ved lokalisering av næringsområder bør det vektlegges om næringer og næringsvirksomhet som bidrar til økt lokal verdiskaping trenger tilgang til sjøen*
- *Karakteristiske hovedtrekk i landskap bør opprettholdes.*
- *Mulighetene for allment friluftsliv: Det bør legges stor vekt på å opprettholde og forbedre tilgjengeligheten til strandsonen fra landsiden og sjøsiden samt mulighetene for å ferdes og å oppholde seg langs sjøen.*
- *Kartlegging av konkrete strandsoneverdier er sentralt*

Føringar spesifikt for areal som er del av sone 3 i SPR:

- *Det bør ikke tillates utbygging i områder som har spesiell verdi i forbindelse med friluftsliv og allmenn ferdsel, naturkvaliteter, naturmangfold, kulturmiljø og landskap*
- *I områder hvor alt tilgjengelig utbyggingsareal ligger innenfor 100-metersbeltet, og alternativ plassering av tiltak dermed ikke er mulig, vil kommunen ha videre adgang til å vurdere ny utbygging i strandsonen.*
- *Behovet for næringsutvikling og arbeidsplasser, for eksempel satsing på reiseliv og turisme, skal tillegges vekt i vurderingen av tiltak i 100-metersbeltet.*
- *Det kan være grunnlag for å tillate visse tiltak nær sjøen, som for eksempel brygger, naust, næringstiltak og sjørettede reiselivsanlegg. Slike tiltak bør samles og lokaliseres i tilknytning til annen bebyggelse. Felles brygger og naust bør prioriteres.*
- *Utbygging bør så langt som mulig lokaliseres til områder som er bebygd fra før, og med vekt på fellesløsninger for veger og annen teknisk infrastruktur.*
- *Alternative plasseringer bør vurderes og velges dersom det er mulig. Det bør også vurderes om tiltaket kan trekkes vekk fra sjøen. Tiltak som tillates må tilpasses omgivelsene best mulig*

Planområdet er lokalisert på Serklau på Moster. Store deler av nærområdet er ubyggd. Næraste busetnad er bustadfeltet Heio, som ligg søraust for planområdet, utanfor strandsonebeltet. I gjeldande kommuneplan er det avsett eit bustadområde like sør for planområdet, som ei utviding av bustadfeltet på Heio i retning næringsområdet. I tillegg er deler av Prestnes avsett til næringsføremål. Dette næringsføremålet var opphaveleg del av planområdet, men vart tatt ut som ein del av planprosessen (dette er skildra nærare i planomtalen). Det er elles ikkje avsett utbyggingsareal tett på planområdet, og det er ikkje kjent at det er reguleringsplanprosessar på gang for desse områda. Vurderingar basert på dagens kommuneplan og reguleringsplanar gir ikkje eit grunnlag for at planområdet og i dei nærmaste kringliggjande areal er under særleg høgt press, og det er mykje areal som er definert som potensielt tilgjengeleg. Store deler av strandsona kring Mosterhamn er utbygd og såleis under press.



I planframlegget fremjar ein dels næringsareal i eit strandsonerområde som ikkje er utbygd frå før. I gjeldande reguleringsplan frå 1987 er heile planområdet regulert til industri og kaiareal, og planframlegget medfører såleis ei vesentleg mindre utbygging enn det den planen legg til rette for. Planframlegget inneber ei utviding av eksisterande næringsområde, men ikkje ein utvida plansituasjon. Det er etablert infrastruktur i området, fram til næringsarealet (veg, vatn og avløp). Eksisterande infrastruktur gir eit godt grunnlag for å utvikle næringsareala, utan å til dømes måtte legge ny veg fram til området. Planområdet vil gi grunnlag for, og er regulert til næringsaktivitet som treng tilgang til sjø. Samla gir desse forholda at alternative plasseringar innanfor planområdet og å trekke føremål vekk frå sjøen er lite reelt. Det er likevel negativt å ta i bruk strandsona til utbyggingsføremål, jf. dei nasjonale verdiane som er i strandsona

#### 6.1.4 Avbøtende tiltak

## 7 Konsekvensutgreiing friluftsliv, inkludert barn og unge

Friluftsliv er definert som opphald og fysisk aktivitet i friluft i fritida, med sikte på miljøforandring og natur-opplevingar. Temaet omhandlar område som har tyding for ålmenta si moglegheit for å drive friluftsliv som helsefremjande og trivselsskapande aktivitet i nærområdet og i naturen elles. Det er valt å trekke strandsone ut som eige tema.

Planprogrammet gir følgjande for utgreiingstemaet:

*Det er ikkje kartfesta regionale eller lokale friluftsområde innanfor planområdet. Breivik er eit statleg sikra friluftsområde som ligg søraust for planområdet. Området vert nytta til bading og strandbaserte aktivitetar, båtutfart og fiske. Området ligg like nord for Mosterhamn, mot Bømlafjorden og Stokksundet i aust. Området er skildra som vilt og vakkert, men lite tilrettelagt. Det er òg turstiar/-løyper på Austneset, som ligg like aust for planområdet. I eit folkehelseperspektiv er det viktig å leggja til rette for fysisk aktivitet og at terskelen for å delta er låg. I planprosessen vil ein sjå nærare på planen sin verknad på friluftsliv knytt til både land, sjø og strandsone, inkludert verknaden for folkehelse, barn og unge. Planarbeidet skal sikre buffer mot friluftsområda i aust.*

Rettleiaren for barn og unge i plan og byggesak frå KMD (2021) peikar på at god og gjennomtenkt planlegging er grunnleggjande for at barn får trygge oppvekstvilkår og eit godt utgangspunkt for god helse. Det må vera enkelt og trygt å gå og sykle til skule, venner og fritidsaktivitetar, og det må finnast område for fysisk utfolding. Det er vidare peika på at nesten all planlegging har innverknad på nærmiljø og oppvekstvilkår for barn og unge på kort eller lang sikt. Planlegging etter plan- og bygningslova skal leggje vekt på langsiktige løysingar, og konsekvensar for miljø og samfunn skal skildrast. Omsyn til oppvekstvilkåra til barn og unge skal ivaretakast i planlegging.

Metode i Miljødirektoratet sin rettleiar M-1941 er nytta for fagtemaet. Det er ikkje utført nye kartleggingar i samband med planarbeidet då det er kartlagde regionale friluftsområde i kommunen, men det er gjennomført synfaring i området.


Datagrunnlag og kjelder for vurderingane er følgjande:

- Regionalt viktige friluftslivsområde, [www.fylkesatlas.no](http://www.fylkesatlas.no)
- Potensielt tilgjengeleg strandsone, [www.ssb.no](http://www.ssb.no)
- Turrutedatabasen, [www.ut.no](http://www.ut.no)
- M1941 – 2023 Håndbok om konsekvensutredning av klima og miljø – Konsekvensutredning av friluftsliv, Miljødirektoratet
- Synlegheitsanalyse, ABO Plan & Arkitektur
- Utgreiingstema landskap, samt kulturminne og kulturmiljø
- Rettleiar M-98, Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområder

I dette kapitelet har ein vurdert konsekvensane av 0-alternativet og for dei to alternativa, for planområdet og for influensområdet. Planområdet og influensområdet er avgrensa og synt i figur under. Influensområdet er avgrensa til ei sone på 3 km kring planområdet, og vidare delområde/kjente registreringar som innanfor den sona har innsyn eller vert direkte påverka av framtidige tiltak og aktivitet innanfor planområdet.


### 7.1.1 Verdi – friluftsliv

Det er definert åtte delområde for temaet. Dette er dels registrerte friluftslivområde, dels delområde som er definerte på grunnlag av synfaring i området. Influensområdet for temaet er avgrensa dels ved hjelp av synlighetsanalyse som er utarbeidd for området. Denne er skildra under deltema landskap (kapittel 2). Delområda er vist i figuren under, og vidare skildra i teksten under.




Figur 62 Definerte delområde for friluftsliv.

Delområde 1 – Sti Austnes er stien som går frå dagens næringsområde, og som fører ut mot Prestnes og rundløypa på Austnes. Dette området er ikkje registrert som eit friluftslivområde, men stien er registrert i kartet, og er registrert i UT-databasen. Delområdet er vurdert til å vera av typen «utfartsområde», som samsvarer med områda som stien fører til. Stien går frå vegen/næringsområdet ved Serklau gjennom ein tett skog, over beitemark, forbi bustadområdet ved Heio, og kjem inn på stinettet kring Austnes og Prestnes.




Figur 63 Stien som går ut til friluftsområda Austnes og Revsneset.

Delområdet er vurdert til å ha verdi «stor» på grunn av at det er innfartsområdet til dei viktige friluftslivsområda på Austnes og Revsneset.




Delområde 2 – Prestnes omfattar ytre del av Prestnes, og stien som går langs Austneshamn, og som fører ut til Prestnes. Neset med nokre tilhøyrande øyer som ligg like nord for Storningsvika er også inkludert i dette delområdet. Det går fleire stiar i området, mellom anna er det ei rundløype som går langs vestsida av Austneshamn, og som utgjør ei rundløype ute på den ytste delen av Prestnes. Området er i all hovudsak eit naturområde, og er ikkje eit registrert friluftslivsområde, sjølv om det dels er skilta, og det er mykje turstiar i området.

Delområdet er vurdert til å vera av typen «Utfartsområde», og er vurdert til å ha middels verdi. Verdien er sett på bakgrunn av at området ber preg av å vera relativt mykje brukt, og grensar til området «Austnes», som er eit friluftslivsområde som er registrert som svært viktig.



Delområde 3 – Austnes omfattar det same området som er registrert som eit svært viktig friluftslivsområde. Sjå også kartutsnitt under, som viser turløypa «Austnes rundt».



Figur 64 Til venstre; turløype registrert i [www.ut.no](http://www.ut.no). Til høyre; stiar kring planområdet.


Turløypa er 2,9 km, er registrert som middels krevjande, og har 111 høgdemeter totalt. Turen er skildra på følgjande måte:

«Turområdet ligg nordaustvendt mot Bømlafjorden, og ligg i eit variert og kupert terreng. Rundløypa går blant anna via svaberg, lyng og myr. Området har eit rikt planteliv. Ein går langs fleire strender. I nokre av dei kan du ta deg ein dukkert om du vil. Langs løypa passerar du og ein kolerakyrkjegard. På det høgaste punktet i denne rundløypa kan du nyta utsikt til Sunnhordlands-landskapet i mest 360 grader. Du ser mot Sveiolandet i søraust, Kvinnherad fjella og Folgefonna i nordaust. I nord vil du sjå brutårna i Trekantsambandet, Siggjo og Stord. Og alt dette kun frå nokre meter over havflata».



Figur 65 Foto frå austsida av delområde 3 – Austnes.

Delområdet er registrert som «utfartsområde», og er verdisett som «svært viktig». Området ber preg av å vera i utstrakt bruk, både som turløype, og som bade- og utfluktsområde. Det er tilrettelagt med fleire benker og rasteplassar, samt utkikkspunkt og skilting. På bakgrunn av dette er delområdet vurdert til å ha stor verdi.




Delområde 4 – Revsnes omfattar det same området som er registrert som eit svært viktig friluftslivområde. Det går ei rundløype rundt neset, og det er fleire fine badeplassar i området. Området er registrert som eit «Utfartsområde», og er registrert som svært viktig. På bakgrunn av dette er området vurdert til å ha stor verdi.



Delområde 5 – Røyksund omfattar dei søraustlege delane av det registrerte friluftslivområdet «Kanalane og sjøareal i nærleiken». Det registrerte friluftslivområdet ligg relativt langt frå planområdet, om lag 2 kilometer i luftlinje. Området er stort, og det er såleis berre dei delane av området som er synleg frå planområdet som inngår i delområde 7. Det registrerte friluftslivområdet er skildra på følgjande måte:

*«Røyksundkanalen har sitt austre innløp frå Stokksundet og via det smale løpet ved sørspissen av Sørneset. Kanalane blir med rette kalla vannvegar».*

Området er registrert som type «Strandsone med tilhørende sjø og vassdrag», og er registrert som «Svært viktig». På bakgrunn av dette er delområdet verdisett til «Svært stor» verdi.




Delområde 6 – Føyno og Nautøy omfattar øyene Nautøy og Føyno, og sjøområda rundt. Området ligg langt frå planområdet (om lag 2 km i luftlinje), men planområdet er synleg frå deler av friluftslivområdet. Delområdet har same avgrensing som det registrerte friluftslivområdet «Føyno – Nautøy», som er registrert som typen «Strandsone med tilhørende sjø og vassdrag», og som «Svært viktig». Innanfor området ligg Ruvika, som er eit Statleg sikra friluftsområde. Planområdet er ikkje synleg frå Ruvika. Området er skildra på denne måten:

*«Statleg sikra friområde innanfor Ruvika. 33 personar er registrert busett innanfor 500 meter avstand frå friluftsområdet. Steinsholmen – Kantkratt: "Rik flora og tre raudlistartar, derav ein sårbar og ein sterkt truga art, tilseier verdien særst viktig (A)." (Naturbase). Landskap Tilhøyrrer landskapstype 21-02-04. Føyno og Nautøy er saman med Otterøy og Spissøy låge øyar i fjordbassenget mellom Bømlø og Stord. Nautøy har hovudsakleg furuskog, medan landskapet på Føyno vekslar mellom kulturmark (landbruk og noko busetnad) med rik lauvtrevegetasjon og naturmark prega av furuskog. Planstatus 2014 Lonkjølsvikjo R-268-000 – Område for fritidsbustadar med leik, grøntområde og friluftsområde. Digernessundet R-116-000 – Industri. Gjeld Store og Litle Lonkjølsholmen samt aust for Nordavikjo. Trekantsambandet R-050-000 – forutan vegareal er regulet område avsett til friområde, anna trafikkområde, friluftsområde Øvrige areal på land: Uregulert, LNF- område i kommuneplanen. Omsynssone friluftsliv. Areal i sjø: Natur- og friluftsområde i sjø samt nokre fiskeområder på vestsida av Nautøy. Omsynssone friluftsliv. Naturverdiar Føyno – Rik edellauskog: "Rik edellauskog med ein stor førekomsten av den sjeldne og sterkt truga skjelporelav gjer at lokaliteten vert vurdert som særst viktig (A)." (Naturbase)».*


På bakgrunn av dette er verdien av delområdet sett som «Svært stor».




Delområde 7 – Serklau omfattar land- og sjøområda kring planområdet som ikkje er registrert som friluftslivområde. Delområdet er av typen «Strandsone med tilhørende sjø og vassdrag», og verdien er vurdert til å vera «middels verdi». Området vert brukt til friluftsliv, både turområde på land, tilgang til sjø og bading, samt aktivitetar og båtliv på sjø. Området har ein relativt høg brukarfrekvens, som transportetappe mot Røyksundkanalen og vidare mot Kulleseidkanalen. Det er ein del regionale brukarar av området, då særleg båtturistar. Delområdet har såleis i nokon grad funksjon som tilkomstsone, og har ein slags symbolverdi i regional samanheng. Verdien vert sett til middels på bakgrunn av at området i hovudsak vert nytta som ein transportetappe mot kanalane, som er verdisett høgare.



Delområde 8 – Næringsområdet ligg innanfor plangrensa, og omfattar dei områda som er sterkt påverka av næringsaktiviteten på området. Ein del av arealet er direkte i bruk/beslaglagt med bygg eller anna næringsaktivitet. Dette inkluderer både sjøområda og landområda. Desse områda kan naturleg nok ikkje nyttast til friluftslivaktivitetar, då dei er i bruk til andre føremål. Det er vurdert at delområdet har verdi «Ubetydeleg» for friluftsliv.



Kartet under viser delområda som er skildra i teksten over, med nummer og farge som tilsvarar definert verdi. Bufferen på 5 kilometer kring planområdet er vist, og det er ikkje definert delområde for friluftsliv utanfor denne. Verdikartet er elles basert på kva område planområdet er synleg frå.



Figur 66 Verdikart for friluftsliv.

### 7.1.2 Verknad av tiltaka – friluftsliv

Dei vanlegaste påverknadsfaktorane på friluftsliv er endring i attraktivitet, arealbeslag og/eller barrierar/stengsel som reduserer tilgjenge og tilkomst. Vurdering av påverknad er gjort for kvart delområde, og er gjort i tråd med rettleiar M-1941. Vurdering av påverknad for kvart delområde er såleis gjort med omsyn til følgjande faktorar:

- endring i attraktivitet
- arealbeslag
- tilgjenge
- forureining
- funksjon
- friluftslivets ferdselsårer

Når det gjeld påverknad av planframlegget på barn og unge vil dette i stor grad vera samanfallande med påverknaden på friluftsliv og strandsone. Det er i hovudsak innanfor desse temaa barn og unge vil ha interesser, og vera brukarar av planområdet og influensområdet.


Det er ingen direkte påverknad for barn og unge frå planframlegget i form av at område som er avsett til bruk for barn og unge vert råka. Konsekvensane for barn og unge i dette planframlegget er vurdert å vera knytt til redusert tilgang til område som i dag kan nyttast til friluftsliv, ved at næringsområda vert utvida samanlikna med dagens situasjon.

Det er ikkje noko som tyder på at områda kring planområdet er i bruk som leikeareal eller som turområde spesielt for barn og unge. Dei aktuelle områda ligg relativt tett på eksisterande næringsområde, og dei er såleis

ikkje like attraktive for leik og friluftsliv som område som ligg i lengre avstand frå næringsområdet. På bakgrunn av dette er det ikkje gjort egne vurderingar av påverknad og konsekvens for barn og unge, men dette vil vera del av vurderingane for tema friluftsliv og strandsone.

#### Delområde 1

Stien til friluftsområda ved Austnes og Revsneset ligg dels innanfor og dels utanfor planområdet. Stien innanfor planområdet ligg i all hovudsak innanfor LNF-område, men ligg svært tett på regulert næringsføremål i den austlege delen av planområdet; sjå utsnitt frå plankartet under. Situasjonsplanen er lik i dette området for begge alternativa. Den etablerte stien må difor truleg leggst om i deler av området.



Figur 67 Utsnitt frå plankartet i den austlege delen av planområdet. Grøn farge er LNF-føremål, lilla føremål er næringsføremål.

Stien vil få redusert attraktivitet ved at næringsområdet kjem tettare på. Dette inneber redusert attraktivitet på grunn av både visuelle verknader, samt potensielt lydforureining. Det er vurdert at delområdet vert forringa for deltema endring i attraktivitet. Når det gjeld arealbeslag er det også vurdert at delområdet vert forringa. Tilgjenge til delområdet vert også redusert, i form av at det vert etablert barrierar eller stengsel i område som tidlegare har vore tilgjengelege for friluftsliv, og delområdet vert forringa for dette temaet. Delområdet vil verte påverka i aukande grad av forureining i form av lyd, sjølv om næringsområdet vil liggje ein del lågare i terrenget enn stien. For dette temaet er det vurdert at delområdet vert noko forringa. For deltema funksjon vert delområdet forringa som følgje av planframlegget, då funksjonen som sti og som tilkomst til friluftslivområdet vert redusert.

Verknaden vert totalt er sett til forringa for delområdet, og denne er lik for dei to alternativa:



#### Delområde 2

For delområdet Prestnes vil deler av delområdet få redusert attraktivitet som følgje av planframlegget. Dette gjeld særleg den sørvestlege delen av delområdet, som vil koma nærare næringsområdet, noko som naturleg vil medføre meir negative visuelle verknader, samt meir sannsyn for støy. Det vil ikkje verte direkte arealbeslag

innanfor delområdet, men deler av stien inn til delområdet kjem svært tett på regulert næringsføremål (sjå delområde 1). Dette kan verke inn på attraktiviteten til delområde 2, då dette er tilkomstvegen til området. Tilgjenge til området vil ikkje endrast vesentleg, sjølv om tilkomstvegen må justerast. Funksjonen til området vert ikkje endra.

Verknaden er sett til noko forringa for delområdet, og denne er lik for dei to alternativa:



#### Delområde 3

For delområdet Austnes vil deler av delområdet få redusert attraktivitet som følgje av planframlegget. Dette gjeld dei sørvestlege delane av området, som ligg tettast på næringsområdet. Ein mindre del av delområdet overlappar med planområdet. Dette området er regulert til LNF, og det vil såleis ikkje vera direkte arealbeslag, men denne delen av friluftsområdet vil uansett liggja tett på næringsområdet. I denne delen av området vil næringsområdet medføre negative visuelle verknader, og meir sannsyn for støy. Deler av stien fram til delområdet kjem svært tett på regulert næringsføremål (sjå delområde 1), og dette kan verke inn på attraktiviteten til delområde 3, sjølv om det er fleire stiar fram til dette friluftslivområdet. Tilgjenge til området vil ikkje endrast vesentleg, sjølv om tilkomstvegen må justerast. Funksjonen til området vert ikkje endra.

Verknaden er sett til noko forringa for delområdet, og denne er lik for dei to alternativa:



#### Delområde 4

Delområdet Revsneset ligg søraust for planområdet, og har truleg hovudtilkomst via Breivikvegen, og ikkje via stien ved planområdet. Avstanden frå plangrensa til avgrensinga på området er om lag 120 meter i luftlinje, og terrenget og vegetasjonen gjer at det ikkje vil vera visuell kontakt mellom delområdet og planområdet. Det er såleis heller ingen verknadar av planframlegget i form av direkte arealbeslag for delområdet. Tilgjenge til området kan dels verte påverka via turstien som går frå Serklau-området, men det er truleg berre ein liten del som nyttar denne tilkomsten til området. Næringsområdet vil koma noko litt nærare delområdet enn dagens situasjon, noko som kan medføre noko auke i støy, sjølv om det vil vera ein god buffer mellom delområdet og næringsområdet. Det er ikkje vurdert at området sin funksjon som svært viktig friluftslivområde vert redusert som følgje av planframlegget.

Verknaden er sett til ubetydeleg endring for delområdet, og denne er lik for dei to alternativa:



#### Delområde 5

Delområdet Røyksund ligg i overkant av 1,5 km frå planområdet på det næraste. Avstanden er såleis stor til planområdet, og generelt sett vil tiltak innanfor planområdet ha mindre vesentlege verknadar for delområdet. Det vil kunna vera nokre visuelle verknadar, men det er allereie etablert næring i området, og frå denne

avstanden vil ikkje ei utviding medføre reduksjon i attraktivitet. Det vil heller ikkje vera ei merkbar auke i støy, ingen endringar i tilgjenge, og ingen arealbeslag eller endringar i funksjon for delområdet.

Verknaden er sett til ubetydeleg endring for delområdet, og denne er lik for dei to alternativa:



#### Delområde 6

Delområdet Føyno - Nautøy ligg om lag 2 km frå planområdet på det næraste. Avstanden er såleis stor til planområdet, og generelt sett vil tiltak innanfor planområdet ha mindre vesentlege verknadar for delområdet. Det vil kunna vera nokre visuelle verknadar, men det er allereie etablert næring i området, og frå denne avstanden vil ikkje ei utviding medføre reduksjon i attraktivitet. Det vil heller ikkje vera ei merkbar auke i støy, ingen endringar i tilgjenge, og ingen arealbeslag eller endringar i funksjon for delområdet.


Verknaden er sett til ubetydeleg endring for delområdet, og denne er lik for dei to alternativa:



#### Delområde 7

Delområdet omfattar sjøområda og strandsona innanfor og utanfor planområdet, som ikkje er direkte påverka av tiltak, og som ikkje er registrert som friluftslivområde. Dei delane av delområdet som ligg innanfor planområdet vil dels verte direkte påverka gjennom direkte arealbeslag. For områda utanfor planområdet vil verknaden vere mindre i aukande avstand til planområdet. For det meste av området vil det ikkje verte ein endring i attraktivitet, for dei næraste områda til planområdet er attraktiviteten allereie vesentleg redusert, på grunn av nærleiken til næringsområdet. Det meste av delområdet vil ikkje verte påverka gjennom arealbeslag, tilgjenge, auka forureining eller redusert funksjon, mens for dei næraste områda kan desse momenta vera til stades. Delområdet er stort, og det er vurdert at totalt sett for delområdet vert verknaden for friluftsliv noko forringa.


Verknaden er sett til noko forringa for delområdet. Verknaden er noko større for alternativ A, men begge alternativa hamnar innan same kategori:



#### Delområde 8

Delområdet vert naturleg påverka av planframlegget, då det vil verte råka av arealendringar og arealbeslag. Området er allereie eit utbygd næringsområde, og er såleis ikkje i bruk som eit friluftsområde i dag. Det er såleis heller ikkje slik at området vil verte sterkt forringa samanlikna med dagens situasjon, men det kan verte meir påverka enn dagens situasjon, både med omsyn til arealbeslag og forureining.

Verknaden er sett til forringa for delområdet for alternativ A, og noko forringa for alternativ B .




### 7.1.3 Avbøtande tiltak

Planframlegget vil kunne kome i konflikt med turstien som går ut til Prestnes og Austnes. For å bøte på dette er det lagt inn eit rekkefølgskrav i føresegnene som styrer at før det vert gjeve løyve til igangsetting av grunnarbeid innanfor ubygde delar av NÆ2 må delar av etablert tursti til Prestnes leggjast om og utanfor næringsføremålet NÆ2. ein der såleis sikra tilkomst til desse friluftslivområda; sjølv om det kan vera behov for å leggje om stien.

Det er lagt inn rekkefølgskrav om opparbeiding av fortau langs tilkomstvegen til næringsområdet. Dette vil betra trafikktryggleiken i området, også for barn og unge. Det er også sett krav i føresegnene til at skjeringa mellom NÆ2 og LNF2 må sikrast med gjerde på toppen.

### 7.1.4 Konsekvens

Samla konsekvens for delområde 1-8 gir følgande:



Figur 68 Konsekvensvifte for alternativ A og Alternativ B. Der det ikkje er oppgitt bokstav gjeld konsekvensvurderinga for begge alternativa.

### Forholdet til 0-alternativet:

Planområdet på land overlappar i stor grad med eksisterande reguleringsplan for området (R-45 frå 1987), som viser heile arealet som industri og kaianlegg. Eksisterande plansituasjon opnar såleis for industri på eit vesentleg større areal enn det både alternativ A og alternativ B gjer. Bakgrunnen for oppstart av ny reguleringsplan for Serklau-området er likevel at gjeldande plan manglar føresegner om utnyttingsgrad,

byggehøgde og byggegrenser til sjø, og planen støttar såleis ikkje dagens krav. Når det gjeld plansituasjonen er 0-alternativet på bakgrunn av dette i realiteten at det ikkje kan byggast ut meir i området. 0-alternativet vil dermed vera dagens situasjon i planområdet, med dei tiltaka som er etablert i området i dag. Samla vurdering av konsekvens for delområda dersom ein legg til grunn dagens situasjon er såleis ubetydeleg endring/konsekvens.

#### Forholdet til planalternativa:

| Delområde                                    | Konsekvens Alternativ A                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                               | Konsekvens Alternativ B |
|----------------------------------------------|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-------------------------|
| <b>Delområde 1</b>                           | Middels negativ                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                       | Middels negativ         |
| <b>Delområde 2</b>                           | Noko negativ                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                          | Noko negativ            |
| <b>Delområde 3</b>                           | Noko negativ                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                          | Noko negativ            |
| <b>Delområde 4</b>                           | Ubetydeleg                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                            | Ubetydeleg              |
| <b>Delområde 5</b>                           | Ubetydeleg                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                            | Ubetydeleg              |
| <b>Delområde 6</b>                           | Ubetydeleg                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                            | Ubetydeleg              |
| <b>Delområde 7</b>                           | Noko negativ                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                          | Noko negativ            |
| <b>Delområde 8</b>                           | Ubetydeleg                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                            | Ubetydeleg              |
| <b>Samla vurdering</b>                       | <b>Noko negativ</b>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                   | <b>Noko negativ</b>     |
| <b>Samla verknader</b>                       | Næringsområdet på Serklau har vore i bruk i lang tid til ulike næringar og menneskeleg aktivitet, og området har såleis allereie vore påverka av menneskeleg aktivitet og næringsverksemd i lang tid. Dette har også medført konsekvensar for friluftsliv, ved at området ikkje har vore særleg attraktivt for slik aktivitet. Vidare utviding av næringsområdet vil medføre ytterlegare arealbeslag, og endra verknader, også for friluftsliv i området. Begge alternativa vil medføre negativ konsekvens for friluftsliv, og det er ikkje vurdert at konsekvensane vil vera vesentleg ulike for dei to alternativa. |                         |
| <b>Grunngjeving for samla konsekvensgrad</b> | Samla konsekvensgrad for friluftsliv er sett til noko negativ konsekvens på bakgrunn av at det er ei overvekt av delområde som er vurdert til ubetydeleg eller noko negativ konsekvens. Eitt område har middels negativ konsekvens, mens ingen delområde har stor eller svært stor negativ konsekvens.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                |                         |

#### 7.1.5 Usikkerheit

Det er gjennomført synfaring i området, og kjende databasar er nytta som grunnlag, men det kan likevel vera moment som ikkje er fanga opp, og som kunne vore vurdert i utgreiinga. Det er såleis ein viss usikkerheit kring delområda og verdisettinga av desse.

Når det gjeld barn og unge er det ikkje registrert plassar for opphald for barn eller leikeplassar i nærleiken av planområdet. Det er heller ikkje registrert ferdsléarar, plassar eller liknande som er av særleg verdi for barn, og det er ikkje gjort "barnetråkkundersøkingar». Kunnskapsgrunnlaget er basert på tilgjengeleg informasjon, og vert ikkje vurdert som uttømmende med tanke på område og ferdsléarar som born og unge nyttar.

## 8 Konsekvensutgreiing naturressursar

Temaet naturressursar skal omfatta vurderingar av naturressursar ut frå samfunnets interesser og behov for å ha ressursgrunnlaget tilgjengeleg for framtida. Det gjeld både som grunnlag for sysselsetting og verdiskaping og av omsyn til samfunnssikkerheit. Vurderinga omfattar både mengd og kvalitet av ressursen. Med fornybare ressursar er meint vatn, fiskeressursar i sjø og ferskvatn, og andre biologiske ressursar. Med ikkje-fornybare ressursar er meint jordsmonn og mineralressursar (berggrunn og lausmassar).

Planprogrammet gir følgjande for utgreiingstemaet:

*Det er registrert mindre område med fulldyrka jord og innmarksbeite søraust i planområdet, og langs tilkomstvegen.*

*Sjøområda rundt Serklauholmen er del av eit større fiskeområde for passive reiskap (Spissøy). Dette er registrert som eit mykje brukt fiskefelt for fiske etter sei med garn og harpe.*

*I planprosessen vil ein sjå nærare på planen sin verknad på naturressursar knytt til både land og sjø.*


Konsekvensutgreiinga for tema naturressursar tek utgangspunkt i metodikken i Statens Vegvesen sin rettleiar for konsekvensanalysar (V712). I dette kapitlet er det naturressursar på land som er vurdert. Det er gjennomført eigen konsekvensutgreiing av marine naturressursar av Rådgivende Biologer AS i samband med planarbeidet. Denne rapporten er vedlagt, og det er gjengitt ein del av samandraget i kapitlet *Marint naturmangfald og marine naturressursar*.

Konsekvensutgreiinga er gjennomført for dei to alternativa A og B. Desse alternativa og nullalternativet er skildra i metodekapitlet.

### 8.1.1 Verdi

#### Verdi – landområda

Kartutsnitt i planprogrammet viser at det er eit mindre område med fulldyrka mark innanfor planområdet, og eitt areal som ligg like utanfor planområdet i søraust. AR5-karta er no oppdatert, og det er no ikkje vist fulldyrka mark innanfor planområdet. Dette stemmer betre med dagens situasjon, då det er etablert veg i området der det var registrert fulldyrka mark innanfor planområdet. Deler av området med innmarksbeite som ligg like utanfor plangrensa i søraust er i dag i ferd med å verte tilgrodd av skog.



Figur 69 AR5-kart frå planprogrammet (til venstre) og dagens situasjon til høgre.

Planområdet er delt inn i følgjande delområde for tema naturressursar på land:

- 1 – Serklauvegen vest
- 2 - Serklauvegen aust
- 3 - Innmarksbeite
- 4 - Skog søraust
- 5 - Skog vest

Til informasjon: Når det gjeld landbruksjord (fulldyrka og innmarksbeite) er heile arealet tatt med (inkludert det som ligg utanfor plangrensa). Tanken er at det er viktig å ta vare på heile «teigen». Dette er ikkje gjort for skog-områda, då det ikkje er vurdert at desse er samanhengande teigar på same måten.

Delområde 1 – Serklauvegen vest består av eit område registrert som fulldyrka jord, med registrert innmarksbeite i kringliggande område. Planområdet overlappar med deler av området, som ligg tettast på Serklauvegen.




Figur 70 Foto frå delområde 1.


Det er totalt sett om lag 6 daa innmarksbeite, og om lag 8,5 daa fulldyrka jord. Heile området er verdisett til Middels verdi, basert på AR5 og DMK (NIBIO). Basert på dette er delområdet verdisett til middels verdi.




Delområde 2 – Serklauvegen aust består av eit skogområde på austsida av Serklauvegen. Skogen innanfor planområdet er i hovudsak registrert med særst høg bonitet, eit mindre område er registrert med høg bonitet. Det er i hovudsak lauvskog langs vegen innanfor planområdet. Deler av lauvskogen er registrert som naturtypen frisk lågurtedellauvskog av høg kvalitet. Eit mindre areal var tidlegare registrert som fulldyrka jord, men denne teigen er no tilgrodd, og er registrert som lauvskog av særst høg bonitet. Området ligg framleis inne med verdiklasse «stor verdi». Skogen i området kan ha stor verdi for naturmangfald, men har liten økonomisk verdi som skogressurs. Verdien er på bakgrunn av dette satt til «ubetydeleg».




Delområde 3 – Innmarksbeite består av eit område på 14,5 daa, der om lag halvparten av arealet ligg innanfor plangrensa. Området hadde tidlegare ei større avgrensing, og deler av området er truleg i ein gjengroingsfase. Innmarksbeitet er registrert med verdiklasse «noko verdi» basert på AR5 og DMK (NIBIO). På bakgrunn av dette er området vurdert til å ha «noko verdi».



Delområde 4 – Skog søraust består av dei skogkledde områda i den søraustlege delen av planområdet. Området er registrert som lauvskog av høg bonitet. Deler av områda er registrert som den utvalde naturtypen kystlynghei med svært lav kvalitet og svært redusert tilstand, på grunn av at området er i sein gjenvekst-suksesjonsfase. Området er såleis i ein gjengroingsfase, og skogen er ikkje tett eller storvokst. Området kan ha stor verdi for naturmangfald, men har liten økonomisk verdi som skogressurs. Området grensar til registrert innmarksbeite, og deler av arealet vil ha kvalitetar som utmarksbeite, då det ikkje er tett skog i området. På bakgrunn av dette er verdien av området vurdert til «noko verdi».



Delområde 5 – Skog vest består av dei skogkledde områda på vestsida av dagens utbygde næringsområde. Området er registrert i hovudsak med lauvskog, men med noko blandingsskog i nord. Deler av områda er registrert som den utvalde naturtypen kystlynghei med moderat kvalitet og tilstand. Området er i ein gjengroingsfase, og skogen er ikkje tett eller storvokst. Området kan ha stor verdi for naturmangfald, men har liten økonomisk verdi som skogressurs, då området er relativt ope og myrlendt, sjå foto under. Deler av området er i bruk som beiteområde. På bakgrunn av dette er delområdet vurdert til å ha noko verdi.






*Figur 71 Oversiktsfoto frå den vestlege delen av planområdet. Kjelde; rapport 74 – 2022, Kulturhistoriske registreringar, Serklau industriområde.*



*Figur 72 Den vestlege delen av planområdet, som dels er i bruk som beiteområde.*



Figur 73 Verdi på delområda for naturressursar. Berre dei områda innanfor planområdet som har verdiar er teke med i utsnittet.

### 8.1.2 Verknad

#### Delområde 1

Det er ein mindre del av delområdet som ligg innanfor planområdet. Planframlegget vil medføre arealbeslag i den austlege delen av delområdet. Totalt i overkant av 1 daa innmarksbeite og i underkant av 1 daa fulldyrka jord vert beslaglagt, og alt det beslaglagte arealet ligg i yttergrensa av arealet. Verknaden vil vera lik for alternativ A og alternativ B. Det er vurdert at verknaden av planframlegget for delområde 1 er noko forringa.




#### Delområde 2

I overkant av 3 daa registret lauvskog vil verte beslaglagt som følgje av planframlegget. Som naturressurs vil dette arealet, som ligg tett langs vegen i eit kupert område ha liten verdi. På bakgrunn av dette er det vurdert at verknaden av planframlegget for delområdet er ubetydeleg. Verknaden vil vera lik for alternativ A og alternativ B.



### Delområde 3

Om lag 5,5 daa av innmarksbeitet vil verte overlappande med næringsføremålet i planforslaget, og vil såleis verte beslaglagt. Ein mindre del, om lag 1,5 daa vil liggje innanfor LNF-føremål i planforslaget. Dette vil såleis ikkje verte beslaglagt, og kan framleis nyttast som beiteområde. På bakgrunn av dette er det vurdert at verknaden av planframlegget for delområdet er noko forringa. Verknaden vil vera lik for alternativ A og alternativ B.



### Delområde 4

Planforslaget vil medføre omdisponering av store deler av området. Den nordlege delen av delområdet vil verte beslaglagt og overlappande med næringsareal, medan den sørlege delen av delområdet er regulert til LNF-føremål i planforslaget, og verknaden vert såleis mindre i dette området. På bakgrunn av dette er det vurdert at verknaden av planframlegget for delområdet er forringa. Verknaden vil vera lik for alternativ A og alternativ B.



### Delområde 5

Verknaden vil vera ulik for alternativ A og alternativ B. For alternativ A vert om lag halve området beslaglagt til næringsføremål og vegtilkomst. Det er vurdert at delområdet vert forringa, då alternativet/planframlegget ekskluderer annan bruk av området. For alternativ B er det ingen inngrep på vestsida av næringsområdet, og verknaden vil såleis vera ubetydeleg.




### 8.1.3 Avbøtande tiltak

Som del av søknad om grunnarbeid skal det utarbeidast plan for massehandtering, som mellom anna skal innehalda plan for handtering av matjord. Føresegnene styrer også at opparbeiding av samferdselsføremål i område med matjord skal utførast skånsamt, og matjord skal takast vare på for attbruk i området. Skråningsutslag skal vera slak slik at tilgrensande areal kan tilbakeførast til jordbruksareal. Alternativt skal det

etablerast mur slik at minst mogleg matjord vert omdisponert. Løysing for utforming skal avtalast med grunneigar som del av detaljprosjektering.

#### 8.1.4 Konsekvens

Samla konsekvens for delområde 1-5 gir følgende:



#### Forholdet til 0-alternativet:

Planområdet på land overlappar i stor grad med eksisterande reguleringsplan for området (R-45 frå 1987), som viser heile arealet som industri og kaianlegg. Eksisterande plansituasjon opnar såleis for industri på eit vesentleg større areal enn det både alternativ A og alternativ B gjer. Bakgrunnen for oppstart av ny reguleringsplan for Serklau-området er at gjeldande plan manglar føresegner om utnyttingsgrad, byggehøgde og byggegrenser til sjø, og planen stettar såleis ikkje dagens krav. Når det gjeld plansituasjonen er 0-alternativet på bakgrunn av dette i realiteten at det ikkje kan byggast ut meir i området. 0-alternativet vil dermed vera dagens situasjon i planområdet, med dei tiltaka som er etablert i området i dag. Samla vurdering av konsekvens for delområda dersom ein legg til grunn dagens situasjon er såleis ubetydeleg endring/konsekvens

#### Forholdet til planalternativa:

| Delområder      | Alt A                     | Alt B                     |
|-----------------|---------------------------|---------------------------|
| Delområde 1     | Noko konsekvens (-)       | Noko konsekvens (-)       |
| Delområde 2     | Ubetydeleg konsekvens (0) | Ubetydeleg konsekvens (0) |
| Delområde 3     | Noko konsekvens (-)       | Noko konsekvens (-)       |
| Delområde 4     | Ubetydeleg konsekvens (0) | Ubetydeleg konsekvens (0) |
| Delområde 5     | Ubetydeleg konsekvens (0) | Ubetydeleg konsekvens (0) |
| Samla vurdering | Noko konsekvens (-)       | Noko konsekvens (-)       |

|                                              |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                               |
|----------------------------------------------|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| <b>Samla verknader</b>                       | Næringsområdet på Serklau har vore i bruk i lang tid til ulike næringar og menneskeleg aktivitet, og området har såleis allereie vore påverka av menneskeleg aktivitet og næringsverksemd i lang tid. Dette har også medført konsekvensar for naturressursar. Vidare utviding av næringsområdet vil medføre ytterlegare arealbeslag, og endra verknader, også for naturressursar området. Begge alternativa vil medføre noko negativ konsekvens for naturressursar, og det er ikkje vurdert at konsekvensane vil vera vesentleg ulike for dei to alternativa. |
| <b>Grunngjeving for samla konsekvensgrad</b> | <p>Det er ingen av delområda som er meir vektlagt enn andre. Alternativ A og alternativ B er vekta likt samla sett. Det er ikkje kjent at det er planlagt andre tiltak i nærområdet, slik at framtidig påverknad er avgrensa til planframlegget.</p> <p>Samla konsekvensgrad er sett til noko negativ konsekvens på bakgrunn av at det er ei overvekt av delområde som er vurdert til ubetydeleg eller noko negativ konsekvens.</p>                                                                                                                           |

#### 8.1.5 Usikkerheit

Det er ei viss usikkerheit kring bruken av dei registrerte delområda for naturressursar, men kunnskapsgrunnlaget er likevel vurdert til å vera tilstrekkeleg.

## 9 Konsekvensutgreiing tilkomst og trafikk

Viser til planomtalen for omtale av tema trafikkforhold og teknisk infrastruktur. Dette er ikkje eit eige definert tema i rettleiar M-1941, og difor er ikkje metodikk nytta i vurdering av dette temaet. Statens vegvesen sine handbøker, og særleg N100 legg føringar for standard og dimensjonering av nye vegar. Denne er nytta i planlegging og prosjektering av samferdselsføremåla.

Tema farlei og ferdsel på sjø er trekt ut som eige utgreiingstema, sjå neste kapittel.

I dette kapitelet har ein vurdert konsekvensane av planalternativet for planområdet og for influensområdet. Influensområdet er avgrensa til planområdet, inkludert verknadar av tungtransport gjennom Moster sentrum.

Planprogrammet gir følgjande for utgreiingstemaet:

*Deler av fylkesveg 542 Mostravegen er inkludert i planområdet. Denne vegen er godkjent regulert og ein del av reguleringsplanen for Moster sentrum, som er under utarbeiding. Planframlegget vil legge til rette for potensielt meir næringsaktivitet på området, og såleis tilhøyrande trafikk til og frå området. Frå avkøyrsla til Serklaugvegen er det ikkje opparbeidd fortau eller gang- og sykkelveg ut til industriområdet. Langsmed den kommunale vegen skal det regulerast inn fortau.*

*Hovudvegnettet innanfor planområdet skal regulerast, og det skal vurderast etablering av offentleg veg internt i planområdet, til dømes ut til ein eventuell djupvasskai.*

*Det er offentleg vasstilgang i området, og private avløpsløyser. Forhold til kapasitet og uttakspunkt for sløkkevatn skal omtalast i planarbeidet. Overordna VA-rammeplan skal utarbeidast.*

*Planarbeidet skal vurdere dagens situasjon og sjå på løysingar og behov for parkering med tilhøyrande infrastruktur og tilkomst. I planprosessen skal ein sjå nærare på trafiksikkerheita i planområdet og i tilgrensande område, samt forventa trafikkmengd og kapasitet på vegnettet, trafikkmonster, parkeringsdekning og -behov og framkomst for ulike trafikantgrupper. Planen vil medføre tungtrafikk gjennom Moster sentrum. Dette er eit tema som skal omtalast i planarbeidet.*

### 9.1.1 Planalternativet

For dette temaet er det ikkje gjennomført to alternativ, som i A og B. Konsekvensutgreiinga for temaet omtalar berre planalternativet som planframlegget byggjer på. Dette er gjort på bakgrunn av at det er vurdert at det ikkje vil vera store endringar knytt til vurderingar av tilkomst og trafikk for dei to alternativa. Sjølv om alternativ A vil gi plangrunnlag for større område som vert sett av til næringsføremål i planen, vil ikkje dette utgjere ein så stor skilnad i påverknad at det vil gi utslag i ei ulike konsekvensvurdering. Dette også på bakgrunn av at det ikkje ville vera kjend kva type næring som ville etablert seg i området, og estimata på trafikkmengd, og type trafikk (personbil eller tungtransport), ville vera høgst usikre.

Datagrunnlag og kjelder for vurderingane er følgjande:

- Statens vegvesen sine handbøker, og særleg N100
- Statens vegvesen V713, Trafikkberegninger (2014)
- Statens vegvesen, støyvarslingskart
- Kartbasen NVDB, vegkart med m.a. ÅDT, trafikkulykke, dagens situasjon, kollektiv
- Grunnkart som syner busetnad og infrastruktur


### 9.1.2 Dagens situasjon

Serklauvegen strekker seg frå avkøyrsla i sør mot Mostravegen, heilt ut til Serklauholmen, totalt om lag 1,3 km. Vegen er kommunal, KV 1104, og er registrert med ein ÅDT på 100, med 10 % lange køyretøy på nordsida av krysset mot Dahlanesvegen, og ein ÅDT på 300 med 10 % lange køyretøy sør for krysset mot Dahlanesvegen (2019). ÅDT-berekningane er oppgitt å vera basert på skjønn.

Serklauvegen har ei vegbreidde på om lag 6 meter i dag, og har gode sikt- og stigningstilhøve. Fartsgrensa langs Serklauvegen er 50 km/t, og det er ikkje fortau langs vegen i dag. Mostravegen, Fv 542, har også fartsgrense 50 km/t. Vegen er nyleg oppgradert, sjå skildring under *Vurdering – aukande trafikkmengd gjennom Moster sentrum*.

Kryssløysinga er ikkje inkludert i planområdet. Kryssløysinga er regulert i reguleringsplanen Fv. 542 Notland – Mosterhamn, plan ID 201612, frå 2019, og dette er tilfredsstillande løyst i denne planen. Plangrensa er difor sett slik at den ligg inntil denne planen. Fortauet som er regulert inn i planframlegget ligg på vestsida av Serklauvegen, og dette er også tilpassa slik at det heng saman med fortausløyisinga som ligg i planen for Fv. 542 Notland – Mosterhamn.

Kartutsnittet under viser registrerte trafikkulykker på strekningen mellom Notland og Mosterhamn, frå 1978 fram til i dag. Det er ikkje registrert trafikkulukker langs Serklauvegen, innanfor planområdet.



Figur 74 Oversikt over trafikkulykker på strekningen mellom Notland og Mosterhamn, inkludert Serklauvegen i perioden frå 1978 fram til i dag. Kjelde; vegkart.no

### 9.1.3 Vegløyningar i planområdet

#### Vurdering – tilkomstveg i planområdet

Regulert tilkomstveg i planforslaget følgjer i all hovudsak eksisterande tilkomstveg. Denne har 7,5 meter vegbreidde inkl. skulder, og maksimal stigning 7,5 %. Då vegen ikkje er detaljprosjektert opnar føresegnene for mindre justeringar/endringar når detaljprosjekteringa gjer dette føremålstenleg og forsvarleg med omsyn til tryggleik. Tilkomstvegen er oversikteleg og har i hovudsak gode sikttilhøve lange heile strekningen frå fylkesvegen ut til næringsområdet. Det er behov for utbetring av siktsona ved avkøyrsla til Dahlaneset, og dette er lagt inn som eit rekkefølgjekrav i planframlegget. Det er ikkje vurdert at det er naudsynt med andre rekkefølgjekrav knytt til eksisterande tilkomstveg, då denne er vurdert til å fungera tilfredsstillande i dag, og også ved ein framtidig situasjon med auka trafikk i området.

Det er ikkje regulert avkøyrringar til dei enkelte næringsområda. For å sikre løysingar med gode siktforhold og ryddig trafikksituasjon bør det planleggjast for felles innkøyrring til kvart enkelt næringsområde frå hovudvegen. Byggegrensa på næringsområda er sett 5 meter frå vegkant.

Parkering skal løysast internt på dei ulike næringsføremåla. I føresegnene er det krav om dokumentasjon som viser at parkering er stetta ved søknad om løyve til bygningar og anlegg. Parkeringskravet er eit minimumskrav som vil støtte behov for parkeringsplassar innanfor planområdet. Parkeringskrava til næringsføremåla er differensiert i kontor og industri/lager. Bømlo kommune sin kommuneplan er under revisjon, og føresegnene opnar for at føringar i ny kommuneplan kan følgjast dersom minimumskravet vert redusert. Planen sikrar tilstrekkeleg parkering for eksisterande og framtidig utvikling i området. I tillegg er det lagt til grunn at prinsipp om universell utforming skal vera førande for utforming av trafikkanlegg, byggverk, uteareal og tilkomstsoner.

### 9.1.4 Rekkefølgjekrav set føringar for at før det vert gjeve ferdigattest for tiltak innanfor NÆ1-6 skal det liggja føre ferdigattest for regulert fortau (o\_FO1-4) som vist i plankartet. Forventa trafikkmengd

Det er forventa ein auke i trafikk til planområdet når heile området er bygd ut, sjølv om ein del transport vil kunne gå sjøvegen. Dette vil omfatta auke i både småbiltrafikk og tungtrafikk. Det er truleg at ein stor del av næringsområda vil vera knytt til arealintensive næringar med store produksjonshallar og lager, og i mindre grad til kontor/administrasjon utover det som er nødvendig for produksjonsverksemda/lagerverksemda. Det er grunn til å tru at det vil vera mest trafikk til/frå området ved arbeidsstart og -slutt. I tillegg til dette vil det vera leveransar på dagtid.

Det er gjennomført ei grov kalkyle for framtidig trafikk ut frå handbok V713 (Trafikkberegningar, 2014). Det lagt til grunn 2 % trafikkvekst per år.

#### Trafikk med personbil

Det er ulik grad av sikkerheit kring forventa tal tilsette og samla bygningsmasse i planområdet, og for dei ulike delområda. For den austlege delen av planområdet er det konkrete planar for bruk av området, noko som gjer at det for dette området er nytta estimat for forventa trafikkmengd basert på dei konkrete planane for området. I den sørvestlege delen av planområdet er det ikkje konkrete planar per i dag, og det er difor i desse områda nytta forventa bygningsmasse i 100m<sup>2</sup> i utrekningane, då dette er det mest kjente grunnlaget. For områda til Bremnes Seashore er også standard utrekning grunnlaget nytta. Det er ikkje kjent at Bremnes Seashore har store planar om endringar eller utvidingar i si verksemd, og trafikkmengda som vert generert frå desse områda ligg såleis allereie inne i ÅDT -tala og ÅDT – estimata vist i tabellen under.

Statens vegvesen si handbok V713, trafikkberegningar, gir ulike måtar å rekne forventa turtrafikk og ÅDT. Den gir både eit utrekning grunnlag basert på forventa tilsette og forventa 100m<sup>2</sup>. Handbok V713 estimerer 3,5 bilturar per døgn for 100 m<sup>2</sup> næringsareal.

Samla er det om lag 80 dekar nytt næringsareal i planområdet. Med *nytt* næringsareal er i denne sammenhengen meint næringsareal som ikkje er tatt i bruk i dagens situasjon. Det er då estimert at eksisterande næringsareal, som er i bruk i dag, allereie ligg inne i ÅDT-tal og ÅDT berekningar i tabellen under. Utnyttingsgrad på næringsområda er sett mellom 60-70% (BYA). Det er ikkje reelt at bygningsmassen er lik regulert BYA då m.a. parkering, snuareal etc. inngår i BYA. Det er også per i dag relativt arealkrevjande næringer som er etablert i området, og dei føreliggjande planane som er har også ein slik profil. Ved å legge til grunn ein lågare utnyttingsgrad kan ein forvente om lag 50 dekar nytt næringsareal totalt i planområdet, i form av næringsareal som ikkje er i bruk i dag.


Dersom ein legg til grunn V713 si utrekning basert på biltur-produksjon per 100 m<sup>2</sup> gir dette om lag ein ÅDT på om lag 1750 meir enn det som er i dagens situasjon. Det er forhold med planområdet som gir grunnlag til å forvente ein høg biltur-produksjon, då det truleg vil vera ein del småverksemdar (under 50 tilsette) og fordi planområdet ligg lengre frå sentrums-/bustadområde. Likevel gir denne utrekninga tal som me vurderer til å vera er overdimensjonert i høve ÅDT. Dagens situasjon, med relativt store næringsområde som er i bruk, og ein ÅDT på 100 indikerer også at dette er sterkt overdimensjonert. Eit grovt estimat anslår at det per i dag er like i underkant av 80 daa næringsareal som er i bruk på Serklau. Dette inkluderer området ytst på Serklauholmen, som ikkje er del av planområdet. Grovt sett er det dermed like store areal som er i bruk i dag, som *nye* næringsareal. Ut frå dette legg me til grunn ei dobling i ÅDT samanlikna med dagens situasjon, dvs. ein ÅDT på 100.

#### Trafikk med lastebil

Den planlagde drifta innanfor deler av planområdet vil medføre eit relativt stort behov for tungtransport i form av betong. Det er estimert at det vil vera behov for om lag 3,5 leveransar med betongbil per arbeidsdag i gjennomsnitt. Dette er basert på ein produksjon av 10 betongflåtar produsert per år frå 2027. Denne transporten vil skje i bolkar, og trafikkmengda vil såleis variere gjennom vekene og året. I tillegg er det estimert ein bil per dag i godstransport for drifta til Scale AQ. Det er vanskeleg å estimere trafikk fram i tid med lastebil, då dette i stor grad kjem an på type næring som vil etablere seg i området. På bakgrunn av dette er andelen lange køyretøy vidareført i estimatet under.

Totalt sett for planområdet er det estimert at andelen lange køyretøy vil halde seg stabilt på 10 %. Dette er basert på at området er i bruk til næring i dag, og det er ikkje kjent at næringsverksemd som kjem i framtida vil ha eit anna behov enn det som er i dagens situasjon.


|                                                  | Serklauvegen<br>nord | Serklauvegen<br>sør | Mostravegen frå<br>Moster sentrum<br>til Mosterhamn | Mostravegen<br>gjennom Moster<br>sentrum |
|--------------------------------------------------|----------------------|---------------------|-----------------------------------------------------|------------------------------------------|
| <b>Dagens situasjon,<br/>ÅDT</b>                 | 100<br>(2019)        | 300<br>(2019)       | 1000<br>(2023)                                      | 2000<br>(2023)                           |
| <b>ÅDT, andel lange<br/>køyretøy</b>             | 10 %<br>(2019)       | 10 %<br>(2019)      | 5 %<br>(2023)                                       | 10 %                                     |
| <b>Tal lange køyretøy</b>                        | 10                   | 30                  | 50                                                  | 200                                      |
| <b>Prognose 2% årleg<br/>vekst, ÅDT 2040</b>     | 152                  | 454                 | 1400                                                | 2800                                     |
| <b>Estimert tal lange<br/>køyretøy 2040</b>      | 15                   | 45                  | 70                                                  | 280                                      |
| <b>Situasjon ved fullt<br/>utbygd plan - ÅDT</b> | 252                  | 545                 | 1500                                                | 2900                                     |



Figur 75 Oversiktskart som viser dei ulike delstrekk vist til i tabellen over.

#### Vurdering – fortau i planområdet

I forslag til ny vegnorm for Bømlo kommune står det at tilkomstveg til næring og industriområde skal dimensjonerast som Samleveg2, med fortau og dimensjonerande fart 50 km/t eller lågare. Tilkomsveg med trafikk til næringsområde skal dimensjonerast for modul-vogntog.



Figur 76 Tverrprofilskisse tilkomstveg S2; Kjelde; utkast til ny vegnorm Bømlo kommune

Planframlegget legg til rette for fortau frå avkøyrsla til Mostravegen, og opp til den nordlege delen av næringsområde NÆ1. Det er gjennomført geoteknisk vurdering av planområdet, og undersøkingane viste at det ikkje kan dokumenterast at eksisterande fylling ut til Serklauholmen ligg på trygg grunn. På bakgrunn av dette er det valt å ikkje vidareføre fortauet heilt ut til Serklauholmen. Det er vurdert at denne løysinga er tilfredsstillande på bakgrunn av at ein har dekkja dei fleste næringsområda i planframlegget med fortau, samstundes som at tilkomstvegen er oversikteleg, også på det siste strekket ut til Serklauholmen. Også dette området vil i all hovudsak vera bilbasert, og det er såleis lite truleg at det vert mykje trafikk av mjuke trafikantar i området. Det er ikkje lagt inn fortau i planen som dekkjer den nordlege delen av Serklauholmen. Basert på desse vurderingane, og ei kost-nytte vurdering er det lagt til rette for at fortauet ikkje vert vidareført over eksisterande fylling ut til Serklauholmen. Dette er vurdert til å medføre ein noko negativ konsekvens for trafikktryggleik for mjuke trafikantar i området samanlikna med ein situasjon med fortau heile vegen. Samanlikna med dagens situasjon, utan fortau i området, medfører planframlegget ei forbetring av trafikktryggleiken i planområdet.

#### Vurdering kollektivtilbod

Det er ikkje kollektivtilbod heilt ut til næringsområdet på Serklau, men planframlegget regulerer inn fortau frå krysset ved Mostravegen og gjennom det meste av planområdet. Det vil såleis vera grei tilkomst til kollektivtilbod. Skyss har busstilbod mellom Mosterhamn og Gassasundet, med 10 avgangar dagleg på kvardagar. Det er flest avgangar på morgon og ettermiddag, slik at det er mogleg å kome seg til og frå arbeid på Serklau ved hjelp av kollektivtrafikk. Det er busstopp som ligg ved gamle Moster kyrkje. Dette busstoppet ligg i overkant av 100 meter frå krysset mellom Serklauvegen og Mostravegen. Total gangavstand frå næringsområda i planområdet bort til busstoppet vert dermed om lag 800 meter. Det er også lagt til rette for busstopp i reguleringsplanen for Notland – Mosterhamn:

*«Det vert etablert 3 stk. tosidige kantstopp på strekninga. Busslomma i sentrum av Moster vert bygd om til kantstopp. I tillegg til dette stoppet, vil det verte bygd kantstopp på andre sida, altså ned mot hamna. Det er også regulert inn kantstopp nede ved Moster gamle kyrkje og ved den gamle Salemsvingen. Ved kyrkja er det allereie bygd eit kantstopp i dag som får bestå, medan vi bygg eit nytt kantstopp mot hamna her også. Kantstoppet ved Salem skal erstatte dagens stopp. Grunnen til at me ønskjer å regulere inn kantstopp kontra busslomme i sentrum er at kantstopp vil vere eit fartsreducerande tiltak og at det berre er plass til busslomme på nordsida av vegen. For å få eit einsarta preg, vil vi gå for fire kantstopp, kontra tre kantstopp og ei busslomme».*

Truleg vil mykje av persontrafikken frå og til næringsområdet på Serklau foregå med bil. Etablering av nytt fortau langs tilkomstvegen kan gjera det meir attraktivt å nytte kollektivtilbod i området. Ved etablert fortau vil det verte trafikkssikker tilkomst frå næringsområdet til busstopp som ligg langs Mostravegen, samt for gåande/syklande frå Dahlanesvegen langs Serklauvegen.


### Vurdering – aukande trafikkmengd gjennom Moster sentrum

All trafikk som skal til næringsområdet på Serklau går gjennom Moster sentrum i dag, og slik vil det også vera framover. Planframlegget vil såleis medføre auka trafikk, både med personbilar og med tungtransport gjennom Moster sentrum.

Fylkesvegen gjennom Moster sentrum er i slutfasen av å bli oppgradert gjennom prosjektet Fv 542 – Notland – Mosterhamn. Føremålet med prosjektet har vore å sikre dei mjuke trafikantane ved å etablere gjennomgåande gang- og sykkelveg frå Notland til Mosterhamn. I tillegg er vegen sin kurvatur utbetra ved enkelte punkt for å unngå farlege situasjonar og dårleg framkomst.

Den utløyssande faktoren for prosjektet har vore at det manglar gjennomgåande gang- og sykkelløysning frå Notland til Mosterhamn. I tillegg har dagens kurvatur fleire stader medført farlege situasjonar og dårleg framkome. I juni 2025 er det offisiell vegopning for Notland – Mosterhamn-prosjektet, og med dette prosjektet er det gang- og sykkelveg /fortau langs heile fylkesveg 542 – Mostravegen; fram til Bremnesvegen (også Fv 542), og heilt fram til E-39.

Strekninga er i planen delt inn i 3 «delområde». Del 1 frå Notland til sentrum er vanleg køyreveg med parallellført gang- og sykkelveg, medan del 2 har meir sentrumsprege som sentrum av Moster med tosidig fortau. Del 3 del 3 er ei minimumsløysing med einssidig fortau ned mot hamna, sjå inndeling i figur under.



Figur 77 Inndeling i delområde for strekninga Notland – Mosterhamn; frå planomtalen til reguleringsplan Fv. 542 Notland – Mosterhamn.

Planomtalen skildrar at framcomelegheita vil verte litt betre for strekninga etter at planforslaget er bygd ut. Spesielt i «Salem-svingen» vil framkomeligheita verte betre, og då særleg på vinteren. Sikta vert også betre på grunn av parallellført gang- og sykkelveg, tillegg til at det heller ikkje vil vere mjuke trafikantar i vegbana som må takast omsyn til.

Notland – Mosterhamn-prosjektet betrar trafikktryggleiken til alle trafikantgrupper, og gang- og sykkelveg i samanhengande trasé er særleg gunstig for mjuke trafikantar og born og unge. Tiltaket vil også gje trygg skuleveg. Planomtalen peikar på at sidan fylkesvegen er den naturlege ferdslevegen gjennom området, utbetringa av vegen vil betre tilkomsten i heile området, og føre til at stiar og veger knytt til fylkesvegen vert meir tilgjengelege.

For planframlegget vil ei utbetring av denne strekninga vera svært positivt. Planframlegget vil medføre auke i trafikkmengd, både av personbilar og tungtransport. Utbetringa av fylkesvegen gjennom Moster sentrum vil

verka positivt både med omsyn til framkomelegheit, og med omsyn til trafikktryggleik i området, ved at mjuke trafikantar på denne måten vil sikrast med eige løysing (fortau/GS-veg).

Ei auke i tungtrafikk gjennom Moster sentrum vil i seg sjølv vera ein negativ konsekvens av planframlegget. Tungtrafikken vil medføre meir støy, og meirbelastninga av trafikk gjennom Moster sentrum vil vera merkbar. Fylkesvegnettet er dimensjonert for større køyretøy (funksjonsklasse C – lokale hovudvegar), er forkøyrsvog og har i hovudsak ein høg standard. Det er separate løysingar for mjuke trafikantar heile vegen frå næringsområdet fram til E-39, og kurvatur som har vore problematisk, mellom anna ved bedehuset på Moster, er utbetra i seinare tid. Desse forholda gjer at ein vurderer at reguleringsplanen si meirbelastning for Mostravegen er akseptabel med omsyn til trafikkmengd og trafikktryggleik.

#### 9.1.5 Avbøtande tiltak

Auka trafikk vil normalt gje auka trafikkfare. Trafikkauken vil med planframlegget potensielt kunne bli relativt stor i høve til dagens situasjon, estimert ei dobling. På bakgrunn av dette er det regulert inn nytt fortau langs heile tilkomstvegen fram til næringsområdet, og gjennom det meste av næringsområdet. Det er vurdert at dette vil medføre ein forbetra situasjon i planområdet samanlikna med dagens situasjon. Opparbeiding av nytt fortau er lagt inn som rekkefølgekrav. Utbetring av siktsone i avkøyrsla til Dahlanesvegen er også lagt inn som eit rekkefølgekrav.

#### 9.1.6 Konsekvens og konklusjon

##### **Forholdet til 0-alternativet:**

Planområdet på land overlappar i stor grad med eksisterande reguleringsplan for området (R-45 frå 1987), som viser heile arealet som industri og kaianlegg. Eksisterande plansituasjon opnar såleis for industri på eit vesentleg større areal enn det både alternativ A og alternativ B gjer. Bakgrunnen for oppstart av ny reguleringsplan for Serklau-området er at gjeldande plan manglar føresegner om utnyttingsgrad, byggehøgde og byggegrenser til sjø, og planen stettar såleis ikkje dagens krav. Når det gjeld plansituasjonen er 0-alternativet på bakgrunn av dette i realiteten at det ikkje kan byggast ut meir i området. 0-alternativet vil dermed vera dagens situasjon i planområdet, med dei tiltaka som er etablert i området i dag. Samla vurdering av konsekvens for delområda dersom ein legg til grunn dagens situasjon er såleis ubetydeleg endring/konsekvens.

##### **Forholdet til planframlegget:**

|                                 |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                     |
|---------------------------------|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| <b>Forventa trafikkmengd</b>    | Det er forventa ein auke i trafikk til planområdet når heile planområdet er bygd ut. Herunder vil det verte både auke i småbiltrafikk og tungtrafikk. Det er truleg at ein stor del av næringsområda vil vera knytt til arealintensive næringar.<br>Eit grovt estimat tilseier at trafikken vil doblast når planområdet er fullt utbygd.                                                                                                                                                                                            |
| <b>Vegløysing i planområdet</b> | Regulert vegløysing i planområdet omfattar eksisterande tilkomstveg, og nytt fortau, som strekk seg gjennom det meste av planområdet. Avkøyrsla mellom Serklauvegen og Mostravegen er regulert i reguleringsplanen Fv 542 Notland – Mosterhamn.<br>Sjølv om det er estimert auka trafikkmengd, både av person-biltrafikk og tungtransport som følgje av planframlegget, er det vurdert at etablering av fortau langs tilkomstvegen, og gjennom mesteparten av planområdet vil medføre auka trafikktryggleik i området, totalt sett. |
| <b>Moster sentrum</b>           | Ei auke i tungtrafikk gjennom Moster sentrum vil i seg sjølv vera ein negativ konsekvens av planframlegget. Tungtrafikken vil medføre meir støy og meirbelastninga av trafikk gjennom Moster sentrum vil vera merkbar. Strekninga Notland – Mosterhamn er nyleg oppgradert, og med denne oppgraderinga er det separate løysingar for mjuke trafikantar heilt frå planområdet fram til E-39. Dette forholdet gjer at ein vurderer at planframlegget si meirbelastning for Mostravegen                                                |

|                             |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                              |
|-----------------------------|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
|                             | gjennom Moster sentrum er akseptabel med omsyn til trafikkmengd og trafiksikkerheit.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                         |
| <b>Samla verknad</b>        | Planframlegget medfører auka trafikk på Serklauvegen og på Mostravegen. Regulerte vegar er dimensjonert og i tråd med N100, og det er regulert inn fortau på tilkomstvegen og gjennom det meste av planområdet, noko som er positivt for trafikktryggleiken. Trafikkauken gjennom Moster sentrum er negativ, men vegen er i større grad dimensjonert for meir trafikk med oppgraderinga på strekninga som nyleg er gjennomført. Denne sikrar mellom anna at det er eit tilbod til mjuke trafikantar på heile strekninga frå planområdet heilt fram til E-39. |
| <b>Samla konsekvensgrad</b> | <b>Noko negativ konsekvens</b>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                               |
| <b>Grunngjeving</b>         | Konsekvensgrad er sett til noko negativ med bakgrunn i samla verknad og auka trafikkbelastning.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                              |

#### 9.1.7 Usikkerheit

Det er usikkerheit knytt til dei planlagde tiltaka innanfor planområdet, og allereie gjennomførte utbetringar på strekninga Notland – Mosterhamn. Det som er usikkert er kor stor trafikkmengda vil vera ved eit ferdig utbygd næringsområde. Det er tatt utgangspunkt i nokre estimat, både berekningar for framtidig trafikk ut frå handbok V713 (Trafikkberegninger, 2014), samt estimat frå aktørar innanfor planområdet. Det er likevel areal innanfor planområdet som ein ikkje kjenner til per i dag kva dei skal nyttast til, og planlagd situasjon kan endrast, også for dei områda som er i bruk.

## 10 Konsekvensutgreiing farlei og ferdsel på sjø

Ferdsel på sjø er ikkje eit definert tema i rettleiar M-1941, men metodikk er likevel nytta i vurdering av dette temaet. I dette kapitlet har ein vurdert konsekvensane av 0-alternativet og for planalternativet, for planområdet og for influensområdet.

Planprogrammet gir følgjande for utgreiingstemaet:

*Bileia Spissøysundet – Serklau går inn til Serklau, og inn i planområdet. Farleiaarealet dekkjer òg deler av planområdet. Deler av ankringsområdet Flæet ved Mosterhamn ligg òg innanfor planområdet, sjå figur under. I utgangspunktet vil ein ikkje legge til rette for tiltak som vil vera til hinder for bruk av ankringsområdet Flæet. Det vert viktig å sikre at aktuelle traséar for leidningar ikkje kjem i konflikt med sjøverts ferdsel eller annan bruk av farvatnet. Planframlegget vil truleg medføre auka trafikk på sjøen med grunnlag i fleire aktørar i området, meir aktivitet og kai/djupvasskai her.*

*Planen vil opne for ny kai/djupvasskai og hamneområde i sjø. Areal til kai og hamneområdet i sjø skal synleggjerast i planarbeidet, og fartøy må sikrast tilstrekkeleg manøvreringsareal rundt aktuelle kaianlegg. I dette ligg det også eit behov for areal til lasting, lossing og lagring, samt terminalar for ulike formål.*

*Verknadar av planframlegget for farlei og ferdsel skal utgreiast i konsekvensutgreiinga.*

### 10.1.1 Planalternativet

For dette temaet er det ikkje gjennomført utgreiing for to alternativ. Konsekvensutgreiinga for temaet omtalar berre planalternativet som planframlegget byggjer på. Dette er gjort på bakgrunn av at det er vurdert at det ikkje vil vera store endringar knytt til vurderingar av tilkomst og trafikk for dei to alternativa. Sjølv om alternativ A vil gi plangrunnlag for større område som vert sett av til næringsføremål i planen, vil ikkje dette utgjere ein så stor skilnad i påverknad at det vil gi utslag i ei ulike konsekvensvurdering.

Influensområdet er avgrensa til ei sone på om lag 3 kilometer avstand frå planområdet.

Det er valt å ikkje definere ankringsplassar eller hamneområde (ISPS) sør på Stord/Rubbestadneset som eige delområde med omsyn til at planframlegget ikkje er i direkte arealkonflikt med registreringane og at tilkomst til desse er via farleia i delområde 1. Det er ingen navigasjonsinnretningar knytt til lykt/kvit sektor som planframlegget påverkar direkte, og difor er desse ikkje teke med i vidare vurderingar.


Datagrunnlag og kjelder for vurderingane er følgjande:

- Kjente registreringar i offentleg database, kystdatahuset.no og kystinfo.no

### 10.1.2 Verdivurdering

Ut frå ei vurdering av kjente registreringar innanfor plan- og influensområdet er det avgrensa to delområde for utgreiinga ferdsel på sjø:

- 1) Delområde 1: Bilei Spissøysundet – Serklau med farleiaareal
- 2) Delområde 2: Ankringsområdet Serklau




Figur 78 Definerte delområde for tema farlei og ferdsel.

#### Delområde 1 – Bilei Spissøysundet – Serklau og Stokksund – Nyleia med tilhørende farleiareal

Bileia Spissøysundet – Serklau går inn til Serklau, sjå figuren over, og delområde 1 er bileiene Spissøysundet – Serklau og Stokksund – Nyleia med tilhørende farleiareal.

Det er gjort eit uttrekk av passeringar i løpet av eit år på [www.kystdatahuset.no](http://www.kystdatahuset.no), for å få eit inntrykk av trafikken i området, sjå passeringslinje i figuren under.

I løpet av eitt definert år (1. januar 2023 til 1. januar 2024) var det registrert 1376 passeringar i området. Fartøyet med størst lengde var 411 meter langt, mens 19 meter er største registrerte breidde. Største djuptgåande fartøy er registrert med 7 meter. Hovudvekta av fartøy (1266 passeringar) var under 24 meter, og den viktigaste skipskategorien (752 passeringar) var offshorefartøy og spesialfartøy.



Figur 79 Passeringar i perioden 1. januar 2023 til 1. januar 2024. Planområdet er vist med blå sirkel.


Talet på passeringar til og frå området (sjå raud strek i figuren over) har variert mellom 1218 og 2054 dei siste ni åra, sjå tabell under.

| Årstal | Passeringar |
|--------|-------------|
| 2015   | 1539        |
| 2016   | 1556        |
| 2017   | 2054        |
| 2018   | 1251        |
| 2019   | 1218        |
| 2020   | 1365        |
| 2021   | 1506        |
| 2022   | 1589        |
| 2023   | 1376        |

Bileia Spissøysundet - Serklau går gjennom det registrerte ankringsområdet Serklau. I følge kystdatahuset og AIS data for perioden januar 2023-januar 2024 er det registrert 1376 passeringar mellom planområdet og austover mot Bømlafjorden og Stokksund. Bileia inn til Serklau treff bileia Stokksund – Nyleia i aust, som igjen er kopla på hovudleia Langenuen, som kjem frå sør, og går opp Langenuen aust for Stordøya. Til samanlikning er det i same periode registrert om lag 14 000 passeringar gjennom Stokksund, nordaust for planområdet.

På bakgrunn av talet på passeringar og plassering av bileia i forhold til ankringsområdet er delområdet vurdert til å ha middels verdi.

Farleiareal er eit område med trafikk av eit visst omfang langs farleia, farleia si arealmessige utstrekning. Farlednormalen, Kystverket okt. 2022, er ein instruks for Kystverket si planlegging, prosjektering og vurdering av arealbehov for farleier. Denne viser til at Kystverket skal nytta 500 meter buffer frå farleilinja som eit utgangspunkt for arealbehov til sjøtrafikk. Den faktiske sjøtrafikken og forventa framtidig ferdsel kan i mange tilfelle tilseie eit større eller mindre arealbehov. Inst, i området vest for ankringsområdet er farleiarealet på det breiaste, og er nærare 900 meter frå farleilinja. Farlednormalen viser til at behov for breidde kan vera mindre enn samla 1000 meter dersom; 1) farlei med dimensjonerande fartøy med lengde mindre enn 235 meter, 2) farlei med mindre trafikk, noko som gjer at det er mindre behov for passering og møteplassar, og 3) farlei som først og fremst vert nytta til rutegående passasjertransport etc. Med bakgrunn i skildring av type og mengde ferdsel knytt til delområde 1, breidde på fjorden og andre tiltak/hindringar i sjøområdet er delområde 2 samla vurdert til middels verdi.



#### Delområde 2 – Ankringsområdet Serklau


Ankringsområdet Serklau overlappar så vidt med planområdet i nordvest, sjå figur under.

Kystverket hadde i 2023 ein innspelsrunde knytt til ankringsområde for sjøtransporten. Føremålet med innspelsrunden var å få innspel frå hamner, lokale mynde, sektormynde og interesseorganisasjonar på tilhøve som kan ha betydning for ivaretaking av desse ankringsområda. Ankringsområdet Serklau er registrert med forventa maks storleik på om lag 100 meter, og området er klassifisert som kategori 3. Klassifiseringsskalaen har følgjande tre kategoriar, der verdi 1 er viktigast:

- 1 Mye brukte ankringsområder ved anløp av nasjonalt viktige havner, store industri og cruisehavner.
- 2 Jevnlig brukte ankringsområder ved anløp av regionale havner og andre viktige trafikk-, industri- og fiskerihavner.
- 3 Strategisk viktige ankringsområder langs hovedleder og bileder, og for anløp av lokale havner.


Det er registrert totalt 55 ankringar i ankringsområdet i perioden frå 1. januar 2015 til 1. januar 2024. Det var fleire ankringar i åra 2015-2017 enn i åra etter, sjå figur under.

|                                                                                      |                                                                                                  |
|--------------------------------------------------------------------------------------|--------------------------------------------------------------------------------------------------|
|  |                                                                                                  |
| <b>KYSTVERKET</b>                                                                    |                                                                                                  |
| Ankringsområder for sjøtransporten                                                   |                                                                                                  |
| Ankringid                                                                            | 4028                                                                                             |
| Ankringsområde navn                                                                  | Serklau                                                                                          |
| Fullt navn                                                                           | Serklau                                                                                          |
| Hovedkommune                                                                         | Bømlo                                                                                            |
| Forventet maks størrelse                                                             | ca 100 meter lengde                                                                              |
| Dato kvalitetssikret                                                                 | 2022-12-14                                                                                       |
| Dato publisert                                                                       | 2023-07-28                                                                                       |
| Dato første registrering                                                             | 2000-09-08                                                                                       |
| Ankerklassifisering                                                                  | 3. Strategisk viktige ankringsområder langs hovedleder og bileder, og for anløp av lokale havner |



Figur 80 Tal på ankringer innanfor ankringsområdet «Serklau» i perioden 2015 til 2023. Kjelde: [www.kystdatahuset.no](http://www.kystdatahuset.no)


I figuren under er det vist skipstype og lengdegruppe for dei 55 ankringane som er registrert innanfor ankringsområdet dei siste ni åra. Ei ankring er definert som eit opphald innan området på meir enn 2 t med hastigheit på  $\leq 3$  knop.



Figur 81 Ankringer etter skipstype og tal på ankringer etter lengdegruppe for ankringsområdet Serklau. Kjelde: [www.kystdatahuset.no](http://www.kystdatahuset.no)

På bakgrunn av verdivurderinga på ankringsområdet, og statistikken som viser bruk av området er ankringsområdet Serklau vurdert til å ha «middels» verdi.





Figur 82 Definerte delområde for farlei og ferdsel kring planområdet. Begge delområda er vurdert til å ha middels verdi.

### 10.1.3 Verknad av tiltaka

Farlednormalen, Kystverket okt. 2022, viser til at: *Kystverket skal bidra til sikkerhet og fremkommelighet på sjøen. For at den alminnelige ferdselen skal kunne seile trygt og effektivt, er det avgjørende at fartøyene får tilstrekkelig areal, dybde og høyde til sikker manøvrering. Det overordnede målet er å legge til rette for sikker, miljøvennlig og effektiv ferdsel i farleder og i norske havområder, og å hindre eller begrense miljøskade som følge av akutt forurensning i norske havområder eller på norsk territorium. Kystverket har også en nullvisjon for sjøulykker som sier at det ikke skal forekomme ulykker som fører til tap av liv, alvorlig personskade eller forurensning.*

Av viktige verknader for tema farlei og ferdsel medfører planframlegget arealbeslag knytt til kaianlegg og av fortøyingar til sjøbotn/land. Dette kan ha potensielt innverknad på sikker manøvrering, tryggleik med omsyn til ulykker og forureining. Planen vil ikkje endre dagens farleier eller bruk av desse i området. Det er vurdert at verknaden av planframlegget er lik for alternativ A og alternativ B.

#### 1) Delområde 1: Bilei Spissøysundet – Serklau med farleiareal

Planframlegget er ikkje i direkte konflikt med farleia, delområde 1. Det er ikkje planlagd nye tiltak som ligg nærare farleia enn dagens situasjon, og det vil vera like god plass for manøvrering inn langs farleia som i dagens situasjon. Ein del av trafikken i området går i dag på sørsida av Trollholmen, sjå Figur 79. Planframlegget vil ikkje medføre endringar i området som gjer at denne passasjen ikkje kan brukast også i framtida.

Risiko for ulykke som følgje av reguleringsplanen er vurdert til å vera uendra.

Planframlegget regulerer dagens bruk av området med opplagsområde i sjø både på austsida av planområdet, der det ligg nyproduserte merdar, og på vestsida av planområdet, der det ligg merdar i opplag i påvente av annan bruk. I ein transportsituasjon, der både nye og brukte merdar skal fraktast til og/eller frå planområdet vil denne transporten kunne koma i konflikt med annan bruk av farleia eller farleiarealet. Det er likevel ikkje vurdert at dette er ein hyppig eller alvorleg interessekonflikt.

Delområde 1 er samla vurdert til å ha ubetydeleg verknad med utgangspunkt i at planframlegget i liten grad medfører påverknad på delområdet.



## 2) Delområde 2: Ankringsområdet Serklau

Planframlegget er ikkje i direkte konflikt med ankringsområdet Serklau. Ankringsområdet overlappar så vidt med planområdet i nord, men det er ikkje planlagt nye tiltak i dette området, og det er såleis ikkje kjent at planframlegget vil vera i konflikt med delområdet. På same måte som for delområde 1 kan det, i ein transportsituasjon, der både nye og brukte merdar skal fraktast til og/eller frå planområdet vera ein interessekonflikt mellom bruk av ankringsområdet til oppankring, og bruk av farleia til transport og ferdsel, men det er ikkje vurdert at dette er ein hyppig eller alvorleg interessekonflikt.

Delområde 2 er samla vurdert til å ha ubetydeleg verknad med utgangspunkt i at planframlegget i liten grad medfører påverknad på delområdet.




### 10.1.4 Avbøtande tiltak

Då det ikkje er avdekka konflikt mellom planframlegget og delområda er det heller ikkje behov for avbøtande tiltak i reguleringsplanen.

### 10.1.5 Konsekvens og konklusjon

Samla konsekvens for delområde 1-2 gir følgande:



Figur 83 Konsekvensvifte der delområda er plassert ut frå vurdering av verdi og påverknad i tidlegare kapitel.

#### Forholdet til 0-alternativet:

Samla vurdering av konsekvens for delområda ut frå både plansituasjon og dagens situasjon er ubetydeleg konsekvens (0).

#### Forholdet til planalternativa:

| Delområde                             | Konsekvens Alternativ A og B                                                                                  |
|---------------------------------------|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| Delområde 1                           | Ubetydeleg endring                                                                                            |
| Delområde 2                           | Ubetydeleg endring                                                                                            |
| Samla vurdering                       | Ubetydeleg endring                                                                                            |
| Grunngjeving for samla konsekvensgrad | Begge delområda har same konsekvensgrad, og den samla konsekvensgraden vert dermed også «ubetydeleg endring». |

#### 10.1.6 Usikkerheit

Det er liten usikkerheit knytt til dei planlagde tiltaka innanfor planområdet. Delområda for farlei og ferdsel er basert på informasjon frå offentlege databasar, og det kan vera moment som ikkje er fanga opp, og som vil kunne virka inn på avgrensing av delområde og verdisetting av desse.

## 11 Konsekvensutgreiing næringsutvikling

Planprogrammet gir følgjande for utgreiingstemaet:

*Det er eit stort behov for sjøtilknytt næringsareal i Bømlo kommune. Rapporten Grøn region Sunnhordland frå Vestland fylkeskommune frå 2021 peikar på tilgang på næringsareal som ein av utfordringane for næringslivet i Sunnhordland. Tilrettelegging for nye sjøtilknytte næringsareal på Serklau vil såleis bidra positivt til å vidareutvikla og sikre grøn næringsutvikling i kommunen og regionen.*

*Serklau er i bruk i dag som industriområde, og det er fleire aktørar som allereie er veletablert i området. Det er fleire aktørar som er interessert i å etablera seg i området, men som pga. eldre planverk ikkje kjem i gang med prosjekta sine. Planen vil opne for næringsareal utover det som er tilgjengeleg i dag, samt område for kai/djupvasskai. Næringsareala vil kunne medverke positivt med fleire lokale arbeidsplassar på Moster, og i kommunen generelt.*

### 11.1.1 Alternativ A, alternativ B og nullalternativet

Alternativ B legg til rette for vidareutvikling av næringsverksemda som er i den austre delen av planområdet i dag. Det er opna for næringsareal heilt bort til plangrensa i aust. På denne måten er det planmessig lagt til rette for at næringsområdet på Serklau kan utviklast og utvidast ytterlegare mot aust, ved å regulere Prestnes, som ligg inne i gjeldande kommuneplan som næringsareal.

Alternativ A legg i tillegg til dette til rette for næringsareal i den vestre delen av planområdet, der det ikkje er etablerte tiltak i dag. Dette området kan etablerast med kaifront, og næringsareal i bakkant. På grunn av kaiareal vil dette alternativet ikkje kunna kombinerast med opplagsområde i sjø i den vestre delen av planområdet.

I utgreiinga om næringsutvikling er det likevel ikkje skilt på dei to alternativa. Dette på bakgrunn av at det er vanskeleg å skildre detaljert korleis skilnaden vil vera på dei to alternativa med omsyn til verknader. Dette utanom den overordna skilnaden at alternativ A, som opnar for meir næringsareal enn alternativ B, potensielt vil kunne medføre større positive konsekvensar med omsyn til næringsutvikling.

### 11.1.2 Bakgrunn


Det er eit stort behov for sjøtilknytt næringsareal i Bømlo kommune og i Sunnhordlandsregionen. Rapporten Grøn region Sunnhordland frå Vestland fylkeskommune frå 2021 peikar på tilgang på næringsareal som ein av utfordringane for næringslivet i Sunnhordland.

Rapporten Grøn region Sunnhordland i frå 2021 er ein del av Grøn Region Vestland. Her går det fram at regionen har høg kompetanse innan olje og gass – som vil vera viktig i omstillinga til grønne industriar. Her vert det tilrådd å:

- Bli den leiande regionen for utvikling av grønne energiløysingar
- Bli verdsleiande innan grøn skipsfart
- Utvikle Norges grønaste verdikjeder i marin næring
- Bli ei ledestjerne innan omstilling av verftsindustrien
- Vera eitt synleg og attraktivt Sunnhordland – ein verdsleiande region innan grøn omstilling

Rapporten gir at Sunnhordland allereie har store utbygde næringsareal, der ei utfordring er å leggje til rette ytterlegare næringsareal. Dette gjeld spesielt areal med direkte tilkomst til sjø, med djupvasskaier for store skip. Kommunale reguleringar og tilretteleggingsprosessar vert trekt fram som ei viktig barriere for hurtige utvidingar av næringsareal, der òg infrastruktur er trekt fram som sentralt ved bygging og drift.

## Havnæringene og leverandørindustrien driver verdiskapingen i Sunnhordland



### Sunnhordland

|                              |              |
|------------------------------|--------------|
| Verdiskaping (privat sektor) | 2019         |
|                              | 20,9 mrd NOK |
| Sysselsatte (privat sektor)  | 2019         |
|                              | 26 452       |

Figuren til venstre viser hvor i Sunnhordland den største verdiskapingen skjer. Verdiskapingen i Sunnhordland er forholdsvis spredt, men områdene med mest verdiskaping er knyttet til havnæringar på Bømlo, Austevoll og Stord.

Sunnhordland har høyest verdiskaping innen marin næring, med innslag av både akvakultur og fiskeri, samt foredling. I 2019 sysselsatte sektoren 2 434 personer og hadde en verdiskaping på 4,6 mrd NOK.


I tillegg til marin næring er det i Sunnhordland stor verdiskaping knyttet til sektorene olje og gass, tjenesteyting og maritim. Kombinert hadde sektorene en verdiskaping på 8,2 mrd NOK og sysselsatte rundt 11 500 personer i 2019. Alle disse sektorene er knyttet til utstøys- og tjenesteleveranser innen flere havnæringar.



Figur 84 Utsnitt frå rapporten Rapporten Grøn region Sunnhordland i frå 2021

Næringsområdet på Serklau vert i dag dels nytta av verksemdar som er tilknytt marine næringar, og då særskilt akvakulturnæringa. Det er ikkje etablerte akvakulturanlegg i området, men Scale AQ driv med produksjon av merdar til havbruksnæringa, og ønskjer å vidareutvikle dette konseptet på det utvida næringsområdet på Serklau. I tillegg har Bremnes Seashore har landbase for arbeidsbåtar med meir i området i dag.

Kartfesting av eksisterande næringsareal til sjø og analyse av regionalt viktige næringsområde ved sjø vart gjort i tilknytning til Interkommunal strandsonenplan for Sunnhordland. Dei regionalt viktige næringsområda ved sjø vart i dette arbeidet peika ut på grunnlag av eit sett utvalskriterier, mellom anna god tilkomst frå sjøsida, god tilknytning til hovudfarlei, og romsleg kaiareal med djupvasskai. Dei skulle ha kort tilkomst frå hovudvegnettet og hovudleia langs kysten. Områda skulle dessutan ha ei viss «tyngd», det vil seie næringsområde som var store i areal, med eit høgt tal på arbeidsplassar, høg verdiskaping, eller ein næringstype som er spesielt viktig for regionen. Som kartet i Figur 85 viser, vart Serklau definert som eit regionalt viktig næringsområde, definert som kai med anløp av skip i internasjonal trafikk (ISPS -godkjend).



Figur 85 Regionalt viktige næringsområde ved sjø, kartfesta i samband med arbeidet med interkommunal strandsoneplan for Sunnhordland.

Karmsund hamn har ein industri kai på Serklau som har vore sertifisert som ISPS-hamn, fram til 2020. Serklau mista ISPS-sertifiseringa på grunn av få anløp. Kaien er skildra på følgjande måte på Karmsund hamn si nettside:

*«I sjøfartsbygda ved Bømlafjorden har Karmsund Hamn en industri kai for skip i innenriks trafikk (fortrinnsvis skip utan ISPS sertifikat). Kaien har en lengde på 40 meter, men har i tillegg tilgjengelige pullerter på land, slik at skip på rundt 100 meter kan anløpe sikkert. Havneanlegget er ikkje ISPS sertifisert, og kan derfor kun håndtere fartøy med fartssertifikat for høyst «liten kystfart», samt oppdrett- og fiskerirelaterte skip som ikkje er omfattet av SOLAS. Det kan likevel åpnes opp for sporadiske ISPS anløp etter nærmere avtale. Ved behov vil anlegget kunne åpnes permanent for ISPS-fartøy.*

*Industriområdet rundt Serklau inneholder mange store aktører innenfor fiskerirelatert virksomhet. Serklau er et godt alternativ for transport av gods og materiell til og frå disse aktørene. Det er også god muligheter på Serklau til å leie lagerområder av private aktører i direkte tilknytning til havneanlegget».*

### 11.1.3 Konsekvens

Planframlegget opnar for ei vidareutvikling og utviding av næringsområda på Serklau, i tillegg til at gjeldande plan vert oppdatert. Planframlegget vil på kort og lang sikt legge til rette for sjønære areal med ei god samlokalisering av ulike næringsaktivitetar. Arealet ligg også til bilei i Stokksundet, med dagleg skipstrafikk.

Scale AQ har konkrete planar om utviding av si verksemd på Serklau, innanfor regulert næringsområde NÆ2. Det er planlagd etablering av dokkområde i den søraustlege delen av planområdet, for å produsere flåtar til oppdrettsverksemd. Verksemda ser for seg at denne planlagde flåteproduksjonen åleine vil kunne gi opp mot 50 nye arbeidsplassar i området. Dette estimatet er basert på ein produksjon på ti flåtar i året.

Utvikling og utviding av næringsområda med tilhøyrande vegtilkomst utløyser tilgang på utbyggingsareal, også areal med direkte sjøtilkomst. Det vil vera gode høve for nyetableringar i området, i tillegg til ei naturleg utvikling for dei allereie etablerte aktørane i området. Planframlegget vil gi positive verknadar ved at det gir føreseieleg arealbruk for næringsaktørar som er villige til å satse og investere på staden i eit lengre perspektiv.

Næringsareala som det vert lagt til rette for vil kunne medverke positivt til fleire arbeidsplassar i kommunen og i regionen. Tilrettelegging for nye sjøtilknytte næringsareal på Serklau vil såleis bidra positivt til å vidareutvikla og sikre næringsutvikling i kommunen og regionen. Det er utfordrande å estimere tal arbeidsplassar då det ikkje er kjent kva type verksemdar som vil etablere seg i området. Ut frå området sin karakter er det grunn til å tru at det i stor grad vil verta etablert arealkrevjande verksemdar, heller enn arbeidsplassintensive verksemdar i området.

### 11.1.4 Konklusjon

Planen har følgjande positive verknadar for næringsutvikling:

- Tilgang til sjø og kaiareal
- Tilgang til eigna område for arealkrevjande næring.
- Sentral plassering for sjøverts transport
- Utviklingshøve for etablerte verksemdar i området
- Potensiale for nye arbeidsplassar
- Tilgang til ein fleksibel plan som ikkje er låst til konkrete aktørar. Store areal som vil kunne gi arealreservar over lang tid
- Høge investeringskostnader, men potensielt store inntekter for kommunen på lang sikt

| Vurdering av samla konsekvens | Samla konsekvensgrad | Stor positiv konsekvens                                                                                                                                                                                  |
|-------------------------------|----------------------|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
|                               | Grunngjeving         | Planframlegget vil i all hovudsak ha positive konsekvensar for næringsutvikling i kommunen og i regionen. Samla for tema næringsutvikling er reguleringsplanen vurdert til å ha stor positiv konsekvens. |

## 12 Oppsummering konsekvensutgreiing

Planframlegget er ei detaljregulering med konsekvensutgreiing (KU) for land og sjøområde på Serklau i Bømlo kommune. Hovudmålet med planen er å legge til rette utvikling og utviding av næringsareal i området. Det er gjennomført konsekvensutgreiing for fleire tema, og for to ulike alternativ. Konsekvensane ved dei to alternativa, A og B, er gjengitt i tabellen under. For detaljar kring dei ulike konsekvensutgreiingstema, og vurderingane som ligg til grunn for resultatet, sjå kvart delkapittel.

| KU-tema                           | Alternativ A – konsekvens     | Alternativ B – konsekvens |
|-----------------------------------|-------------------------------|---------------------------|
| Landskap                          | Middels negativ (--)          | Noko negativ (-)          |
| Kulturminne og kulturmiljø        | Middels negativ (--)          | Noko negativ (-)          |
| Marint naturmangfald og vassmiljø | Middels negativ (--)          |                           |
| Marine naturressursar             | Ubetydeleg konsekvens         |                           |
| Naturmangfald på land             | Stor negativ (---)            | Middels negativ (--)      |
| Friluftsliv                       | Noko negativ (-)              |                           |
| Naturressursar                    | Noko negativ (-)              |                           |
| Tilkomst og trafikk               | Noko negativ (-)              |                           |
| Farlei og ferdsel på sjø          | Ubetydeleg konsekvens         |                           |
| Næringsutvikling                  | Stor positiv konsekvens (+++) |                           |

For tema «marine naturressursar» og «farlei og ferdsel på sjø» viser konsekvensutgreiinga «ubetydeleg konsekvens», likt for begge alternativa. For temaa «friluftsliv», «naturressursar» og «tilkomst og trafikk» er konsekvensen vurdert til «noko negativ», likt for begge alternativ.

Dei temaa som medfører størst negativ konsekvens er landskap, kulturminne og kulturmiljø (for begge temaa er det middels negativ konsekvens for alternativ A og noko negativ konsekvens for alternativ B), marint naturmangfald og vassmiljø (middels negativ for begge alternativ), og naturmangfald på land (stor negativ konsekvens for alternativ A og middels negativ konsekvens for alternativ B).

Det har vore aktivitet på næringsområdet på Serklau i fleire tiår. Det har vore ei gradvis nedbygging av natur i området, både på land og i sjø, og området er allereie relativt sterkt påverka av denne aktiviteten, med omsyn til fleire av utgreiingstema. Området er allereie påverka både med omsyn til verknader for naturmangfald på land og i sjø, vassmiljø, naturressursar, landskap, kulturmiljø og trafikk. Påverknaden på dei ulike temaa vil generelt sett auke som følgje av nye planlagde tiltak i området. Utvidinga av næringsområdet medfører inngrep i fleire registrerte naturtypar, dels med høg verdi, og natur og strandsone, samt medføre dels store landskapsverknader med mellom anna høge skjeringar og utfylling i sjø, som også påverkar nærliggande kulturmiljø og strandsoneverdiar, og auka aktivitet som vil påverke både naturmangfald og attraktiviteten for utøving av friluftsliv i nærområda.

Når det gjeld næringsliv og sysselsetting legg planframlegget til rette for nye sjønære areal med ei god samlokalisering av ulike næringsaktivitetar. Utvikling og utviding av næringsområda med tilhøyrande vegtilkomst utløyser tilgang på utbyggingsareal, også areal med direkte sjøtilkomst. Planframlegget vil gi positive verknadar ved at det gir føreseieleg arealbruk for næringsaktørar som er villige til å satse og investere på staden i eit lengre perspektiv, og vil kunne medverke positivt med omsyn til fleire arbeidsplassar i kommunen.

Vidare utviding av næringsområdet vil medføre auka aktivitet, og auka arealbeslag i området. Det er mange registreringar i området, og dei negative konsekvensane ved utvidinga er dels store for nokre tema. Begge alternativa vil medføre vesentleg auka belastning i området, men konsekvensane er klart meir negative ved alternativ A enn ved alternativ B.

I prosessen fram til planframlegget har ein vurdert ulike plasseringar av tiltak og utforming (høgde/volum), samt omfang av kai- og næringsareal. På bakgrunn av mellom anna resultata frå konsekvensutgreiinga er det vald å gå vidare med alternativ B, som ikkje legg til rette for næringsføremål i den vestlege delen av planområdet. Alternativ B har mindre alvorleg konsekvensgrad for tema landskap, kulturminne og kulturmiljø, og for tema naturmangfald på land enn alternativ A. Begge alternativa er vurdert å medføre stor positiv konsekvens for næringsliv.

Planalternativet, alternativ B, har likevel ein del negative konsekvensar. For å avgrense dei negative konsekvensane er det lagt inn avbøtande tiltak i plankartet og føresegnene, men det er ein god del forhold som det er ikkje råd å avbøte om ein skal nå hovudmålet med planarbeidet. Dei positive konsekvensane for næringsutvikling ved planframlegget må vegast opp mot desse negative konsekvensane.